

Årbok

F O R S Y K K Y L V E N 2 0 2 1



Februar

Mandag

Tirsdag

Onsdag

Torsdag

Fredag

Lørdag

Søndag

6

13

20

27

7

14

21

28

1

8

15

22

29

2

9

16

23

30

3

10

17

24

31

4

11

18

25

5

12

19

26

Sykkylven Sogenemnd

Innhald

Hallvor Brunstad: "Vor Chris grov sig frem igjen".	Side 3
Kjell Løseth: Strikkekunstnaren frå Ramstaddal.	Side 14
Eldar Høidal: Verdas mest kjende kvilestol.	Side 17
Terje Utgård: Kamp for livet i Nordsjøen.	Side 25
Første Sykkylvsbladet 75 år.	Side 29
Bent Tandstad: Ei trekanthistorie frå rundt 1960.	Side 30
Straumsheimnausta.	Side 31
Kjetil Tandstad: Ein skogens fotograf.	Side 35
Anne Merete Lade: Augeblikket.	Side 40
Kjetil Tandstad: Gildehallen og Fimbulvinteren.	Side 42
Geir S. Tandstad: Språk og slikt.	Side 49
Monica Aure Fallingen: Biletkavalkade 2020.	Side 50
Nils Einar Rye: Der draumar vart til.	Side 52
Per Svein Tandstad: Baugeid Dagsdotter.	Side 55
Kjell Ole Løseth: Det våte element i Ramstaddal og eit "minnedikt" om Pebakk-hølen.	Side 61
Kjetil Tandstad: Det ryk framleis av torva.	Side 62
Jostein Fet: Utmark- og innmarksnamn på Fet.	Side 66
Eldar Tandstad: Søndagsskuleborn ca 1958.	Side 73
Marit Bratli og Liv Marie Lillevik: 100 år med korps i Sykkylven.	Side 74
Støtteannonsar.	Side 79
Roald Solheim: Nei, vi bomba ikkje Libya.	Side 80

Sogenemnda 2021

Eldar Høidal (leiar), Edel Pernille Ystenes (nestleiar), Eldrid Suorza, Stein Arne Fauske, Thor Willy Strømme, Heidi Heggem og Hans Marius Strømmegjerde.

Årbokredaksjonen 2021

Kjetil Tandstad (redaktør), Eldar Høidal, Thor Willy Strømme, Eldrid Suorza, Kjell Ole Løseth, Edel Pernille Ystenes.

Årbok for Sykkylven tek imot bidrag heile året og vil gjerne ha kontakt med fleire som kan skrive. Vi er interesserte ikkje berre i historisk stoff, men også skjønnlitterære bidrag, aktuelle kommentarar og biletkunst. Ta kontakt med redaktør Kjetil Tandstad (telefon 90 20 12 31, e-post kjetil.tandstad@online.no) eller andre i redaksjonen.

Utgjevar: Sykkylven sogenemnd.
Utforming/Produksjon: Eldar Tandstad
Prent: Hatlehols Grafiske AS

ISBN 978-82-92269-29-9
ISSN 0804-2225

Forside: Reidar Netland.
Eit tre som Reidar Netland har brukt som motiv i årevis.
Ei bitande kald vinternatt med ring rundt månen gav dette bildet.

Frå Vik til Vestfronten:

«Vor Chris grov sig frem igjen»

Av Hallvor Brunstad

Det er 3. oktober 1918. Ein sykkylving kjempar på slagmarka i Frankrike nær Sommepy. Han er ein god soldat, både dekorert og forfremma. Den amerikanske uniforma er fleire stader farga av den kalkhaldige jorda han kastar seg ned på så mange gonger i dag.

Det luktar både smie og kyrkjegard.

Plutseleg kjem ein enorm støyt, og lufta blir eit kaos av røyk, jord, småstein og torv. Uniforma blir stygt flerra av trykket. Varme splintar skjer gjennom den unge kroppen, som straks blir kasta mot bakken. Tidenda om dødsfallet når Lånagarden på Vik, der foreldre og søsken straks blir råka av stor sorg.

Frå Lånagarden

Kristen Nikolai Johan Petersen Vik vart fødd på Lånagarden på Vik den 10. oktober 1892.¹ Han var son til Ane Jensdatter Brunstad (1868-1939) og Peter Kristensen Vik (1851-1936). I folketeljinga frå 1910 finn vi han framleis buande heime på garden, og yrket er oppgitt som «tjenestegut»², noko som var normalt for bondesøner. Dette året var han ein av 2420³ innbyggjarar i Sykkylven.

25. januar 1911 var den 18 år gamle Kristen i Ålesund. Han viste fram eit militært vernepliktskort som legitimasjon og kjøpte billett til New York på eit skip tilhøyrande Hvide Stjerne Linien (White Star Line). Han betalte kontant.⁴ I kald, sur vind, og til lukta av salt sjø, tok han plass på skipet saman med ei blanda gruppe menn, kvinner og born



Hallvor Brunstad

fødd 1976, er frå Velledalen og utdanna cand.philol. ved Universitetet i Bergen med hovudfag i historie. Han har vore busett i Kristiansand sidan 2001. Til dagleg er han lektor ved Vennesla vidaregåande skule. Særlege interesser er politisk idéhistorie og krigshistorie.

Stova på Lånagarden. Bygninga vart flytta i 1965 i samband med bygginga av Brunstad-fabriken, og står no i tunet til Sunnmøre Museum Ålesund / Viti. (Biletet er publisert med løyve frå Viti.)



Chris Wicks i amerikansk uniform. Under medaljebanda har han det beste kvalifikasjonsmerket i skyting med rifle - "expert rifleman". (Foto: privat.)


Kristen tok RMS Adriatic frå Southampton til New York. Skipet var eitt av verdas største, raskaste og mest luksuriøse passasjerskip då det vart ferdig i 1906, og hadde både symjebasseng og tyrkisk bad om bord. Her er skipet avbilda frå sjøsettinga i Belfast. (Wikimedia Commons.)

med tunge kister. Kanskje visste han at det skulle ta mange år før han fekk sjå Noreg på nytt. Turen gjekk via Southampton, og Atlanterhavet vart kryssa med skipet RMS *Adriatic*. Kristen var blitt lova skogsarbeid av onkelen Lars Strømme i Hoquiam, Washington.⁵

USA

Landet han utvandra til hadde hatt ein kraftig industriell og økonomisk vekst dei siste tiåra av 1800-talet, men det var store økonomiske skilnader, og veksten kom ikkje alle grupper til gode. Då Kristen kom til USA, var landet verdas største økonomi, og med verdas høgaste brutto nasjonalprodukt per innbyggjar.⁶

Det er ingen tvil om at Kristen bestemte seg for å bli amerikansk. Etter nesten fem år i USA som tømmerhoggar, tok han ut førstepapiret som tilkjennegav intensjonen om å bli amerikansk statsborgar. Han måtte skrive under på at han ikkje var anarkist eller polygamist, og at han ønska å bli amerikansk statsborgar. Han avsvor lojaliteten til Kong Haakon VII, og hadde allereie endra namnet frå Kristen Vik til det amerikansk-klingande Chris Wicks.⁷ Samstundes hadde han mykje kontakt med andre nordmenn gjennom ei hjelpeforeining for norske innvandrarar, Sons of Norway, og lokallaget Gange-Rolv. Han utvikla også eit nært venskap til den utvandra sykkylvingen Ole B. Hatlemark og familien hans.



Krigserklæring

Då Chris hadde skrive under på førstepapiret, hadde verdskrigen allereie vart over eitt år i Europa. Den amerikanske regjeringa erklærte seg først nøytral, men gjekk til krig mot Tyskland den 6. april 1917. Hovudårsaka var den tyske opptrappinga av ubåtkrigen eit par månader tidlegare.⁸

¹ SAT, Ministerialprotokoller, klokkearbøker og fødselsregister - Møre og Romsdal, 523/L0340: Klokkearbok nr. 523C03, 1892-1902, s. 7; SAT, Sunnmøre politikammer, 35/L0005: Emigrantprotokoll 1910-1923, emigrant nr. 10/1911

² Digitalarkivet: Folketelling 1910 for 1528 Sykkylven herred, pf01036763001038. Dei yngre søskena var Nikoline (f. 1896), Hjalmar (f. 1904) og Guri (f. 1907).

³ Tandstad 1962: 252. Dette talet inkluderte ikkje Ramstaddal og Søvikdal, som var ein del av Ørskog kommune til 1955.

⁴ SAT, Sunnmøre politikammer, 35/L0005: Emigrantprotokoll 1910-1923, emigrant nr. 10/1911

⁵ Gjævenes 1957: 268

Den amerikanske hæren var ikkje på langt nær stor nok til å føre ein krig i Europa, for så seint som 1914 hadde USA under 100.000 soldatar. Det var heller ikkje håp om å fylle rekkene med frivillige åleine. USA innførte difor allmenn verneplikt den 18. mai 1917, og alle menn mellom 21 og 30 år måtte registrere seg.⁹

Chris prøvde ikkje å unngå å bli sendt i krigen.¹⁰ Kanskje var han av det fleirtalet som kjende det som ei plikt for det nye heimlandet sitt,¹¹ og kanskje vekte det også harme at norske sjøfolk vart torpederte av tyske ubåtar.

Registreringskortet viser at Chris hadde blå auge, lysebrunt hår, var 182 cm høg og 80 kilo.² Etter samtida var han ein stor og kraftig kar. Gjennomsnittshøgda for amerikanske soldatar på den tida var 174 cm, medan britiske soldatar var nesten 10 cm lågare enn dei amerikanske.¹³

Til Frankrike

Tidleg i august 1917 vart Chris sendt til den nye militærleiren Camp Lewis utanfor Tacoma i Washington. Fire dagar seinare vart han sendt til New York,¹⁴ truleg til Camp Upton. Kring ein månad seinare, den 7. september, segla Chris og resten av 23rd Infantry Regiment frå Hoboken på New Jersey til Frankrike. Dei kom fram til St. Nazaire i Frankrike den 20. september¹⁵ og starta kort tid etter trening på treningsområdet i Bourmont. 23rd Infantry Regiment var ein del av 1st Battalion, Company C av 2nd Division.

Dei amerikanske soldatane trena i eit mest mogeleg realistisk øvingsområde. Dei grov skyttargraver, dreiv med skyttetrening, marsjering, legging av piggråd og dei øvde på å storme fiendtlege skyttargraver og stikke sekkar med bajonettar.¹⁶ I starten av 1918 var det allereie ein million amerikanske soldatar i Frankrike, men ingen av dei hadde teke del i kamphandlingar.¹⁷

Situasjonen på bakken

Etter den tyske framgangen mot Frankrike i starten av krigen, var dei tyske styrkane på vestfronten stort sett på defensiven heilt til 1918. I den siste halvdelen av krigen hadde dei brukt store ressursar på den såkalla Hindenburg-linja, som var eit massivt festningsverk for å stanse allierte offensivar. Den tyske hærleiinga hadde frykta ein krig på to frontar, men når han først var der, visste dei at det var umogeleg med militære offensivar på to frontar samstundes.

På grunn av frustrasjon over masseslakten av menneske og mangelen på militær framgang, hadde tyskarane til og med fremja eit fredsforslag i 1916. Dette vart avvist av dei allierte.¹⁸

⁶ Bolt & van Zanden 2020

⁷ NARA, Superior Court of Pierce County, Washington: Declaration of Intention No. 4275.

⁸ Hart 2013: 450. Både den amerikanske krigserklæringa og tyske reaksjonar på den patosfylde talen til Woodrow Wilson finst til dømes i avisa «The Evening Star» fredag 6. april 1917. Norddeutsche Allge meine Zeitung reagerte sterkt på at Wilson såg på seg sjølv om ein berar av sann fridom, og kom med ein spådom som skulle vise seg å treffe godt: «Vi veit godt kva slags fridom fiendane våre tenker å gi oss. I namnet åt fridom kjem England til å kaste oss svekka tilbake, i namnet åt fridom kjem Frankrike til å ta landområde av tysk blod.» Köln Volkszeitung gjekk like offensivt ut, og anklaga Wilson for å skjule dei eigentlege intensjonane sine for vanlege folk: «Wilson erklærer berre krig for rettane til menneskeheita og dei sivile, men ikkje for rettane til ammunisjonsfabrikkane og Morgan, som fryktar tap av tusenvis av millionar dollar dei har lånt til England.» Her appellerte avisa til den amerikanske venstresida.

⁹ NARA 2019

¹⁰ Sigbjørn Brunstads privatarkiv, nekrolog

¹¹ Lengel 2008: 32

¹² NARA: Draft Registration Card for Chris P. Wicks; NARA, Superior Court of Pierce County, Washington: Declaration of Intention No. 4275



Tyske piggrådsperringar ved Blanc Mont (?) i 1919. Tyskarane laga av og til svake punkt i piggråden med vilje, som dei hadde artilleri innsikta mot. Åsryggen var så viktig for tyskarane at dei sette inn restar av ytterlegare seks divisjonar for å forsvare han under slaget. (Biletet er henta frå NARA og har falle i det fri.)

Men i starten av 1918 såg situasjonen lysare ut for Tyskland enn nokon gong: Russland var ute av krigen, noko som gjorde at tyskarane kunne sende ein million mann til Vestfronten. I vest var britane kraftig desimerte etter slaget ved Passchendale i 1917, og Italianarane leid eit sviande nederlag i Caporetto. Tyske soldatar hadde dessutan høg kampmoral. På alliert side hadde russiske soldatar massedesertert frå fronten, og franske soldatar hadde gjort mytteri i 1917.¹⁹ Tidleg i 1918 var ikkje tyskarane berre numerisk overlegne, men også tryggare på siger enn før. Likevel klarte ikkje industrien å produsere nok militært materiell, først og fremst artilleri.²⁰ I ein krig der dei fleste falne vart drepne av artilleri, var dette ein alvorleg mangel.

Forsyningssituasjonen var stikk motsett på alliert side, der industrien hadde fått høg produksjonstakt for krigsmateriell som tanks, fly og artilleri. Dei kunne ta offensiven viss dei fekk nok amerikanske soldatar.

Under fransk overkommando

Både britar og franskmenn ville at dei ferske amerikanske soldatane skulle bli tekne opp i deira eigne einingar for å få kamperfaring. Den amerikanske øvstkommanderande, John J. Pershing, nekta dette etter instruks frå den amerikanske presidenten Woodrow Wilson. Pershing insisterte på at amerikanarane skulle operere som ein eigen hær, men eit kompromiss var at dei amerikanske divisjonane gjekk inn under fransk overkommando. Pershing fekk det beste han kunne ut av situasjonen, for amerikansk industri hadde enno ikkje klart å omstille seg til å produsere tunge våpen. Dei var difor avhengige av forsyningar av tanks, fly, artilleri og ammunisjon frå sine allierte.²¹

Heile 2nd Division vart samla i februar 1918, og den 13. mars starta overflyttinga til fronten nær Sommedieue, søraust for Verdun.²² Området hadde sett eitt av dei blodigaste slaga i krigen i 1916, men på dette tidspunktet var frontlinja inaktiv og halden av den franske Andre Armé. Chris og dei andre soldatane vart transporterte med lastebilar og måtte vente til det var mørkt før dei kunne marsjere fram til skyttargravene. Det vart etter alt å dømme eit ublidt møte, sidan skyttargravene var våte, kalde, og fulle av gjørme, rotter og lus. Divisjonen var i Toulon-Troyon-sektoren til 13. mai.²³



Amerikanarane var kjærkomne forsterkingar, men ikkje alltid like populære blant franske soldatar. Overivrige amerikanarar hadde ein tendens til å skyte etter alt som røyvde seg på tysk side, og kunne forstyrre den rolege leve-og-la-leve-haldninga som ofte fanst i frontavsnitt utan aktive kamphandlingar.²⁴ Slik kunne dei framprovosere tyske represaliar.

Offiserane sette i større grad pris på den offensive haldninga amerikanarane tok med seg, og såg på det som ein verdi i seg sjølv at soldatane var aktive og aggressive og heldt tyskarane på vakt. Det vart difor organisert både rekognosering mellom frontlinjene og raid mot fiendslege linjer for å ta fangar som kunne avhøyrast. Slik kunne ein også få verdifull informasjon. Rekognoseringa vart gjerne gjennomført av soldatlag på tre mann, som kutta piggrådsperringar og åla seg nesten heilt fram til dei tyske linjene for å skaffe visuell og/eller auditiv informasjon. Chris skal ha leia fleire rekognoseringsoppdrag, og det vert fortalt at han meir enn ein gong var den einaste som kom tilbake til eigne linjer i live.

Amerikanarane erobrar toppen av Blanc Mont. Kunstverk av Capt. George Harding (1918). (Biletet er henta frå Naval History and Heritage Command og har falle i det fri.)

Våroffensiven

Den tyske våroffensiven var i realiteten fleire offensivar på ulike delar av vestfronten. Sidan Russland var ute av krigen, kunne tyskarane sette inn store styrkar frå aust i ein serie åtak på ulike delar av vestfronten frå 21. mars. Dette var eit siste, desperat forsøk på å vinne krigen.

I mai slo den tyske hæren til mot franske og amerikanske styrkar i Champagne-regionen der fekk dei uventa stor framgang, og den 1. juni sto tyskarane berre 65 kilometer frå Paris.

¹³ The United States Centennial Commission 2021; Hatton 2014
¹⁴ Sigbjørn Brunstads privatarkiv, nekrolog
¹⁵ Center of Military History 1988: 25
¹⁶ NARA, Second Division training in third (Bourmont) training area with French second army, July 1917-March 17, 1918: 111.H.1297, Reels 1-3
¹⁷ Howard 2007: 103
¹⁸ Sjå til dømes avisa Arizona Sentinel, 21. desember 1916
¹⁹ Howard 2007: 87-92; Berghahn 2012: 41
²⁰ Cawood & McKinnon-Bell 2001: 127

²¹ Howard 2007: 103
²² Center of Military History 1988: 27
²³ Center of Military History 1988: 29
²⁴ Keene 2006: 138

Spesialbygd tysk artilleri nådde byen, sivile flykta, og regjeringa budde seg på å flykte til Bourdeaux.²⁵ Same dag tok avdelinga til Chris del i det tredje slaget ved Aisne, som hadde rasa sidan 27. mai. På veg mot fronten vart amerikanarane møtt av tusenvis av franske flyktningar, og av såra og stundom fulle franskmenn som hadde plyndra vinkjellarar. Dei ropte «tyskarane kjem» og «krigen er over» til amerikanarane.²⁶

Dei neste fem døgn var amerikanarane i bitre og nesten samanhengande kampar mot tyske styrkar, som prøvde å bryte gjennom. Til slutt gjekk amerikanarane til motåtak, og kampane stilna av.

Frå 8. til 13 juni var avdelinga hans i harde kampar med tyske soldatar ved Belleau-skogen i Château-Thierry-sektoren. Dei okkuperte skogen mellombels og lukkast med å stoppe den tyske framrykkinga mot Paris. Den 10. juli vart avdelinga overflytta til Pas-Fini-sektoren.²⁷

Områda tyskarane hadde erobra under våroffensiven sto som halvsirklar inn i dei allierte linjene. Ein av dei var i den britiske sektoren, og ein annan var i den franske sektoren vest for Reims i aust til Noyon i vest, og sør til Château-Thierry.²⁸

Franske og amerikanske styrkar gjekk til motåtak den 18. juli, og 23rd Infantry Regiment, som Chris tilhørde, frigjorde landsbyane Vauxcastille og Vierzy nær Soissons.²⁹ Tyskarane trekte seg tilbake då dei var i ferd med å bli omringa.

Operasjonen var ein suksess, og den 19. juli hadde dei allierte teke 3000 tyske fangar og 150 artilleristykke i området. Ein ung Adolf Hitler kjempa i det same slaget for eit bayersk regiment.³⁰

Dei neste tre vekene vart divisjonen til Chris plassert i passive sektorar i Marbach og Limey-sektorane i Lorraine, og til slutt i treningsområdet i Columbey-les-Belles.³¹

St. Mihiel

Frå den 12. september tok 2nd Division del i det såkalla St. Mihiel-slaget.³² Amerikanarane og deira franske allierte prøvde å jage tyskarane ut frå området fienden hadde vunne under våroffensiven. Dei var heldige og overraska tyskarane då dei var i ferd med å evakuere. Det amerikanske flygaresset Eddie Rickenbacker var på vengene og observerte slaget frå lufta: «Ein amerikansk armé pressa på frå eit punkt rett sør for Verdun, medan det andre åtaket kom frå den andre sida av utbulninga. Som uimotstålege pinsettar kom dei to styrkane nærare og nærare målet.»³³ Med dette hadde tyskarane mist alle områda dei hadde vunne våren 1918.

Meuse-Argonne og slaget ved Blanc Mont

Den 25. september var Chris på veg med tog frå Saint-Mihiel til Châlons-Sur-Marne, nordaust for Reims, for å ta del i den store Meuse-Argonne-offensiven som skulle starte i slutten av månaden. Det hadde vore ein hendingsrik sommar. Nokre månader tidlegare hadde han vore ein fersk soldat. No var han krigsvant og hadde teke del i fleire store slag.

For høvet var den amerikanske 2nd Division og 36th Division underlagt den franske Fjerde Armé. Dagen etter vart dei amerikanske soldatane sende med buss og dels til fots til landsbyen Suippes. Her var dei i to dagar før dei marsjerte vidare til Sommepey den 1. oktober. Natt til 2. oktober marsjerte dei vidare nordover i rasande fart for å nå fram før det lysna. Først då det tok til å lysne, kom dei fram til det som hadde vore tyske skyttargraver

og ein del av den formidable Hindenburglinja.³⁴ Tyske soldatar som hadde vorte drepne i kamp med franske alpejegarar eit par dagar tidlegare låg framleis i terrenget.³⁵ Den søtlege lukta av lik må ha vore intens.

Amerikanarane fekk ein tøff velkomst. Den norske veteranen Hans Gjerde hugsa det slik: “Kanontordenen var kolossal, og granatene eksploderte rundt oss. [...] Granatene hylte, og vi så den hissige flammen som skjøt opp idet prosjektilet eksploderte.”³⁶

Målet var Blanc Mont. Ein åsrygg som godt kan kallast taket av Champagne-regionen. Frå dette punktet hadde tyskarane fri utsikt lange vegar, frå katedralen i Reims til Argonne-skogen. Angripingar måtte gå til åtak over opa mark i to kilometer. Her kunne ingen rekne med å få naturleg dekning. På toppen fanst 200. og 213. Infanterie-Division med hundrevis av mitraljører, morterar, og tilhøyrande artilleri. Men viss tyskarane miste åsryggen, måtte dei evakuere heile Champagne-regionen.³⁷ Sjølv om krigen gjekk mot slutten, var Blanc Mont ei svært sterk stilling som vekte sjølvtilitt i forsvararane.

Amerikanarane og franskmennene kunne ikkje ha fått betre vår. Morgonen var grå, og med skodde som la seg som eit tynt teppe kring soldatane. Så opna det franske og amerikanske artilleriet opp mot dei tyske stillingane. Grøne og raude flammor stakk opp etter 75 mm artillerigranatar som hamra ned på dei tyske stillingane: svarte skyer skaut opp etter tyngre skyts. Blink etter granatnedslag gjekk dempa gjennom lågthengande røyk.³⁸ Femten minutt etter stilna bombardementet av, og åtaket vart blåse i gong med fløyter klokka 05:50 om morgonen. Soldatane i 2nd Division sprang opp av skyttargravene med indianarhyl. Franske Renault FT-tanks dura same veg med hakkande og pipande belte. Franskmennene og amerikanarane starta eit rullande bombardement framfor dei framrykkande soldatane for å gi dekning, røyklegge slagmarka og hindre tyske motåtak. Slik kunne artilleriet hjelpe med å få soldatane opp mot toppen av åsryggen.

Det var berre ein delvis suksess: Det vart tynt i rekkene på grunn av tyske morterar og mitraljører, og tyske artilleriobservatørar dirigerte også artilleri til å treffe bak angripingarane for å hindre at dei fekk fram forsterkingar. Etter litt over to timar nådde dei første amerikanarane i 2nd Division toppen. Chris og 23rd Infantry division var i sentrum av den amerikanske offensiven og kjempa mot soldatar frå den 15. Bayerske Divisjon, som i all hast var blitt innkalla som forsterkingar.

Sidan dei var komne lenger enn sine allierte på begge sider, fekk amerikanarane også ein drepende mitraljøreeld frå åsen som bua ned på venstre flanke.³⁹

Oppe på åskammen krydde det av tyskarar, og det vart ein brutal kamp utan leiing, mann mot mann.⁴⁰

Amerikanarane klarte til slutt å erobre toppen, der dei tok fleire tusen krigsfangar og mengder av materiell. Likevel var situasjonen kritisk for Chris og 23rd Infantry Regiment. Dei erobra ei smal tunge inn i dei tyske linjene, og no fekk dei mitraljøreeld frå begge flankar og artilleri frå fronten.⁴¹



På toppen av Blanc Mont finst det i dag eit storslått amerikansk minnesmerke som har blitt altfor stort i forhold til det kollektive minnet om slaget. Biletet vart teke i 1923. Legg merke til den tyske skyttargrava framfor monumentet. (Wikimedia Commons.)

²⁵ Howard 2007: 102-103

²⁶ Gilbert 2014: 389-390

²⁷ Center of Military History 1988: 31, 33

²⁸ Strachan 2014: 279

²⁹ Johnson & Hillmann 1999: 82; Center of Military History 1988: 33

³⁰ Gilbert 2014: 407

³¹ Center of Military History 1988: 33

³² Center of Military History 1988: 35

³³ Rickenbacker 1919

³⁴ Brandal, Brazier & Teige 2014: 342

³⁵ Tveit 1960: 139

³⁶ Tveit 1960: 139

³⁷ Hanlon 2000

³⁸ Thomason 1926: 157

Og så skjer det: Ein kjapp flamme slår opp, og Chris vart treft av splintar frå ein tysk granat og kasta i bakken. Dette skjer på baksida av Blanc Mont, i retning landsbyen St. Etienne-à-Arnes. Kanskje blir hendinga observert av éin eller fleire pålitelege soldatar, for Chris vert rapportert inn som fallen, og dødsattest vert utskriven.⁴²

Men Chris var i live. Rett nok hardt såra⁴³ av skadar i beinet og nakken. Han brukte dei siste kreftene til å krype tre kilometer mot eigne linjer på tre og ein halv time.⁴⁴ Der vart han funnen av allierte franske soldatar frå Fjerde Armé. Uniforma var i filler, truleg full av blod og nesten kvit av den kalkhaldige jorda. Engelsken hans var heller ikkje spesielt god, noko som kan ha bidrege til det som hende: Franskmennene trudde han var tysk, og tok han som krigsfange.

Nyheita om at Chris var fallen vart publisert i amerikanske aviser, mellom andre i den norskspråklege Minneapolis Tidende. Den 21. november 1918 sto *“Korp. Chris Wick”* i ei lang liste med namn under overskrifta *“Dræbt i kampf”*. Familien i Noreg vart også varsla. Meldinga om dødsfallet førte til at det vart skriven ein nekrolog, truleg av Sons of Norway:

*“Atter har en av vore kjække norske gutter maattet bøte med livet, idet den unge Chris Wick den 3dje oktober faldt paa ærens mærk på Vestfronten i Frankrike. [...] På grunn av tjenestvillighet og dyktighet i tjenesten blev han forfremmet til korporal, - og han sendte flere begeistrede breve til sine venner over her. Og saa, - like før krigen er slut, - blir han dræbt i kampf. Men han hadde vel allerede dengang den tilfredsstillelse at se, at den sak han kjæmpet for var sikret seier.”*⁴⁵

Nyheitene om sigeren på Blanc Mont vart mellom anna publisert i Møre Tidend den 5. oktober 1918, og her fekk franskmennene ufortent all æren: *“Franskmennene tok - tross hardast motstand, Blanc Mont (Kvite-fjellet) og Noudagois nord for Some-Py.”* For innsatsen i Belleau-skogen, Soissons og Blanc Mont fekk 2nd Division det franske Croix de Guerre for tapperheit.

På sjukehus

Det vanlege var at skadde menn først vart tekne med til samlepunkt i frontlinja. Derfrå vart dei tekne på bærer til forbindingsstasjonar som typisk låg i dei bakre skyttargravene.

Der var det ein lege og fleire hjelparar som behandla dei såra.

Dei som hadde ein sjanse til å bli friske, vart sende vidare til eit evakueringssjukehus. Her budde pasientane vanlegvis i telt til dei kunne bli evakuert til eit basesjukehus, som vanlegvis låg ved jernbanen. Både evakueringssjukehusa og basesjukehusa kunne gjere nødvendige kirurgiske inngrep.

Chris vart send med hospital-tog til Base Hospital no. 27. i Angers. Det var eitt av 153 basesjukehus med til saman nesten 193.000 sengeplassar. Han måtte gjennom to operasjonar. Sidan dette var før bruken av antibiotika, var risikoen for kaldbrann reell. Somme tider kunne soldatar vise gode teikn til betring, men så få ein infeksjon og døy. Men Chris klarte seg, og han sende brev frå sjukesenga då han kjende seg betre. Dei pårørande vart sjølv sagt svært overraska då dei fekk brev frå han - fire veker etter meldinga om at han var fallen. Eitt av breva vart adressert til Ole B. Hatlemark. Brevet er truleg tapt, men eitt av svara er bevart:

³⁹ Hanlon 2000

⁴⁰ Tveit 1960: 148

⁴¹ Hanlon 2000

⁴² Gjævenes 1957: 268

⁴³ Minneapolis Tidende, 27. februar 1919

⁴⁴ Gjævenes 1957: 268

⁴⁵ Sigbjørn Brunstads privatarkiv, nekrolog



“Tacoma, 3. Des 1918

Vaar kjære Ven Chick. Vell Ole nok skreve alle nyheder saa der er ikke mye for mig at skrive. Du kan tro Chick at jeg gjorde store øine naar Postmanden bragte dine to siste breve som bragte os den gledelige nyhed at du er ilive vi har nu sørget over dig i 4 uger ha-ha- hvor vi ønsker du kunde være sammen med os i Julen, men vi faar nu lade det være med en kjærlig tanke og et godt ønske om at du har en God Jul. Hilsen fra os alle. Mrs. Hatlemark.”⁴⁹

Sons of Norway markerte også nyheita i invitasjonen til julefesten, som skulle arrangerast den 28. desember. Nedst på sida viste dei ei teikning av ei opa grav med teksten: *“Vor Chris grov sig frem igjen.”*⁵⁰

Då krigen var over den 11. november 1918 hadde 53.402 amerikanske soldatar blitt drepne på slagmarka, og Chris var ein av 204.002 amerikanske soldatar som vart såra i kampf. I tillegg døydde meir enn 63.000 av sjukdom som spanskesjuka, eller av lungebetennelse.⁵¹

Veteran

For mange veteranar markerte overgangen til det sivile livet eit raskt fall i sosial status. I Frankrike vart dei dyrka som heltar. I USA var det høgst usikkert kva framtida ville føre med seg, for ein økonomisk resesjon sette inn med ein gong krigen var over.

Det amerikanske krigsdepartementet oppmoda veteranane om å gå tilbake til deira tidlegare yrke, men lova samstundes alle veteranar ein jobb.⁵² Likevel var det altfor mange veteranar som såg føre seg at krigstenesta ville hjelpe dei med å finne andre og betre jobbar. Chris var ein av dei heldige som fekk ein ny karriereveg. Då han kom tilbake til USA, gjekk han nokre månader på skule i Seattle. I desember 1919 flytta Chris til Bremerton, Washington, og fekk arbeid på ein reiskapsfabrikk for flåten. Der vart han seinare formann.⁵³ Han prøvde også å halde kontakten med andre tidlegare soldatar og oppretta eit lag for såra veteranar gjennom Sons of Norway.⁵⁴

Base Hospital no. 27 i Angers. Chris vart transportert med jernbane til mottaksbrakkene i framgrunnen. Jernbanespolet går rett til høgre. I midten av mottaksbrakkene er det ein utstikkande gang dei nyankomne pasientane vart transportert gjennom. I dag er det ein vidaregåande skule kalla Institution Mongazon i det som var hovudbygninga i bakgrunnen til venstre. (Biletet er henta frå NARA og har falle i det fri.)

I 1954 var han på besøk i Sykkylven. Han budde då med søstera Guri og mannen Sverre S. Brunstad i Velledalen. Sonen Sigbjørn Brunstad var då kring 14 år gamal, og mintest at han og brørne hans fekk teleskopfiskestenger i gåve, noko dei var svært takksame for. Chris halta litt etter skadane, og det vart sagt at kulene ikkje beit på han. Tysk artilleri, derimot, var det ingen som sa noko om.

Chris døydde den 11. november 1964 og vart gravlagd på Forest Lawn Cemetery, Bremerton, Washington. Han hadde då sonen Phillip med norskætta Jean Strom og etterlet seg fire barnebarn.

Slaget ved Blanc Mont er har i dag hamna i skuggen av innsatsen til marinesoldatane i 2nd Division i Belleau-skogen. Men øvstkommanderande for divisjonen, generalmajor John E. Lejune, brukte ikkje små ord då han skildra innsatsen i slaget ved Blanc Mont: «*Å kunne seie at eg høyrde til 2nd Division, og eg kjempa med han i slaget ved Blanc Mont, kjem til å bli den høgaste æren ein mann kan få.*»⁵⁵ Her var det nemleg 23rd Infantry Regiment, med ein sykkylving, som kjempa i spissen.

⁴⁶ Keene 2006: 168
⁴⁷ Sheffield 2007: 90
⁴⁸ Gjævenes 1957: 268
⁴⁹ Sigbjørn Brunstads privatarkiv, postkort til Chris P. Wicks
⁵⁰ Sigbjørn Brunstads privatarkiv, invitasjon til julefest for Sons of Norway
⁵¹ Keene 2006:163
⁵² Keene 2006: 186
⁵³ Gjævenes 1957: 268
⁵⁴ Gjævenes 1957: 268
⁵⁵ Strott 1947: 60

Kjelder

Bøker

Berghahn, V. (2012). *Der Erste Weltkrieg*. München: Verlag C. H. Beck.

Brandal, N., Brazier, E & Teige, O. (2014). *De ukjente krigerne. Nordmenn i første verdenskrig*. Oslo: Humanist forlag.

Cawood, I. & McKinnon-Bell. (2001). *The First World War*. New York: Routeledge.

Center of Military History, United States Army (1988). *Order of Battle of the United States Land Forces in the World War. American Expeditionary Forces: Divisions. Volume 2*. Washington, D. C.: U.S. Government Printing Office.

Gilbert, M. (2014). *The First World War. A Complete History*. Oxford: Oxford University Press.

Gjævenes, M. (1957). *Utvandrarane frå Sykkylven*. Sykkylven: Sogenemnda.

Hart, P. (2013). *The Great War*. London: Profile Books.

Howard, M. (2007). *The First World War. A Very Short Introduction*. Oxford: Oxford University Press.

Johnson, D. & Hillman, R. (1999). *Soissons: 1918*. College Station, Texas: Texas University Press.

Keene, J. (2006). *World War 1*. Westport, Connecticut: Greenwood Press.

Lengel, E. (2008) *To Conquer Hell: The Meuse-Argonne, 1918. The Epic Battle That Ended the First World War*. New York: Henry Holt and Company.

Sheffield, G. (2007). *War on the Western Front. In the Trenches of World War One*. London: Osprey Publishing.

Strachan, H. (2014). *The Oxford Illustrated history of the First World War*. Oxford: Oxford University Press.

Strott, G. (1947). *The Medical Department of the United States Navy with the Army and Marine Corps in France in World War I: Its Functions and Employment*. Washington D. C.: U.S. Navy. Bureau of Medicine and Surgery.

Tandstad, O. (1962). *Bygdebok for Sykkylven. 1: Sykkylven i eldre tid*. Sykkylven: Sogenemnda.

Thomason, J. (1926). *Fix Bayonets!* New York: Charles Scribner's Sons.

Tveit, N. (1960). *En sjel og en skjorte*. Bergen: J. W. Eides Forlag.

Internett

Bolt, J. & van Zanden, J. (2020). *Maddison Project Database 2020*. University of Groningen. Henta frå <https://www.rug.nl/ggdc/historicaldevelopment/maddison/data/mpd2020.xlsx>

Hanlon, M. (2000) *Capturing Blanc Mont Ridge*. Henta frå <http://www.worldwar1.com/dbc/bm1.htm>

Hatton, T. (2014). *Short Poppies: The Height of World War 1 Servicemen*. Vox EU. Henta frå <https://voxeu.org/article/height-world-war-i-servicemen>

Rickenbacker, E. (1919) *Fighting the Flying Circus*. Henta frå <http://www.wtj.com/archives/rickenbacker/rick24.htm>

The United States World War One Centennial Commission (2021). *The Doughboys*. Henta frå <https://www.worldwar1centennial.org/index.php/edu-home/edu-topics/588-americans-at-war/4995-the-doughboys.html>

NARA (2019). *World War I Draft Registration Cards*. Henta frå <https://www.archives.gov/research/military/ww1/draft-registration>


Kjell Løseth

fødd 1941, er tidlegare lærar og skulesjef i Sykkylven. Han er ein travel pensjonist oppteken blant anna av organisasjonsarbeid, revyarbeid og lokalhistorisk arbeid.

Strikkekunstnaren frå Ramstaddal

Av Kjell Løseth

Gunnhild Kjersheim kan stå som representant for alle strikkande menneske i Sykkylven. Strikkeprodukt i alle variantar blir til i hus og heim i heile kommunen, og svært mange er veldig kreative. Gunnhild har skaffa seg ry som kanskje ei av dei flinkaste i faget.

Strikkekunnskap er historisk svært gamal. Vikingane dreiv med såkalla «nålebinding» med pinne eller nål av bein. I ei kvinnegrav frå ca 300 år e. Kr frå Thüringen i Tyskland blei det funne strikkepinnar av bein. Frå ca 500 e. Kr er det funne strikkepinnar av jarn. I Egypt finst det mange funn frå det 7. til det 9. hundreåret og det er mange som meiner at strikketeknikken slik vi kjenner den i dag, kjem derifrå.

Jomfru Maria

Altartavla frå 1390 i Buxtehude i Nord-Tyskland viser jomfru Maria som sit og strikkar, og på Island har dei funne godt bevarte vottar av ull i isbreen på Eyafjellajökul som ikkje er ulik ullvottar slik vi kjenner dei i dag. Strikking av klesplagg har historisk vore viktig innan sjølvberging. Ull frå egne sauer – karda, spunne og av og til farga, vart strikka til varme klesplagg. Utviklinga av strikketeknikkar på 1900-talet var ikkje så stor, men frå 1970 - 80-åra vart det nærast ein liten revolusjon, grunna nye garnsortar.

Gunnhild Kjersheim har strikka og hekla tusenvis av plagg i alle fargar og fasongar. Ho starta med strikking før ho blei konfirmert for over 50 år sidan. Ho strikkar enno dagleg i fleire timar. Ho får førespurnad om strikking og hekling av alle slags plagg frå fjern og nær nesten dagleg, men ho må ofte seie nei. Tida strekk ikkje til. Ho har og ein stor familie med vaksne barn, barnebarn og oldebarn som ho strikkar allslags plagg til. Ho lagar til og med



Gunnhild Kjersheim har vore bondekone i Ramstaddal, men strikkinga har vore meir enn ein hobby og det er inga overdriving å kalle henne ein kunstnar i faget, meiner artikkelforfattaren. Foto: Kjell Ole Løseth.



Strikka barnebunad. Andreas Frøysa og Helga Marie Frøysa.

bunader og driv med hardangersaum. Bileta av etterkomarane med Gunnhild-produserte plagg heng rundt i stova.

Stor produksjon

Vi besøker henne i heimen hennar, og det ligg ferdige og uferdige strikke- og hekleplagg i alle fargar og mønster rundt henne og vitnar om stor produksjon. Genserar, sokkar, kjolar og dukar, sengeteppe, huer, skjørt, babyklede og gardiner er berre noko av alt ho lagar. Med sin smittande lått og gode humør legg ho ut om teknikkar og fortel om bruksområde for rette- flette- rund- og strømpinne og heklekrokar av forskjellig slag. Ho legg ut om glattstrikk, rillestrikk, perlestrikk og flettestrikk. Ho fortel om garn frå dyr - sau, kashmirull frå angorageit, kanin, hund og lama, og at ho strikkar mest av ull, men prøver av og til garn frå andre dyr.

Garn frå plantar finst i mange variantar, lin, hamp, bomull, ja, til og med fiber frå bananblad! Sengeteppa hekklar ho av bomullsgarn. Etterkvart har det kome syntetisk garn, laga av plast, mellom anna polyester og akryl. Gunnhild fortel at ho ikkje brukar dette, men har prøvd litt akryl. Ull av sau er hennar absolutte favorittgarn. Ho komponerer mønster, men strikkar ofte etter «augemål». På spørsmål om ho brukar strikkemaskin svarer ho kontant: «Det er ikkje handarbeid!»

Bondekone

Gunnhild er fødd i Hestadgrenda nær Førde. Ho kom til



Hekla sengeteppe.



Strikka kjole.



Strikka kufte og strikka kjole.

Sykkylven og gifte seg i Ramstaddalen. Her var ho bondekone, men strikking har vore meir enn ein hobby heile tida og det er ikkje overdriving å kalle henne ein kunstnar i faget.

I dag har ho ein annan hobby: Ho har samla koppar og krus frå heile verda. Samlinga ho har er imponerende, mellom tre og fire hundre gjenstandar fyller glasskåpa i stova.



Fiskesokkar med rorbuer.

Verdas mest kjende kvilestol

Av Eldar Høidal

Det er knapt nokon stol i den norske møbelsoga som har betydd så mykje for eit lokalsamfunn som Stressless-stolen. Frå stolen vart lansert i 1971 har han skapt hundrevis av arbeidsplassar i Sykkylven kommune, både hos produsenten, Ekornes, og hos underleverandørar. Ja, også nabokommunar som Hareid, Stranda og Hornindal (Volda) har nytt godt av stolsuksessen gjennom arbeidsplassar og skatteinntekter. Like viktig er det at stolen har gjeve avlastning og kvile for slitne kroppar over store delar av verda.

Det er produsert over 11 millionar Stressless-sete sidan eventyret starta. Dei fleste av desse sitjeplassane er selde til utlandet. Og dei som måler slikt, har funne ut at kvilestolen, som såg dagens lys i Sykkylven, er det mest kjende møbelmerket i heile verda. Dei visste ikkje kva dei var med å setje i gang, dei som var involverte i utviklinga av kvilestolen kring 1970, sjølv om dei fort såg at dei var på sporet av noko stort.

TV-stol

Ekornes var kring 1970 allereie Noregs største møbelfabrikk, og Sykkylven var kome på høgde med Stranda som landets fremste møbelkommune. Ekornes vart leia av Jens E. Ekornes, som var ein av dei mest idérike og driftige industrileiarane i Noreg i etterkrigstida. NRK laga i 1966 eit fjernsynsprogram om han som vart omtala som ein oskeladd i norsk industri. Jens Ekornes såg kva for behov som var i marknaden, og kom stadig opp med nye produkt. Grunnlaget var spiralfjører og madrassar. Like etter krigen var det sovesofaer som var i vinden, så kom senger, sofabenkar og etter kvart salongmøblar. Alt vart bygd opp på ein rasjonell måte som gjorde at produksjonskostnadane vart relativt låge. Bedrifta bygde opp eit produksjonsapparat som gjorde at dei vart sjølvforsynte på dei fleste område. Ekornes vart kjent for sine rimelege og solide møblar, som også hadde ei form som tiltala eit stadig meir formmedvite publikum.

Ekornes prøvde seg i siste halvdel av 1960-åra med kvilestolar, men måtte innsjå at på denne marknaden var Stokke størst, med sine vipp-stolar i Star-serien. Også andre bedrifter, som Emco Møbler, prøvde seg med kvilestolar, som også vart kalla TV-stolar. Fjernsynet kom inn i dei fleste heimar etter at NRK byrja med fjernsynssendingar i 1960. Det var behov for ein stol der brukarane kunne sitje lenge i ro i ein avslappa posisjon. Dei

Stressless®



Eldar Høidal
fødd 1956, konservator ved Viti museum og er møbelhistorikar, lokalpolitikar og ivrig syklist. Han har skrive ei rekkje lokal- og møbelhistoriske bøker.

Ragnhild Heggdal var tilsett som grafisk designar ved Ekornes sommaren 1986 då ho fekk i oppgåve å lage ein logo for Stressless. Heggdal fortel om tankane bak logoen: Trykket ligg på Stress som peiker aggressivt oppover på innpust. Less kjem som eit avslappande utpust og peiker nedover. Inn- og utpust. Stress less.

tradisjonelle lenestolane og øyrelappstolane mangla funksjonen med regulering av ryggen. Sitteposisjonen var låst. Kvilestolane til Stokke kunne leggest bakover og fikserast i kvilestilling, men vinkelen mellom sete og rygg var fast. På Ekornes såg dei at her var det rom for produktforbetring.

Trong hjelp

Jens E. Ekornes sette produktutviklingsavdelinga i gang med arbeidet, og det skal ha vore Karstein Våtmyr som kom til leiinga med eit prinsipp som han meinte kunne føre dei vidare. Han såg for seg eit sliding-system der setet glei på ei treramme, med eit lavt festepunkt i ryggen slik at ryggen kunne leggest godt tilbake. Konseptet var ikkje originalt, og det likna på det som hadde vore nytta på dei såkalla hyttestolane tidlegare. Idéen vart teken vidare av ingeniør Jostein Ekornes i PU-avdelinga. I staden for ei treramme ville Jostein Ekornes ha reguleringa av stolen i ein stålkonstruksjon. I samarbeid med mekanikaren og maskinisten Ingolf Duesund kom han fram til ein stol med ei glidebane som la til rette for trinnlaus regulering av sittevinkelen. Glidebana var plassert under setet.

PU-avdelinga til Ekornes sleit med å kome vidare med stolidéen, difor bestemte leiinga seg for å hente inn ekstern kompetanse. Jens E. Ekornes ønskte å vere sjølvforsynt på idé- og utviklingssida. På denne måten ville han sikre ein effektiv produksjonsflyt. Ved å bruke eksterne designarar risikerte dei at det kom inn variantar som skapte ein meir kostbar vareproduksjon.

Stressless Global, her vist fram av Jan Lade, var den første Stressless-modellen som vart laga. Stolen vart teikna av dei tre designarane i designarfellesskapen Møre Designteam: Svein Leirdal, Jan Lade og Svein Asbjørnsen. Stressless Original vart utvikla same året som Stressless Global kom, i 1971. Det viste seg at stolen, som hadde rund sokkel og svivelfunksjon, vart den mest etterspurde av dei to modellane. Stålunderstellet vart snart kopparfarga, noko som samsvarte betre med publikum sine fargepreferansar i 1970-åra enn fornikle understell.



Men no såg også han at dei trong hjelp for å kome vidare med eit konsept som han vurderte som svært lovande. Det var Leif Ekornes, bror til Jens, som ringde til Svein Asbjørnsen, ein av tre designarar i det nyoppretta designfellesskapet Møre Designteam. Dei to andre var Svein Leirdal og Jan Lade. Dei hadde i utgangspunktet skaffa seg samarbeidsavtalar med bedriftene Hole & Lillebøe, L.K. Hjelle og Hjellegjerde, men avtalane var ikkje til hinder for at dei også kunne yte tenester til andre.

Etter at dei hadde teke på seg oppdraget med å vidareutvikle kvilestolkonseptet, fekk dei tilsendt ein funksjonsmodell. Jan Lade fortel kva dei fekk inn på designkontoret: *Det var ei jernplate som fundament på golvet. På den var det påsveisa fire vertikale røyr som illuderte fram- og bakbein. Dei bakerste inneheldt omdreingspunkt for rygggramma*

som var hengsla til seteramma, som på ein campingstol. Midt på botnplata var der eit opplegg for feste, som eg hugsar som to firkantrøyr som gleid i kvarandre, der det minste var festa til setet sin framkant. Funksjonsmodellen balanserte såleis på tre punkt.

Selde på komforten

Designarane prøvde å byggje vidare på modellen, men fekk det ikkje til. Dei valde i staden å starte på nytt. I designkrinsar var det den gongen eit uttrykk som stod sterkt: *Form follows function*. Dette innebar at stolen sin utsjånad skulle vise korleis han var bygd opp og fungerte. Tenke-arbeidet resulterte i ein røyrkonstruksjon som var samanhengande og synleg. På begge sider av setet gjekk røyrret i ein vinkel som la til rette for trinnlaus justering av sittevinkelen ved hjelp av kroppstygda og enkel fiksering av ønska sitteposisjon. Den første stolen designarane kom opp med vart kalla Global.

I 1970 var det vippestolar med sving som var i vinden. Diskusjonen mellom dei som arbeidde med den nye kvilestolen gjekk på om den tida snart var over, eller om ein også burde ha ein svingstol. Global vart då omgjort til svingstolen Original. Det viste seg at det var svingstolen som slo best an i marknaden. Men introduksjonen av stolen var ikkje heilt problemfri.

Stoluttrykket med synlege ståldelar i den berande konstruksjonen braut med førestillingane mange hadde av ein stovestol. For dei gjekk assosiasjonane til -50- og 60-talet sine stålstolar på tannlegekontora. Salssjefen, Jens Petter Ekornes, instruerte seljarane om å ta merksemda vekk frå utsjånaden og leggje vekt på komforten. Dei skulle få potensielle kundar til å setje seg i stolen og kjenne korleis det var å kvile i han. Taktikken lukkast, men det paradoksale er at den første Stressless-stolen i Noreg var selt til ein tannlege, av møbelhandlar Karl Sunde i Nordfjordeid. Historia vart fortalt av Jens Petter Ekornes som hadde ei unik evne til å byggje historie rundt Stressless-stolen.

Det var reklamesjef Erling Ekornes, sonen til Leif Ekornes, som kom opp med namnet Stressless på den nye kvilestolen. Det var mange omsyn å ta når dei skulle finne eit passende namn. Ekornes var i ferd med å bli ei eksportbedrift og namnet måtte difor klinge godt for folk over heile verda. Det måtte også seie noko om funksjonen til stolen og vise at dette var ein stol for avslapping og kvile.

Rundt 1970 var ordet stress noko av eit moteord, og med etterleddet less vart det eit bokstavrim som var lett å hugse og eit namn som var lett å forstå. Med denne stolen kunne ein stress ned etter ein travel kvardag. Stressless tok pulsen på den moderne tida.

Stressless-fabrikken

Frå 1940-åra hadde det vore kontinuerleg byggjeverksemd ved fabrikkannlegget på Ikorntnes. Nye påbygg vart reiste etter som behovet for meir produksjonsareal melde seg. Utbygginga hadde ikkje skjedd etter ein samla plan, noko som gjorde internttransporten utfordrande. Allereie før Stressless kom til, i 1970, hadde Ekornes-leiinga bestemt seg for å byggje ny mekanisk avdeling. Avdelinga kom i første høgda, på det som etter kvart fekk namnet Stressless-fabrikken. Det var særleg veksten i etterspørselen av Stressless-møblane som i dei følgjande åra dreiv fram behovet for meir produksjonsareal. I 1976 stod den nye fabrikk ferdig, og her var det mellom anna ei ny skumplastavdeling i andre høgda.

Mykje av utstyret og maskinane dei trong for å lage Stressless-stolar vart utvikla på fabrikk. Bøying av stålrøyr til ei rund form var ein prosess fabrikk ikkje hadde vore borti før. Dei første stålringane vart bøygd rundt ein kaipåle på Ikorntnes-kaia, fortel mekanikar Per Blakstad. Snart hadde dei kome fram til ei maskin som bøygd røyra i ein automatisk prosess. I løpet av kort tid utvikla Ekornes også si eiga forniklingsavdeling.



Ein Stressless med tresokkel hadde lenge stått på ønskelista til forhandlerane. I 1981 lanserte Ekornes Stressless Royal med understell av laminert tre. Stolen med timeglasunderstellet vart bestseljar og frontmodell i ein periode då trematerialar stod sterkt i motebiletet, ikkje berre i Noreg. Foto frå jubileumsutstillinga for Stressless ved Møbelmuséet.

arbeid som tidlegare berre hadde blitt utført av menn. Men skepsisen vart raskt gjort til skamme då det viste seg at kvinnene både gjorde raskt og grundig arbeid.

Plus-systemet

Stressless-stolen var populær i breie kjøpargrupper, og vart tilpassa marknadane der han vart seld. For den amerikanske marknaden vart det utvikla større sete enn dei som gjekk i dei europeiske landa. I utviklinga av Stressless-modellane vart det fokusert meir på funksjon og komfort enn på design. Ekornes-leiinga med salssjef, seinare direktør, Jens Petter Ekornes, satsa heller på brei kundeappell enn på å vinne designprisar. Mellom dei meir designorienterte forbrukarane fekk Stressless etter kvart ein låg status. Stolen vart vurdert som stor og klumpete, eit traust kvilemøbel som mangla det vesle ekstra som skapte begeistring. Då Stressless Global og Original vart lansert var det annleis. Ein nestor i designmiljøet, Anne Lise Aas, omtala dei første Stressless-modellane i 1971 som enkle og lettfattelege, honnrørord blant designarar den gongen. I 2021 har dei originale stål stolane fått fornya appell hos designinteresserte og samlarar.

Når det galdt det funksjonelle, streva Ekornes etter å liggje i front, også på verdsbasis. Her vart det teke eit stort og viktig steg i 1991 då Plus-systemet vart lansert. Dåverande industrimekanikar og produktutviklar Arve Ekornes hadde, saman med kollegaene Jostein Ekornes og Olav Oplendskedal, arbeidd med å auke komforten i tilnærma liggestilling, samtidig som komforten i oppreist stilling vart den same som før. Med Plus-systemet justerer hovud- og veikryggstøtta seg etter posisjonen som brukaren sit i. Legg brukaren seg bakover for å sjå på TV, vil hovudstøtta automatisk justere seg slik at blikket framleis vert retta mot TV-skjermen. Alle dei nye Stressless-modellane etter 1993 vart bygde med Plus-systemet.

God lønsemd

Etter at Ekornes hadde gjennomlevd nokre tunge år på 1980-talet, snudde utviklinga etter at Jens Petter Ekornes kom tilbake i sjefsstolen i 1990. Jens Petter knytte til seg sentrale personar i leiargruppa som gjekk inn for ei opprydding i eit brokete modellutval. Arve Ekornes fekk i oppgåve å rasjonalisere produktspekteret, Runar Haugen var sentral i straumlinjeforming av salsmateriell og marknadsapparat, Ola Arne Ramstad fekk som fabrikkssjef ei viktig oppgåve i den praktiske gjennomføringa av rasjonaliseringa. Med tilsettinga av Nils-Fredrik Drabløs som viseadministrerende direktør i 1991, fekk frontfiguren i

I 1975 nådde salet av Stressless-stolen nye høgder. Ekornes trong fleire hender for å møte den auka etterspurnaden. Det var ikkje mange arbeidsledige i Sykkylven og nabokommunane. Ekornes retta seg difor mot det som så langt hadde vore ein arbeidskraftreserve, dei heimeverande husmødrene.

Ekornes hadde også tidlegare rekruttert kvinner. Dei hadde teke seg av saumarbeidet som var definert som typisk kvinnearbeid. No vart kvinnene tekne inn i alle avdelingane, også i mekanisk avdeling. Mange av karane var skeptiske til at kvinner skulle gå inn i



selskapet ein støttespelar som sørga for at idear og visjonar vart sett ut i kraftfull handling. Avgjerande støtte hadde Jens Petter Ekornes også i den rutinerte nye styreleiaren Olav Kjell Holtan.

Med Stressless-produktet som motor fekk Ekornes, som vart børsnotert i 1995, ein framgang selskapet aldri hadde opplevd før. Med årsresultat på kring 20 prosent av omsetninga vart det gode utbytte både for aksjonærar og tilsette, som igjen var stolte av å arbeide i Sykkylvens største industribedrift.

Dei gode resultatane førte til at bedrifta kunne byggje ein heilt ny Stressless-fabrikk som vart betalt over den løpande drifta. Då bygget stod ferdig i 2003, hadde Ekornes meir enn dubla golvarealet i fabrikkken på Ikornes. På denne tida var det produksjon av Stressless-modellar også i tidlegare Vestlandske Møbler på Vik i Sykkylven og på Hareid.

Stressless-eventyret ser ut til å halde fram også med ny kinesisk eigar. Selskapet Qumei Home Furnishings Group, som tok over Ekornes i 2018, har uttalt at dei vil føre bedrifta vidare i same sporet som tidlegare. Noko større variantbreidde i kolleksjonen, og innføring av elektrisk regulering av posisjonane, vert sett på som nødvendige marknadstilpassingar. Men ambisjonen er framleis å lage verdas beste og mest profilerte kvilestol i Sykkylven.

Stressless-periodar

1970-åra

Stressless kom inn i kvilestolmarknaden som ei nyskaping. Det berande prinsippet for

I 1983 følgde Ekornes opp med Stressless Prince, ein litt mindre modell enn Royal: Med sin vanlege sans for gode salsargument, så salssjef Jens Petter Ekornes at med Royal hadde far fått sin kvilestol. No hadde også mor fått ein høveleg stol å kvile i.

stolen var at brukaren kunne endre posisjon frå oppreist sittestilling til kvilande liggestilling gjennom ei trinnlaus glidebane. Endring av posisjon skjedde ved hjelp av kroppstygda. Med eit hjul (ratt) som var fiksert på glidebana, kunne brukaren også låse stolen i ønska posisjon.

Stressless kom samstundes med at TV-apparatet vart allemannseige, og Stressless vart den nye folkestolen framfor TV-skjermane. Så sterk appell hadde Stressless at namnet for mange vart synonymt med omgrepet «kvilestol».

1980-åra

Tiåret var prega av mykje eksperimentering, m.a. med Split og Bik Bok Casa. Dette var konsept som kvar for seg var interessante og nyskapande, men som Ekornes ikkje greidde å handtere. Det vart gjennomført ei rekkje oppkjøp av møbelbedrifter, også utanlandske. Nokre av oppkjøpa vart svært utfordrande.

I marknaden vart den brune syttitalsperioden avløyst av glade pastellfargar i 1980-åra. Også på Stressless kunne ein no sjå rosa og turkis hud! Det vart utvikla ei rekkje nye modellar, frå dynemodellar som Regent (1986) med plaststøypt understell, til vanlege laminatsoklar som på Carmen (1989). Men det var likevel timeglasunderstellet frå 1981 som segla opp til å bli det mest attraktive understellet.

1990-åra

Etter ein økonomisk krevjande periode, måtte Ekornes finne tilbake til bedrifta sine beste industritradisjonar. I 1990-åra tok Ekornes vekk mange av dei tidlegare modellvariantane og satsa på ei sterk standardisering. 75 prosent av komponentane (innmaten) i Stressless-produksjonen vart fjerna.

I 1993 vart dei opphavlege stålrøyrmodellane tekne ut av Stressless-kolleksjonen. Dette var eit ledd i Ekornes sitt arbeid for å effektivisere produksjonen, men var og eit svar på ein del etterlikningar som Ekornes vart utsett for.

Ekornes hadde frå 1995 stor suksess med å føre over Stressless-funksjonane til sofa-møbelet.

Etter 2000

Dei første åra etter 2000 selde kolleksjonen med timeglasunderstell framleis godt og produksjonen var rasjonell. Ekornes var på denne tida ein av landets mest lønsame industribedrifter, bedrifta vegra seg difor for å forstyrre hovudproduktet med nye val.

I staden vart det fokusert på stimulerande tilleggsprodukt som kunne vere med på å gjere kolleksjonen endå meir attraktiv. Det vart utvikla ein Stressless sofakolleksjon med høge og lave ryggar, nye hjørneløysingar, ulike fotpallar, kreative vangebord, stillbare småbord og nakkeputeløysingar. Komfort stod i fokus, og det vart laga heimekinoløysingar.

2010

Komfort var eit viktig stikkord også i sofakolleksjonen. Med E200 og Ergo Adapt kom innovative løysingar på både sitte- og liggefunksjonen i ein sofa. Dette heldt fram med Balans Adapt, først lansert i You-kolleksjonen. Stolmodellane Jazz og Blues hadde og opna opp for meir interesse for stålundestell og etter kvart vart det gitt grønt lys for fornying av understella.

Ekornes overtok og utvikla eit konsept for «Dining», regulerbare stolar for langtidssitting ved matbordet. Dette har slått godt an og har vorte eit viktig tilleggsområde for Ekornes.



I produktutviklingsavdelinga til Ekornes snakka PU-direktør Arve Ekornes og designsjef Jan Lade lenge om kva som skulle til for å ta opp att Stressless Original, noko som var vanskeleg ettersom fornikling-sanlegget var borte. Løysinga kom med eit forslag om å bruke rustfritt stål i ei ny form inspirert av Original-stolen. Stressless Jazz fekk Merket for god design frå Norsk Designråd i 2006. Etter ei tid vart det nye stålundestellet likevel fornikla, og danna grunnlaget for ei rekkje nye Stressless-modellar på nye svivelløysingar.

Nøkkelfo Ekornes og Stressless

Ekornes omsetning 2020: 3,4 milliardar kroner.
Eksportdel: 92 prosent.
Stressless-sal i 48 land og 3100 butikkar.
Eigne salskontor for Stressless i Norge, USA, England, Tyskland, Frankrike, Finland, Japan, Kina, Australia og Thailand.
Tal på tilsette i Norge: 1.100 (40 prosent av det totale talet på tilsette i konsernet.)
Tal på tilsette i verda: 2846 (inkl. IMG)
Fabrikkar:
J.E.Ekornes A/S på Ikorntes. Hovudfabrikk Stressless. Skumstøypefabrikk, trebearbeiding, stålavdeling, overflatebehandling, saum, tilskjering og trekkeavdeling. Administrasjon, logistikk, innkjøp, kundebehandling. Utskiping.
Tynes. Spesialfabrikk for laminerte delar.
Grodås. Spesialfabrikk på heiltre.
Vestlandske. Saum, tilskjering, trekking og montering.
Fetsund. Madrassar.
Også fabrikkar i utlandet.

Takk til Jan Lade, Svein Asbjørnsen, Ole Bjørn Roald og Arve Ekornes for hjelp med å skaffe fram informasjon.

Bilete neste side: Ekornes har gjennom sine ulike fabrikkar vore sjølvforsynt på dei fleste område: Frå heiltre-, laminat-, til stål- og skumproduksjon. Bedrifta har også fleire velutvikla sy- og trekkeavdelingar.
Å levere over 1000 stolar per dag er ei stor oppgåve som krev både planlegging, god logistikk og gjennomføringsevne. Det hadde ikkje vore mogleg utan ein stabil og lojal arbeidsstokk som har trødd til når det trongst. Her er tilsette ved hovudfabrikken på Ikorntes i 2009.



Kamp for livet i Nordsjøen

Av Terje Utgård

17 åringen frå Hundeidvik drøymde om å reise til sjøs og sjå seg om i verda. Men alt på første turen gjekk skipet ned. Like før jul for femti år sidan kjempa han og resten av mannskapet for livet i 15 meter høge bølger i Nordsjøen.

Ein førstereisgut har så mange draumar. Ein av dei var å reise til sjøs og oppleve verda. Først måtte eg på sjøgutskulen for å lære litt om livet til sjøs. Eg reiste då til Borre sjøguttskule i Horten og kom i lag med mange andre på min alder. Det var både spennande og utfordrande, men alt gjekk bra og vi skulle finne oss ein båt å mønstre på. Eg fann meg ein nesten ny stykkgodsått frå Ulsteinvik på 1000 tonn. Båten heitte «Viking Anton» og var berre tre månader gammal då eg mønstre på.

Eg hadde vore berre ein månad om bord då det fatale skjedde. Vi kom til Åheim og lasta om bord 900 tonn olivinsand. Derfrå skulle turen gå over Nordsjøen til Newcastle i England. Det var meldt dårleg vær. Då vi passerte Stadt, fekk vi ein del slagside fordi lasten forskauv seg. Vi gjekk då inn til Bergen og fekk retta opp. Det vart oppdaga at eit lufterør til tanken på frampiggen var brote og tetningane til kjettingpipene var tekne av sjøen. Ein kunne også konstatere at det var kome sjø ned i rommet under frampiggen.

Stormvarsel

Vinden hadde spakna litt slik at vi fekk tette det avbrotne lufterøret. Det vart satt i gang med å lense skipet. Det såg betre ut og skipet løfta seg litt meir framme. Frå Bergen skulle vi gå over Nordsjøen til Newcastle. Vi var ei besetning på sju personar, og alle var frå Sunnmøre. Eg var yngstemann om bord og visste minst.



Terje Utgård

fødd i 1954, er frå Hundeidvik og har vore sjømann, møbelarbeidar og seinare seljar av bular og campingvogner. Han reiste til sjøs som 17-åring. Kort tid etter at han reiste ut, var han ute for eit dramatisk forlis og berga så vidt livet. Her skriv han sjølv om den dramatiske hendinga som skjedde nokre dagar før jul for femti år sidan.

Lastebåten «Viking Anton» var bygd i stål ved Hjørungavaag Verksted og vart levert i august 1971. Båten vart sett inn i olivinfrakt frå Åheim til Newcastle og gjekk ned i storm i Nordsjøen like før jul for femti år sidan. (Johan Ottesens arkiv)

Det var meldt storm då vi gjekk frå Bergen, men alle trudde at det skulle gå bra. Men båten byrja å ta inn vatn i lasteromma og lasten begynte å forskyve seg igjen. Det kom vatn inn i kjettingrommet framme og forplanta seg bakover til begge lasteromma. Båten hadde då ei slagside på 30 grader. Eg hadde frivakt, men alle vart purra ut for å hjelpe til for å få båten på rett kjøl.

Så vart vêret endå dårlegare. Det var full storm og «Viking Anton» hadde fått ei slagside på 45 grader. Det var på tide å kontakte Rogaland radio. Vi var no 19. desember og det bles iskald vind med full storm i kasta. Båten fekk meir og meir slagside. Vi sende ut naudrakettar og begynte å bli meir og meir engstelege. Frå Rogaland radio fekk vi beskjed om at dei hadde sendt ut helikopter, men det tok to timer før det var framme hos oss. Vi fekk også vite at næraste båt var to timar unna.

Håplaust

Det såg håplaust ut. No hadde «Viking Anton» ei slagside på 70 grader. Klokka var fem om natta 20. desember. Heile mannskapet vart purra ut og vi fekk beskjed om kva vi skulle gjere av kapteinen. Overlevingsdrakter eksisterte ikkje på den tida. Vi fekk beskjed om å ta på oss ull, for det heldt lengst på varmen. Vi hadde ullragger, ullstillongs, ulltrøye, ullvottar, ull-lue og livbelte.

No sto det om minutt. Vi måtte få ut redningsflåtene. Vi knytte tauet i rekka på båten og sendte flåtane i sjøen. Flåten bles seg opp, men snora sleit seg midt på og flåten forsvant til alle si fortviling. Så var det å få den andre redningsflåten på sjøen. Det ulte rundt oss, flåten bles seg opp men snora på denne flåten sleit seg også på midten og flåten forsvant i dei store bølgene på 12 - 15 meter. No var einaste redninga å setje livbåten på sjøen. Vi låra den, men den knuste mot skute-sida. No måtte vi handle raskt, for «Viking Anton» heldt på å gå ned. Vi måtte komme oss bort frå båten slik at vi ikkje vart med i dragsuget.

Endeleg såg vi ei lanterne frå ein båt i det fjerne. Det viste seg i ettertid at dette skulle bli redninga vår. Det var den engelske trålaren «Arctic Ranger» som var på veg. Klokka var no seks om morgonen, det var mørkt ute og bølger på 12-15 meter. Stormen ulte rundt oss og det var iskaldt. Vi sto samla bak på dekket og venta på ordre frå kapteinen. Ein av mannskapet ville ikkje hoppe ut i den iskalde Nordsjøen, han ville heller bli med båten ned. Vi fekk til slutt overtalt han og han hoppa saman med oss. Vi bad til høgare makter for å få hjelp og venta lengst mogleg med å hoppe.

Femten meters bølger

Vi hoppa i rett tid og slapp å bli tatt av dragsuget då «Viking Anton» gjekk ned med eit brak. Vi hoppa to og to saman, slik at vi ikkje skulle miste motet. Det var 20. desember med snøbyger og full storm i kasta, det begynte å tære på. Vi måtte heile tida prøve å bevege oss slik at vi ikkje stivna og fekk krampe. Det verste var å kome seg over dei opptil femten meter høge bølgene, slik at vi slapp å svelge så mykje sjø, for det tappa oss for krefter.

No såg vi den engelske trålaren kome nærare og vi fekk eit lite håp, men kreftene begynte å ebbe ut. Båten nærma seg. No var det viktig at trålaren stansa motoren slik at vi ikkje vart tekne av propellen. Det var framleis bekmørkt så dei begynte å lyse etter oss. Dette tok tid og vi vart meir og meir nedkjølte. Til slutt forstod mannskapet om bord i trålaren at det ville bli vanskeleg å få oss opp av sjøen. Mannskapet heiv ut ein flåte til oss, men det viste seg at også på denne vart snora sliten og flåten forsvann. Berre Bjarne Røren nådde redningsflåten og han kom seg omsider om bord.



Faksimile av Sunnmørsposten sin reportasje frå forliset.

Resten av oss kjempa ein desperat kamp mot klokka. Vi var heilt nedkjølte og utmatta. No handla engelskmennene raskt. To av mannskapet, John Franklin og Ray Smirk, tok på seg redningsvestar og line rundt kroppen og hoppa i sjøen for å berge oss. Dette klarte dei på ein fantastisk måte. Dei plukka opp ein etter ein og fekk oss om bord i trålaren. Eg vart fortald at eg låg ein time og 15 minutt i den iskalde Nordsjøen. I ettertid vart eg fortald at ca 25 minutt var det ein person kan klare.

To omkom

Alle var bevisstlause då vi vart tatt om bord. Eg hugsar ingenting av det. Mannskapet stod klare med ullpledd og hadde rundt oss når vi kom om bord og bar oss fram i køya. Da eg omsider vakna, skalv eg som berre det. Eg var skikkeleg nedkjølt og eg kjende det som eg



Dei som vart redda etter forliset med «Viking Anton». Frå venstre Norleif Gjerde, Gjerdsvika, Harry Myklebust, Sydve, Sverre Vadseth, Skodje, Bjarne Røren, Ulsteinvik og Terje Utgård, Hundeidvik. Foto: Associated Press/ Sunnmørsposten.



Terje Utgård fekk ein god velkomst av søskena Kari Lise og Lars Kåre. Frå Sunnmøre Arbeideravis vesle julaften 1971.

var meir i lufta enn på køya. Det første eg spurte etter var kor dei andre av mannskapet var. Alle sju var no tekne om bord i trålaren, men to av dei døydde. Det var Vebjørn Bakke frå Ulsteinvik og Ståle Gjerde frå Gjerdsvika.

Resten av mannskapet berga livet. Dei var: Sverre Vadseth, Harry Myklebust, Norleif Gjerde, Bjarne Røren og Terje Utgård. Vi kan takke redningsvestane, ullklede og mannskapet på den engelske trålaren for at vi overlevde. Vi vart med trålaren over til England og måtte på sjukehus for kontroll. Så var det å få kjøpt seg klede som vi kunne gå i. Etter det vart vi henta av den norske sjømanns-presten og vart med han heim til en god middag som prestefrua hadde stelt i stand til oss.

Gravferd

To dagar før julaften sette vi oss på flyet heim til Vigra, der vart eg møtt søster mi Kari Lise og bror min Lars Kåre til ein tårevåt velkomst. Der var også journalistar frå Sunnmørsposten og Sunnmøre Arbeideravis som ville ha eit intervju med oss. Vi vart også tekne imot av reiarane frå Ulsteinvik. Så var det heim og feire jul saman med familien.

Det vart ei spesiell julehøgtid. I romjula var det gravferd. Det var ei særdeles sterk oppleving for ein førstereisgut frå vi gjekk ut frå Åheim til det enda i gravferda til to kameratar. Etter dette forliset trudde eg at eg aldri kom på sjøen meir. Men i ettertid har eg vore seks år på fabrikktrålaren «Havstrand».

Første Sykkylvsbladet 75 år

Sykkylvsbladet rakk akkurat ikkje å bli tre kvart hundreår før lokalavisa vart ein del av vår nye lokalavis Nyss. Det første nummeret kom 14. februar 1946. Redaktør var tannlege Johan Drabløs og i styret for bladet sat redaktøren sjølv som formann og Martin Solnørdal, Åsta Fredriksen, P. K. Thoresen og Jens B. I. Aure.

Historia til bladet elles er breitt behandla i boka «Sykkylvsbladet Lim og lupe» som Eldar Høidal skreiv til 60-årsjubileet i 2006. Her skal vi berre titte litt på kva som var sakene i det aller første nummeret på fire fullformatsider utan eit einaste bilde. Krigen var nettopp slutt, varemangelen er stor og K.J. Eidem minner om gåvekleda som innbyggjarane kunne søkje om å få. Kleda var samla inn av organisasjonar i utlandet og det blir understreka av kleda er gåver og ikkje forsorg.


Redaktøren slår eit i slag for kraftutbygging og samarbeid med Tussa. Kaptein Bernt Fauske fortalde at det nye skipet Brand V ville bli dobbelt så stor som Brand IV og med plass til 200 passasjerar. Sykkylven skulestyre hadde behandla ein søknad om tannrøkt for alle born heilt ned til treårsalderen utan at det skulle koste kommunen noko ekstra: «Ved ei slik systematisk behandling av mjølketennene, ville borna ha full tyggeevne, dei slepp alle kroniske og akutte betennelsar i mjølketannsettet og skulen slepp den vonde lukta som skriv seg frå rotne mjølketenner», heiter det i tilbodet. Skulestyret tok imot tilbodet med takk.

Det litterære var også på plass: Øystein Eliassen har skrive ei hylling til Aure på melodien «Blant alle lande» medan Petter Kursetgjerde hadde skrive eit djupfølt dikt til dei som hadde falle i krigen. Her er siste strofen:

«Nordmann - -/Stogg på din veg./Bøyg deg/for minnet/ om våre fälne brør./Lat deira hjarteqlør/varme oss i sinnet/Nordmann - - /Tak hatten av/for kvar som fänn/ei martyrgrav»



Blomstrande molteplante med ei lav kveldssol bak. Foto: Reidar Netland





Bent Tandstad
er frå Jakupsgarden på Tandstad
og busett i Horten i Vestfold. Han
er litt pensjonist og litt frilans-
skribent. Han har jobba 40 år i
norsk presse, dei siste 23 åra i
NRK Nyheter i Oslo.

Ei trekantshistorie frå rundt 1960

Av Bent Tandstad

Så snart han såg flagget på andre sida av fjorden, heiv den nær 80 år gamle mannen seg på sykkelen og for av garde i ei viss fart. Hushjelpa hans likte dårleg det ho såg.

Då eg vaks opp på Tandstad, budde onkel Jens i nabohuset. Han var onkelen til far min, ikkje til meg, men han var aldri noko anna enn onkel Jens for meg. Farfar var død lenge før eg var fødd, så onkel Jens hadde ei slags bestefarsrolle.

Han var fødd i 1881, var enkemann og hadde ikkje eigne born. Men han var svært glad i born, noko eg naut godt av heile barndomen.

Han budde i huset saman med husholderska si, Olave. Ho stelte i huset og laga mat, og ho hadde kanskje nokre kroner i lønn. Det var neppe mykje. Eg sette stor pris på både Olave og Jens. Dei hadde det fint saman, dei prata og diskuterte, for begge var ivrige avislesarar og radiolyttarar. Og dei likte å diskutere politikk, og dei trekte gjerne med meg i diskusjonen. Dei snakka aldri til meg som til eit barn, dei behandla meg heile tida som eg var ein likeverdig samtalepartnar.

Onkel Jens var sprek for alderen. Han brukte sykkelen når han skulle i butikken, og hadde han ærend på andre sida av fjorden tok han ofte robåten. Han og eg var eit radarpar. Eg sat bak på sykkelen med han når han skulle i butikken, eller om det var fotballkamp på Slettegjærde. Dette var medan eg var i førskulealderen.

Moro på tur

Han var glad for å ha meg med på turane sine, og eg sjølv sette stor pris på det. Dei eldre syskena mine var på skulen dagane, og dei som var yngre var så små at det ikkje var noko selskap i dei. Barnehagar eksisterte ikkje. Mor var heimeverande, men med to småjenter å passe på var ho nok takknemleg for at onkel Jens og Olave tok seg tid til å sjå etter meg.

Eg har mange gode minne frå denne tida. Når onkel Jens skulle ut med sykkelen, var eg alltid klar. Og eg blei gjerne med han ut i båten når han skulle ut og fiske litt småsei til middag. Redningsvest var det ingen som hadde høyrte om.

Vi sat ofte nede i arbeidskjellaren hans. Han brukte å ta på seg å bøte fiskegarn som hadde rakna, ja, det hende seg også at han bøtte netta på fotballmåla på Slettegjærde. Det var mange hardtskytande spelarar på VRF på denne tida, så det var rett som det var at nettmaskane måtte gi tapt.

Vi sat og prata om eitt eller anna, eg har gløymt kva det var, det var kanskje om frigjeringskrigen i Algerie eller om norsk politikk. Eg kunne vel vere rundt 5 år gammal, altså rundt 1960, men deltok med liv og lyst i samtalen.

Han hadde ei eiga evne til å få meg til å kjenne at meiningane mine var viktige, sjølv om eg såg at han gliste litt i barten til det eg sa. Vi hadde mykje moro.



Onkel-Jens, eller Jens J. Tandstad, var sjømann og budde i Ålesund. På sine eldre dagar flytta han heim til sommarbustaden han hadde bygd seg som eit tilbygg til våningshuset på farsgarden. Jens med langpipe, i trøbilen, storebror til forfattaren, Kjetil.

Flaggheising

Onkel Jens sat alltid slik til at han hadde utsikt ut gjennom vindauget, der han hadde fri sikt til andre sida av fjorden. Så var det at han med eitt stansa arbeidet og fekk det travelt med å finne yttertøyet sitt. Han sa ikkje kva det var. Eg kika ut gjennom vindauget og såg ikkje noko meir spennande enn at det var nokon som flagga på andre sida av fjorden.

Eg sette ikkje det i samband med det hastige oppbrotet, men byrja å lure då eg ikkje fekk vere med han på sykkelen. For det var ikkje likt han å ikkje ta meg med. Eg vart litt fornærma, og eg gjekk opp til Olave for å få litt trøyst. Ho var i eit uvanleg dårleg humør, rista på hovudet og klaga seg verre:

-Gamle mannen, han skulle skamme seg, kvar gong ditta kvinnjefolkjet på andre sida heiser flagget, så spring han av garde. Det går ikkje an å halde på slik i hans alder. Slik heldt ho på. Og då eg gjekk ned til mor etterpå, så rista eg på hovudet og tok opp att det eg hadde høyrte frå Olave. – Gamle mannen, skamme seg skulle han. Reiser bort til ditta kvinnjefolkjet kvar gong ho heiser flagget.

Og mor forklarte at ho på andre sida truleg heiste flagget fordi ho trengde hjelp til noko praktisk. Ho budde åleine på den vesle garden sin og det var ikkje alt ho greidde å gjere på eiga hand. Det kunne vere litt snikkararbeid eller noko slikt, meinte ho. Men eg forstod ikkje heilt at berre fordi han skulle spikre eitt eller anna, så kunne ikkje eg vere med. Det var eit mysterium for meg. Og eg trur ikkje Olave kjøpte den forklaringa heller.

Dette skjedde stadig vekk. Så snart flagget gjekk til topps der borte på andre sida, så tok det ikkje lang tid før onkel Jens var på sykkelen. Og når flagget var heist, så fekk eg ikkje vere med. Og Olave oia og bar seg. Slik var det berre.

Olave gir opp

Det gjekk ikkje lenge før Olave sa opp jobben som husholderske. Ho leigde seg eit husvære ute på Aure og eg såg ikkje så mykje til henne etter det. Onkel Jens måtte skaffe seg ei ny husholderske, for det var utenkjeleg på den tida at ein mann skulle greie seg åleine i huset.

Men den nye var ein nedtur. Ho var alt det motsette av Olave. Ho dekkja aldri på til meg når dei skulle ete middag, og eg trur ho såg på meg som ein pest og ei plage.

-Eg likte Olave mykje betre. Kan ikkje ho kome tilbake, sa eg til onkel Jens.

-Eg likte også Olave mykje betre, men det er ikkje så mykje vi får gjort med det no, svarte han. Og så vart det ikkje prata meir om det.

Onkel Jens var egentleg ikkje heilt slik som andre på sin alder. Han var blant anna glad i å spele poker, og han sa at det var viktig at eg lærte det også. Han var nok prega av å ha vore sjømann i mange år.

-Det er aldri godt å vite kva ein får bruk for her i livet, sa eg til mor då eg fortalde henne at eg no var ein fullbefaren pokerspelar. Det var eit direkte sitat frå onkel Jens. Vi kunne sitje fleire born frå nabolaget og spele poker oppe på kontoret hans i andre etasje. Han passa alltid på å ha Sunnmørsposten på lur, slik at han kunne slenge avisa i full breidde over pokerbordet om det skulle kome vaksne folk innom.

Det var ikkje alle som såg med like blide auge på kortspel, og spesielt ikkje om det var med det mange kalla "styggemannskort". Men vi spelte aldri med eigne pengar. Onkel Jens hadde eit lite lager med koparmynter som vi brukte i spelet, og pengane gjekk alltid tilbake i skuffa når spelet var over.

Opna hjarta sine

Men tilbake til trekantdramaet. Eg snakka med mor om dette etter at eg vart vaksen, og ho kunne fortelje meg at begge dei to damene hadde trudd seg til henne. Olave vaks opp på ein gard i Velledalen. I ungdomen hadde ho hatt ein kjærast som ho ville gifte seg med, men foreldra sette ned foten.

Ho kunne ikkje gifte seg, fordi ho måtte vere heime på garden for å stelle for dei når dei vart gamle. Og åra gjekk, han ho ville ha, han gifte seg med ei anna. Olave vart gåande heime på garden, og når det ikkje lenger var bruk for henne der, så var ein huspost einaste alternativet.

Ho fortalde til mor at ho visste godt at eldre ugifte kvinner vart kalla gamle jomfruer, attegøymer eller tausakjerringar, og det likte ho dårleg. Ho ville gjerne gifte seg med Jens, fordi han var ein snill mann som ho treivst godt saman med.

Ho på andre sida av fjorden opna også hjartet sitt for mor. Ho fortalde at onkel Jens hadde fridd til henne, men at ho hadde takka nei. Ho sette stor pris på han, sa ho, men ho "var ikkje trongde om det". Ho hadde greidd seg sjølv i mange år, hadde både gard og grunn, og ho var ikkje så lysten på å flytte.

Slik eg hugsar dei to kvinnene, så var dei temmeleg ulike. Olave var prega av å ha budd på ein gard heile livet og hadde nok ikkje sett så mykje anna enn Sykkylven. Ho på andre sida av fjorden hadde reist ut i ung alder og blant anna budd mange år i ein større by. Ho kledde ho seg meir elegant enn Olave, og ho var alltid fjong på håret.

Den gamle sjømannen onkel Jens hadde nok sans for at ho var litt meir verdsvan enn mange andre kvinner på hennar alder i Sykkylven. Men gifte seg med han ville ho altså ikkje. Kanskje ho sette pris på det å greie seg sjølv, og det å ikkje måtte innrette seg etter ein ektemann heile tida. I våre dagar er det ikkje så uvanleg at folk litt opp i åra held fram med å vere særbuarar i staden for å flytte saman. Ingen av dei hadde telefon, men det sakna dei ikkje.

Ho hadde flagg og flaggstong, og han hadde fritt utsyn over fjorden.

Straumsheimnausta

På Straumsheim ligg nausta som ei perlerad langs fjorden – nye og gamle.

Dei inneheld færingar og nyare båtar av ymse slag og storleikar. Gamle og nye fiskereiskap side om side fortel om utvikling og måtar å fange fisken på. Nausta fortel også om sosialt fellesskap og kor viktig dei har vore for matauk i det gamle bondesamfunnet. Nausta ved sjøsida blir i dag små i forhold til dagens industribygningar som dominerer like innanfor og definerer Straumgjerde som ein viktig bidragsytar til velferdssamfunnet.

Ove Straumsheim var i juli i år primus motor for eit kulturarrangement som skulle setje fokus på ei fara tid, og kor viktig fiskefangst var for folket på Straumsheim – men også for at folk skulle møtast i venelag. Han fekk med Hilde Straumsheim i planlegginga. Arrangementet vart velsigna med fint vær. Mykje folk med tilknytning til Straumsheim og frå andre stader kom til ein vellukka ettermiddag. Dei sessa seg framfor dei gamle nausta bygde med solide steinmurar.

Geir, Jens Petter og Hilde – alle med Straumsheim som etternamn, opna programmet flott med kjøkeimestersongen «Det er nu så vakkert i vennenenes lag» v/Henrik Straumsheim (etter Cath. Elling).

Det var funne fram eit intervju som Jostein Drabløs hadde på 70-talet med Laura og Ole Drotninghaug om fiske i Sykkylvsfjorden i gamle dagar. Dei er besteforeldra til ordføraren vår – Odd Jostein. Intervjuet blei framført med Eldar Høidal som intervjuar. Odd Jostein og Hilde svara på spørsmåla slik dei stod i teksten til Drabløs. Ove Straumsheim fortalde meir om temaet og viste fram fiskereiskap, mellom anna ei gammaldags kastenot av bomull som sikkert hadde fanga laks og ørret i generasjonar og forsynt folk her med viktig middagsmat og ekstra inntekt ved sal. Han fortalde om eit felles slengenotanaust som er borte



Allsong ved naustrekka på Straumsheim.
Foto: Eldar Høidal.

no, og om fiskeaktivitet på begge sider av fjorden. Eit viktig bidrag om korleis det var før i tida i eit nesten 150/200 års perspektiv. Slikt har sjølv sagt lett for å gå i gløymeboka. Han viste også rundt i nausta. Folk kosa seg med kaffi og kaker og allsongen «ljoma» utover fjorden og Kjell Ole Løseth framførte sitt eige dikt:



Kjell Ole Løseth las sitt eige dikt om Straumsheimsnausta. Foto: Eldar Høidal.

Straumsheimsnaust

Her kan du kjenne historias sus
Blanda med fjordens klukkande brus.
Kvar stukk, ja, kvar spikar og nagle,
stein og helle
Har si eiga historie å fortelje:

Om sveitte, om slit – og om gode
stunder.
Dei bygde naustet med musklar og kløkt
la stein på stein, økt etter økt
alt dette kan vi sjå, tenkje og undrast på.
Det er som det kviskrar og knirkar
i naustplank og stokkar
og lydar av alle som gjekk her –
stundom i flokkar.
Det er historia sjølv vi er vitne til
med klokskap, tolmod og
kroppen sin styrke
gav dette grunnlag for fiske,
matauk og fangst
i heile fjorden på langst.



Ein skogens fotograf

Av Kjetil Tandstad

Sykkylven er ikkje berre velsigna med ein vakker natur. Her er også eit stort tal dyktige naturfotografar. Reidar Netland er ein av dei signaturane vi kjenner best frå alle tallause minneverdige fotografi i aviser og på internett. Mannen bak er mindre kjend. Personleg trivst han best utanfor rampelyset.

Naturfotografar har eit slags fellesskap på nettet der dei utvekslar tankar og samanliknar bilde. Der er han med av og til. Men stort sett jobbar han åleine og brukar store delar av fritida si på fjellet og i skogen, der han tolmodig leitar etter den rette standplassen, den rette bakgrunnen, og akkurat det rette lyset.



Sommarmorgon ved Ikornneselva. Foto: Reidar Netland



Kjetil Tandstad
fødd 1950, er tidlegare journalist og museumsman, no skribent og redaktør for årboka.



Reidar Netland. Fotografen på ein vekstur i Børgefjell nasjonalpark i Nordland.



Oktober ved Nysetervatnet.

Ventinga

-Denne ventinga, når du er fuktig på beina og kulden får tak. Er det ikkje veldig kjedeleg?

-Nei, faktisk ikkje, seier Reidar Netland. Det er faktisk spennande. Du tek nemleg aldri det same bildet to gongar. Vêrforhold og lys varierer, du endrar standplass nokre meter hit eller dit og så brått er det eit heilt nytt motiv der. Det handlar om å vere på plass akkurat i rette augneblinken og ha den rette vinklinga. Du må vite kva du er ute etter. Av og til kan eg ta like mange blinkskot på ein enkelt kveld som resten av året. Men i stort handlar det om å vere mykje ute, bruke tid. Du får ikkje vite om det er gode fotoforhold berre ved å titte ut gjennom vindauget, seier han.

62-åringen er grå i luggen og sprek i kroppen. Han er ein fjelllets og skogens mann og trivst best i selskap med kameraet sitt. Det er ikkje det at han mislikar å gå tur med kona. Ho er ein god og tolmodig turkamerat og dei er ofte på tur i lag. Men når han er ute for å fotografere, er det best han er åleine.

-Eg har alltid med det vesle turkameraet, men å gå saman med andre er ikkje enkelt for ein fotograf. Skal du fotografere, og det får ein jo ofte lyst til, då må ein bruke tid, prøve seg fram og flytte på seg fram og tilbake. Det kan gå timar. Då er det lite moro å vere turkamerat og stå og vente, seier han.



Oktobernatt med frostrøyk og måneskin ved Sessvatnet.



Morgonstemning ved Heimstevatnet på Ikornes. Å ta med ein person kan forsterke naturopplevinga.



Fjellrype i haustdrakt. Legg fotografen seg ned i steinura, kan ein få fram slike duse tonar.



Ei av ørnene i Sykkylven fotografert i delikat kveldslys. Sola skin på ørna, bakgrunnen ligg i mørk skugge.

Godt vant

Eigentleg var det interessa for å ferdast i naturen som kom først. Han kjøpte sitt første kamera som 17-åring, men det gjekk nokre år før han for alvor fekk smaken for naturfotografering. Reidar Netland kjem frå Hatlestrand i Kvinherad, ytst mot kysten i Hardanger. Han var godt vant når det galt vakker natur. Men her i Sykkylven er det endå vakrare, seier han.

Han trefte ho som skulle bli kona hans. Ho var frå Jarnes. Dermed vart det hus på Jarnes og jobb på Ekornes. Og fotografering på fritida, veldig mykje ved naturperlene ved Sæssvatna og Kjenglivatnet, men naturlegvis også elles i distriktet. Dei gode motiva finn han gjerne ved Sæssvatna, ikkje langt unna der han bur. Er det doggfall om kvelden, blir det ofte dis over vatn og skog. Då er det mange spennande motiv, særleg om natta og tidleg om morgonen.

Reidar Netland har også båt og har naturlegvis også kameraet med når han er ute og fiskar. Det er på båt-turane han har fanga dei flotte bilda av ørnar som han har teke mange av den siste tida. Han driv med mange former for friluftsliv. Han er på rypejakt rundt om i distriktet.


- Om sommaren går eg på vekelange fisketurar til eksempel på Hardangervidda eller på Børgefjell. Om hausten blir det litt småviltjakt, sopp-plukking og hum-marfiske, seier han. Han fotograferer først og fremst naturformasjonar, men også ein del dyr. Men å ligge og vente i kamuflasjetelt og vente på at dyra skal kome forbi, det gjer han aldri.

Manipulerer ikkje

Naturfotografering er så mangt. Reidar Netland har sine måtar å gjere det på. Han brukar eit moderne elektronisk kamera og både tele- og vidvinkellinser. Når han er komen heim, tek han utgangspunkt i dei ubehandla råfilene og justerer litt i etterkant. Men han manipulerer ikkje og triksar ikkje med bilda i Photoshop. Han brukar også lite filter. For han er målet eit bilde som er så likt som mogleg den opplevinga og stemninga han sjølv hadde då han såg motivet.

-Det blir kanskje også litt sal?

-Berre litt. Eg har aldri gjort noko særleg for å få kundar. Men stundom er det nokon som skal ha ei gåve til eit bryllaup, femtiårsdag eller liknande. Då får dei kjøpe. Men for meg er dette stort sett berre ein kjær hobby, seier han.





Anne Merete Lade
fødd 1970 i Velledalen, og arbeider i produksjonen hos Ekornes. Ho har spela i korps, men syng no i kor og skriv litt «dikt og slikt» på fritida.

Augeblikket

Ei novelle basert på ei historie frå 70-talet

Av Anne Merete Lade

Snøen dala lett, viskarane jobba jamnt og trutt, ein heilt vanleg søndag i desember. Ja, heilt vanleg var han nok ikkje, om søndagar i desember var vanlege. Det var i dag det skulle skje, ho kjende at ho grugleda seg. Dei hadde førebudd dette lenge, ho og han, ja, heilt frå i haust. Ny blå uniform med kvit rand i sidene, sydd inn og tilpassa etter beste evne. Jakke med raude slag, litt stor, men det gjorde ikkje så mykje. Ho følte seg så fin, ein av dei.

Snøen dansa rundt billyktene, han tok det med ro. Såg på seg sjølv som ein trygg og sikker sjåfør, det var så mange uansvarlege sjåførar der ute som køyrde over evne, det syntest han lite om.

Det snøa tettare no, vinteren var på veg, kanskje blir det kvit jul i år. Han likte vinteren, det gav ei eiga ro og naturen blei så vakker. Snøkleddet toppar, ikkje noko er vakrare enn sykkylvsfjell i vinterskrud. Han drøymde seg litt vekk, var glad i naturen. Ein skitur i høgda var ikkje å forakte.

Dei nådde sentrum og han måtte finne ein plass å parkere. Mange var allereie komne og den gamle trekyrkja som bada i lys og nysnø var eit vakkert syn. Det hadde slutta å snø og bildet for auga var meir som eit julekort. Han kjende glede. Dei strøymde til, barn med foreldre frå dei ulike krinsane i bygda. Dei skulle alle det same i kveld.

Ho var litt nervøs, tenk om dei andre ikkje dukka opp, nei slik kunne ho ikkje tenkje. Ho tok eit godt tak i den brune instrumentkofferten, litt tung og ikkje spesielt ny, meir type lurvete. Althornet var ganske fint, ikkje fri for bulkar, rett nok, men dei hadde vaska det, ho og han. Først i zalovatn i oppvaskkummen på kjøkkenet, så blei det pussa blankt med ein klut, ventilane blei smurde og alle bøylar blei sette inn med vaselin, så det var lett å ta dei ut og inn. Han hadde kompetanse på slikt, det var det slett ikkje alle foreldre som hadde, ho likte det.

Dei var ute i god tid for ein gongs skuld, ikkje for tidleg, ikkje for seint, men slik passe. Han visste det at ho likte å vere presis, men greidde sjeldan å gjere noko med det. Ho visste også at dei alltid brukte å ha dårleg tid, men i dag var det annleis. Han følte seg fornøgd og litt stolt av seg sjølv, har var ein ansvarleg nybakt korpspappa, ute i god tid.

Den gamle kyrkja var fylt av kaos, berre slikt herleg korpskaos som fem skulekorps greier å lage når dei samlast i eit alt for lite rom. Instrumenta skulle pakkast ut og rette notane leitast fram, ikkje berre, berre. Ei lett oppvarming måtte også til. Han trekte seg tilbake, betrakta det heile på sidelinja, på sin vanlege rolege måte. Ho var eit sjølvstendig barn, noko han var glad for. Det hadde ikkje nødvendigvis berre vore enkelt, men dei greidde det på sin eigen måte, ho og han. Dei fekk meine det dei ville og det gjorde dei nok også, dei andre. Han brydde seg lite, aldri redd for å gå nye vegar.

Ho fann det raude og blå i mylderet av musikantar og kunne puste letta ut. Dei store trygge gutane i althornrekka var på plass. Ho likte det, sjølv om dei tøysa litt vel mykje til tider. Fortalde skrøner, som ho forstod ikkje kunne vere heilt sanne. Det var spesielt



ein ho likte særst godt, sjølv om han tulla med å snu notane hennar opp ned. Han gjekk på ungdomsskulen og var røynd i korpset, noko som var ekstra fint i dag. Ho hadde også to venninner som spela althorn, dei hadde alt vore i korpset i eit heilt år.

Det var berre ho som var heilt ny. Dei hadde vore berre to aspirantar på messingblås, ein kornett og eitt horn. Ho hadde eigentleg lyst til å spele klarinett eller kornett, men slik vart det ikkje. Han og ho kunne ikkje bestemme slikt, det var det andre som gjorde. Ho hadde tenkt litt på akkurat det, kor flinke enkelte mødrer var til å legge til rette eller snakke for sine barn. Om ho hadde hatt ei slik, kunne ho sikkert fått spele klarinett ho også. Ho var veldig heldig, meinte dei vaksne og ho visste vel eigentleg det. Ho var aspirant i det første året i bygda med pedagogisk opplegg. Jau, ho hadde hatt eit fint år og ho og hornet hadde blitt gode venner. Ein god lærar hadde ho hatt, ho likte å spele.

Han fann roa på ein plass på ein av kyrkjebenkane. Det var meir enn stappfullt. Forventningsfulle foreldre var klare til årets julekonsert, nokre røynde og nokre som han sjølv, ferske i rolla som korpsforeldre. Han likte den gamle kyrkja, det var så mykje å kvile augo på. Dei vakre glasmåleria og utskjeringane. Han var ikkje religiøs, kanskje ikkje truande heller, men at bygda hadde ei vakker kyrkje var han samd i. Summing av stemmer stilna og konserten var i gang.

Dei venta på tur, ho skalv lett, prega av stundens alvor. Ho kom ikkje til å døy, men ho meinte at omtrent slik måtte det kjennast. Dei vaksne hysja og sende åtvarande blikk. Tre små lyslugga gitar som var prikk like, laga uro i gangen. Dei hadde fine uniformer, men ho likte best si eiga. Dei skulle spele som nummer tre, og no var det deira tur. Saman med resten av dei raude og blå, fann ho sin trygge plass mellom dei store gutane. Dei gjekk i øvde rekke innover kyrkjegolv, der dei fann plassane sine. Ho var klar.

Han retta ryggen, slik at han kunne sjå henne. Dirigenten løfta taktstokken og Gershwins kjende Summertime fylte kyrkjerommet med sommarstemning, midt i desember. Han måtte smile for seg sjølv, eit merkelege val av stykke, måtte han medgi at det var.

Han lytta og tenkte på Ella Fitzgerald sin vakre jazzversjon «summertime, and the livin' is easy», fish are jumping and the cotton is highba..ba.-.-.babababa....ba..ba..babababa... frå den fyldige althornrekka. Så var det over, eit vakkert augeblikk i desember.



Kjetil Tandstad
fødd 1950, er pensjonist med
fartstid som journalist og muse-
umsmann. Han er redaktør av
Årbok for Sykkylven og styrem-
edlem i dugnadsorganisasjonen
Aura-Påls vener.

Gildehallen og Fimbulvinteren

Av Kjetil Tandstad

Gjenreising av den 1500 år gamle Gildehallen på Auremarka vil vere økonomisk berekraftig, konkluderer ein konsulentrapport. Hallen er frå den tida då Fenrisulven slukte sola og den tre år lange Fimbulvin- teren senka seg over landet.

Den staselege Gildehallen på Auremarka er ein av dei aller største bygningane vi kjen- ner frå Norden i førhistorisk tid. Hallen vart bygd ein gong mellom åra 500 – 750, meiner arkeologane. Det er underleg å tenkje på at den store og staselege bygningen vart reist i same epoken som då ein miljøkatastrofe tok livet av kanskje så mange som halvparten av menneska i Norden.

«Svart vert solskin»

Dei gamle overleveringane om den tre år lange Fimbulvinteren hadde blitt overlevert frå generasjon til generasjon før dei vart skrivne ned som ein del av Den eldre Edda på 900-talet. Fenrisulven og Fimbulvinteren vart sett på som eit varsel om Ragnarok:

«Matar seg mett/ på menneslik

om gudegardar/ gøyser han blod.

Svart vert solskin/ sumrane etter,

vêret vålyndt. Veit de nok, eller kva?»

Slik heiter det i Voluspå, trollkvinna si skremmande forteljing og spådom, i Ivar Mortens- son-Egnunds klassiske omsetjing. I Voluspå fortel volva korleis menneska vart til og korleis verda skulle gå under. Fenrisulven ville sluke sola. Fimbulvinteren ville kome med hungersnaud og død. Ein frykteleg kamp mellom Odin og Midgardsormen innleier Ragn- arok, den norrøne endetida. Etter dette skulle ei ny og betre jord stige opp.

No spør stadig fleire forskarar seg om historia om Fimbulvinteren berre er ein myte, slik ein har trudd, eller om ho kanskje har si rot i ein faktisk miljøkatastrofe. Funn peikar mot at det i året 536 var store mengder ureining i atmosfæren som kan ha skygd for sola og ført til ein vinter som varte i to, kanskje tre år. Den faktiske Fimbulvinteren er i så fall innan- for den gjeldande dateringa av Gildehallen på Auremarka. Dei gamle norrøne mytane får plutsaleg ny aktualitet.

Draumen om ein gildehall

For nye eller gløymस्कne lesarar: For vel 30 år sidan gjorde ein store funn då ein sette i gang arkeologiske utgravingar i samband med ei sentrumstomt som skulle byggjast ut i Sykkylven. Kokegroper, stolpehol etter mange hus og ardsfor frå primitiv pløying kom til syne då jordlaget vart grave vekk. Det var noko av ein sensasjon, skulle det vise seg. Her, kloss inntil sentrumskvadraturen, låg eit område med spor etter menneskeleg aktivitet frå steinalderen og heilt fram til våre dagar.

Oppe i bakken sør for Storgata, hit fjorden nådde då innlandsisen framleis pressa landet ned, er det gjort funn frå steinalderen (4000 – 10.000 år før vår tidsrekning). I bronseal-



Odin og Fenris.
Frå kampen mellom
Odin og Fenrisulven som
innleier Ragnarok i norrøn
mytologi.
Teikning: Mabel Dorothy
Hardy 1909. Wikimedia
Commons.

deren (1800 – 500 fvt) hadde fjorden trekt seg meir tilbake. Menneska følgde etter. Tufter etter dei første faste bustadene finn vi rett nord for lokala til Blinken-bygget, der lokalavisa Nyss no held til. No hadde forfedrene våre blitt bufaste og bønder. Dei hadde husdyr, dei dyrka kanskje korn, spann og vov ull og lin og hadde gode båtar på fjorden. Dei fleste husa det er funne spor av, skriv seg likevel frå romersk jarnalder og og folke- vandringstid – altså tidsrommet frå år 0 til år 570. Landet hadde heva seg endå litt meir. Derfor ligg desse tuftene endå litt nærare fjorden. Husa har ulik type og storleik, men er treskipa. Det huset som er best dokumentert, er eit 39 meter langt langhus, orientert aust- vest, og tidfesta til rundt år 200.

Eit anna av husa er eitt av dei største vi veit om frå Norden i førhistorisk tid. Den store hallen er 56 - 57 meter lang og rundt ti meter brei. Det gir ei golvflate på bortimot 600 kvadratmeter. Arkeologane, blant dei Bjørn Ringstad i si bok om Auremark-funna, har teke sjansen på å kalle det ein gildehall. Det var brukt grovt tømmer i konstruksjonen. Stolpe- hola tilsvarar stokkar med eit faktisk tverrmål på rundt ein halv meter. Stolpane stod mel- lom 0,9 og 1,2 meter ned i bakken. Tverrbjelkane i grindane var fire til fire og ein halv

Brakteaten frå Naglum, Trollhättan i Sverige. Motivet er den nordiske guden Tyr som får handa avbitten av Fenrisulven. Teikning: Gunnar Creutz. Wikimedia Commons.



meter lange. Dei ti grindane var sette opp med mellom fire og seks og ein halv meters avstand. Hallen har hatt ei svak båtform og var breiast på midten. Øvst i stolpehola vart det funne spor av hardtrampa leire, som truleg stammar frå eit leirgolv. Det er ikkje sikre spor etter ytterveggar, men her var nokre mørke striper i grunnen i det nordaustre hjørnet, som blir tolka som svillstokk og spor etter takdrypp.

Dei berande konstruksjonane på midten ser ut til å ha vore tjuvkare og meir solide enn resten. Det er ikkje utenkjeleg at dette mektige bygget kan ha hatt eit forhøya midtskip eller midtrom, som i enkelte stavkyrkjer, skriv arkeolog Bjørn Ringstad. Stort og ruvande har i alle fall huset vore. Ringstad slår fast at dette huset er blant dei aller største som er funne i Noreg. Han nemner andre store hus: Veien, Ringerike (47 meter langt), Forsand, Rogaland (50 meter langt), Valum, Hamar (51 meter langt), og Borg i Lofoten (83 meter langt).

Det unike arkeologiske området ligg samla i eit felt som er nokre få hundre meter langt. Det har fått mange til å peike på kor fantastisk godt det ligg til rette for formidling. Så langt har dugnadslaget Aura-Påls vener gjenreist ei tolking av eitt av husa frå bronsealderen. Arbeidet vart gjort av godt kvalifiserte dugnadsarbeidarar, fleire av dei pensjonerte byggmeistarar. Tømmer vart felt og grindene vart bygde under tak i eit fabrikklokale ein fekk låne. Dei berande konstruksjonane vart frakta til Auremarka og sette saman der. Huset fekk torvtak og veggar vart bygde av ein mørtel av leire og hestemøkk med eit flettverk av greiner som kjerne. Huset var innvigd sommaren 2020. Det er teke i bruk til formidling for skular og barnehagar og blir også lånt ut til fødselsdagsfestar, møte og andre sosiale samlingar.

Bronsealderhuset er det første tilskotet til ein museumspark på Auremarka. Eit berande element i planen vil vere bygginga av Gildehallen. Det er tenkt som eit bygg som ikkje berre skal vere ein attraksjon og ein formidlingsarena for historie, men som også kan bli heile kommunens storstove og ein stad å presentere til dømes musikk og matkultur for turistar og andre tilreisande. Det som skal byggjast, blir ei tolking av bygningen ein ser tufta av. Arbeidet med gildehallen vil vere så omfattande at det ikkje kan gå vidare som dugnadsprosjekt. Kommunen har teke ansvar for den vidare framdrifta. Konsulentselskapet Segel, som også var konsulent for Sagastad på Nordfjordeid, har levert ein forstudie som konkluderer med at prosjektet vil vere berekraftig økonomisk. Dei rår kommunen til å gå vidare med eit forprosjekt.

Hundreåret som forsvant

Tilbake til 500-talet: Den mytiske Fimbulvinteren er omtalt både i den norrøne mytologien og i det finske nasjonaleposet Kalevala. Myten kan ha sitt opphav i ei høgst historisk hending, meiner stadig fleire forskarar. 500-talet var ei overgangstid og har vore lite undersøkt tidlegare, men no er forskarar i fleire land på sporet etter ein katastrofe som må ha hatt dramatiske konsekvensar for menneska.

Noko plutselig og uventa må ha skjedd. Procopius frå Bysants skreiv i sitt verk om Vandalkrigen at det skjedde eit merkeleg under på hans breiddegrader på denne tida. Sola lyste som månen, utan stråleglans. Menneska vart utsette for krig, svolt og anna dødeleg, skreiv han. Solformørkinga kom plutselig, utan varsel og varte lenge. Ingen kunne forklare kva som hadde skjedd.

Forskarane har stussa over at det i Norden på 500-talet brått vart slutt på dei rike gravfunna frå hundreåra før. Folk ser ut til å ha blitt fattigare. Det blir tilbakegang i folketal, fleire audegardar og enklare gravferdsskikkar. Skuldast det klimavariasjonar, invasjon av andre folkegrupper eller pest?

Den svenske geografen og myrforskaren Rutger Sernander lanserte i 1910 teorien om at myten om Fimbulvinteren faktisk kunne ha ein heilt konkret historisk bakgrunn. Han hadde ein hypotese om at ein kraftig klimakatastrofe hadde ramma Norden på 500-talet. Professor Bo Gräslund ved Uppsala Universitet tok seinare opp hansken. Han var den første som la fram indikasjonar på at innbyggjartalet vart halvert i Sverige på denne tida. Då han i 2007 publiserte ein artikkel om Fimbulvinteren, førte det til større interesse frå andre forskarar. Det viser seg at eit stort tal gardar vart forlatne midt på 500-talet i Sverige. Store beiteområde grodde att. Norrland i den nordlege delen av Sverige vart truleg så godt som avfolka. Lenger sør verka det som folketalet brått vart halvert.

I Noreg melder paleontologen Per Sjøgren ved Tromsø universitetsmuseum seg på i diskusjonen. Til nettstaden forskning.no fortel han at han har funne spor etter ei dramatisk klimahending i nord for 1500 år sidan. Kari Loe Hjelle, professor i naturhistorie ved Universitetet i Bergen, har vist at menneska brukte Storesætra i Stryn aktivt fram til om lag år 500. Så blir det brått mykje mindre gras og attgroinga skyt fart. Kolstøv, som er også ein indikator på menneskeleg aktivitet, blir også borte frå Storesætra på 500-talet. Sætra var ikkje lenger i bruk.

Forskaren Morten Vethus har i ein rapport for Universitetet i Bergen påvist at talet på arkeologiske funn på Jæren vart redusert med 87 prosent rundt år 500. Sjølv i eit fruktbart område som Jæren blir altså delar av landskapet heilt tørt for menneske. Det stemmer også over eins med forskning som romforskningsadministrasjonen NASA publiserte i 1983 om kjende historiske vulkanutbrot. Mykje av deira forskning baserte seg på iskjernar bora ut frå den eldgamle grønlandske innlandsisen.

Svensken Fredrik Charpentier Ljungquist, som både er historikar og klimaforskar ved

Universitetet i Stockholm, meiner det må ha vore eit enormt vulkanutbrot i året 536 og kanskje endå eitt i år 540. Det må ha skjedd nær ekvator. Kanskje kom den enorme støv-skya frå vulkanen El Chichon i det sørlege Mexico, meiner han.

Utbrota frå Eyjafjallajökull på Island lamma flytrafikken i store delar av Nord-Europa i 2010. Men Fimbulvinteren må ha blitt til etter eit mykje større utslepp. Nokre meiner at sjølv dei kraftigaste vulkanutbrot, som Krakatau i 1883 og Pinatubo i 1991, ikkje ville vere i stand til å lage anna enn lokale solformørkingar. Det må minst eit kometnedslag til for å skape ei formørking som kan gi slike store utslag i andre verdsdelar, er det hevda.

Truleg vil ei langvarig solformørking ramme hardare i nord enn lenger sør i Europa. Når temperaturen går kraftig ned i den korte nordiske sommaren, får det store konsekvensar for avlingane. Ei ulukke kjem dessutan sjeldan åleine. Når avlingane har svikta og menneska er utsvøltne, er dei ekstra utsette for sjukdom. Den justinianske pesten ramma Europa i år 541, altså berre fem år etter den store Fimbulvinteren. Bakteriane i denne pesten var dei same som under Svartedauden. Den justinianske pesten tok til dømes livet av 40 prosent av innbyggjarane i Konstantinopel i løpet av to år. Pesten er påvist så langt nord som Tyskland. Det er ikkje utenkjeleg at den spreidde seg vidare til Norden.


Ei enorm krise må det i alle fall ha vore som ramma. Katastrofen må ha påverka både enkeltmenneska og samfunnet og prega livet gjennom mange generasjonar. På 500-talet vart gravhaugane små og lite prangande. Innhaldet var sparsamt. Dei tradisjonelle steinkistene gjekk ut av bruk. Fleire døde vart lagde i flatmarksgraver. Det var meir eller mindre slutt på å finne keramikk eller drikkekar i bronse og glas i gravene. Leirkara blir også borte frå gravene og eventuelt erstatta av kar og bøtter av tre eller kleberstein. Elles er det gjenstandar av jarn, til dømes reiskap til bruk i jordbruket, som dominerer gravfunna. Når funna tek seg opp att frå 600-talet og framover, ser det ut til at jarnet ein finn er utvunne med ein annan teknologi enn før.

Skattar er det lite av. Eit unntak er nokre få store gullskattar frå Trøndelag og Austlandet. Desse gravene inneheldt importerte våpen, dyre beltebeslag og hjelmar med ornament. (Akerkomplekset) Funna viser slektskap med nokre tilsvarande funn i Sverige (Vendel, Valsgärde) og den engelske båtgrava frå Sutton Hoe. Det er også funne eit stort tal gullgubbar frå denne tida. Gullgubbar er små figurar – relieff trykt inn i tynne plater av gull og berre ein til to kvadrantcentimeter store som det er funne tusenvis av i Skandinavia. Motivet er ein mann og ei kvinne, kanskje av vaneguden Frøy og jotunkvinna Gerd, og vart kanskje ofra for god avling. Den danske museumsinspektøren, mag. art. Morten Axboe, har lansert ein teori om at gull var ofra for å formilde gudane, fortel videnskab.dk.

Eit nytt samfunn

Forskar Ingunn Røstad ved Kulturhistorisk Museum, har påvist at klede og smykke frå 600-talet er enklare enn dei var før 500-talet. Heile samfunnet endra seg. Store område vart ståande ubrukte. Det var færre mektige høvdingar, men dei som overlevde, vart endå mektigare og nokre vart rekna som småkongar. Frode Iversen, professor i arkeologi ved Kulturhistorisk museum i Oslo, har ein teori om at katastrofen ramma særleg hardt dei som var på botnen av samfunnet og dei som var på toppen. Men kanskje vart det meir likeverdige kår for dei mange i midten.

Det ser ut til at dei minste og minst fruktbare gardane vart forlatne og at store og meir sentrale eigedommar vart delte opp i mindre bruk. Det gamle landbruket var arbeidsintensivt. Massedød førte til mangel på arbeidskraft. Det var umogleg å halde produksjonen oppe. Det er gjort funn som tyder på at husdyrhaldet auka mot slutten av 500-talet. Tidle-gare åkerland vart kanskje no brukt som beiteland fordi ein ikkje hadde folk nok til å drive meir intensivt. Kanskje førte det til at dei som utførte det praktiske arbeidet fekk høgare status i eit samfunn som ikkje kunne greie seg utan arbeidskrafta deira.



Kriser fører til nedgang. Nedgang fører til omstilling og tilpassing, ofte modernisering. I løpet av merovingartida frå år 550 til vikingtida år 800 skifta stil og mote sterkt. Dyreornamentikk fekk ein stor plass både på kvinnesmykke og på våpen. Funn av runesteinar frå perioden viser ein overgang frå urnordisk til norrønt språk. Språket blir effektivisert og forenkla gjennom synkopar, det vil seie bortfall av vokalar eller stavingar inne i orda. Det urnordiske wiraR vart til dømes til norrønt verr, «mann». Omstendeleg urnordisk utviklar seg til eit meir funksjonelt norrønt som passa betre eit farande folk.

Det skjedde også ei stor utvikling i båtteknologien. Kvalsundskipet frå år 690 var eit godt skip, men måtte roast. Skipa frå vikingtida, altså frå 800 og fram til litt over tuse-nårsskiftet, var havgåande fartøy med segl og med stor rekkevidde.

Dersom det er slik at Fimbulvinteren tok livet av halvparten av innbyggjarane i Norden, må det ha hatt store etterverknader. Til samanlikning tok Svartedauden, som kom til Noreg i 1349, livet av rundt 60 prosent av den halve millionen menneske som då budde i Noreg. Den gongen tok det svært lang tid før landet kom på fote. Først 250 år seinare, i år 1600, ser det ut til at landbruksproduksjonen er på høgde med tida før pesten ramma. Det kan verke som folket kom til hektene mykje raskare etter Fimbulvinteren. Høvdingsetet Borg i Lofoten, med ein gildehall på 700 kvadratmeter, vart bygd rundt år 700. Gildehallen på Aure er altså tidfesta mellom år 500 og år 750. Kven som bygde han og kven som betalte for huset, veit vi ikkje. Storleiken signaliserer rikdom og makt. Vart denne hallen også bygd mot slutten av dateringsperioden, altså på 700-talet, har det berre gått eit par hundreår sidan katastrofen.

Fimbulvinteren må ha vore ein katastrofe som sette djupe spor både materielt og kulturelt. Krisa bana veg for politiske endringar. For enkeltmenneska må tapet av sola ha vore skremmande og blitt sett på som eit endetidsteikn. Likevel vart Gildehallen bygd i desse tider. Eit prestisjebygg, ein måte å vise høvdingen sin rikdom og makt. Eit hus til store festar, for politikk, kultur og religiøse samlingar. Eit prosjekt som skulle vise omverda at her budde det folk som fortente respekt.

Historia frå tida vi kallar førhistorisk – det vil seie ei tid før dei skriftlege kjeldene – er full av gåter og uløyste problem. Ein gjenskapt Gildehall kan ikkje berre minne oss om vår historie og skape rom og perspektiv i våre moderne liv. Det kan også bli ei storstove, der moderne sykkyllvingar kan imponere seg sjølve og tilreisande med det fremste vi har å by på av historie og kultur, mat og drikke.

Sykkyllvingane som bygde hallen, hadde kanskje framleis dei vonde forteljingane om den

Den nesten 600 kvadratmeter store hallen på Auremarka kan ha sett slik ut, men ingen veit. Men dei berande stolpane midt i bygget ser ut til å ha vore grovare enn dei andre. Det kan tyde på at det var eit slag loft eller tårn midt på hallen. Teikning: Arkicon.

Fem lange byks gjennom historia



Lat oss seie at vi greier halvanna tusenår i første steget.
Då landar vi sånn cirka år 521 etter vår tidsrekning.
Gildehallen vart reist ein gong mellom år 500 til 750.
Den store Fimbulvinteren som skal ha vart i tre år, ramma truleg i 536.



Eit nytt hopp på 1500 år: No er vi 1000 år før vår tidsrekning og i bronsealderen. Sykkylvingane er godt i gang med å dyrke korn og halde husdyr. Dei har bygd hus og drive landbruk på Auremarka.



Endå eit kjempesprang. Vi er no i yngre steinalder (1800 – 4000 fvt). Menneska som er i Sykkylven er truleg nomadar. Kanskje prøver dei seg med jordbruk i mindre skala. Det er gjort steinalderfunn blant anna i bakken sør for Storgata på Aure.



Så må det endå eit par 1500-års-byks før vi er tilbake i eldre steinalder. (4000 – 11 000 fvt) Dei første spora etter menneska frå då isen byrja å trekke seg tilbake for rundt 11.000 år sidan. Så gamle er ikkje funna i Sykkylven, men det er blant anna gjort funn frå 5000-talet før vår tidsrekning på Rellingmarka og Klokkehaugen. Ei meir enn 9000 år gammal hasselnøtt er også funnen. Ho har kanskje vore utsett for brann – eller ho kan ha blitt rista over bålet.

lange vinteren under huda då dei gjekk i gang. Bygginga av ein stashall var kanskje ei oppmuntring, eit samlande prosjekt. Dei har spytt i nevane og sett framover. Dei gjorde bruk av det dei hadde av kunnskap, pågangsmot og innsatsvilje. Og dei gjorde sitt beste.

Skaparglede er eit slagord for Sykkylven kommune. Den gongen og no.

Litteratur:

Bjørn Ringstad: Aura-Pål sitt rike. Sykkylven sogenemnd 2001.

Bergljot Solberg: Jernalderen i Norge. Oslo 2003

Segel: Forstudie Auremarka. Sykkylven kommune 2020.

Voluspå. Samlaget, Oslo 1994.

Diverse artiklar på forskning.no og videnskab.dk.

SPRÅK OG SLIKT

– Picture this; ... seier engelskmannen. Og vi må kanskje førestille oss akkurat det; at engelsk blir "den nye norsken" – dessverre. I dette Herrens/ hersens år 2021 fekk vi vite i media at dei unge ute i byen, i Ålesund altso, finn det mest naturleg og tenleg å slå om til engelsk når dei skal spisse språket sitt, både i barnehagen og på vidaregåande. Men enn so lenge kan vonleg dei aller fleste av oss – iallfall her inne i Sykkylva – heldigvis bruke både nynorsken og dialekta vår for å uttrykkje oss best. Til dømes viss vi skal skrive ein limerick.

Ei sykje dei kalla Korona

ho herja i risikosona

med gamle, med svake

men sleppte so taket

då sprøytestikk "tok ta 'nje klona"

GEIR S. TANDSTAD

Biletkavalkaden 2021

Ved Monica Aure Fallingen. Her er nokre glimt med små og store hendingar i året som gjekk, teke ut av lokalavisa Nyss sitt fotoarkiv.



Frå 1. januar er NAV-kontora i Sykkylven og Stranda slått saman til eitt, NAV Sykkylven-Stranda. – Vi har framleis lokale i Stranda der vi gjennomfører planlagde møte, så eg trur ikkje brukarane vil merke stort av samanslåinga, sa leiar Karoline Lied, og la til at NAV Sykkylven-Stranda skal flytte inn i nye, flotte lokale, i andreetasjen i Hjørnegården-bygget i Sykkylven sentrum. (Foto: Monica Aure Fallingen)



Behovet for elektrisk straum veks kraftig. Det merkar Møre Trafo AS i Sykkylven, som aldri har hatt meir å gjere enn i året som gjekk. Det har vorte eit kraftig aukande behov for nye transformatorar og nettstasjonar, mellom anna sidan bilar skal ladast med straum, og det same skal bussar og ferjer. (Foto: Even Ørjasæter)



Med bakgrunn i søknadstala til barnehagane i Sykkylven, prognosar for fødselstala og budsjettet for 2021 rådde komunedirektøren til at barnehagane på Tandstad og Vik skulle leggst ned frå 1. august i år. Politikarane bestemte at Tandstad barnehage skulle fredast i denne omgang og Vik leggst ned. – Det ser ut som at alt som ikkje løner seg, er berre å avvike, sa politikar Otto Magne Strømmegjerde. (Foto: Christine Fohlin Verneland)



Eit klart fleirtal i Sykkylven kommunestyre gjorde eit historisk vedtak om bygge ein ny sentrumsskule til nærare 300 millionar kroner i Bakkeøyane. Det har vore ein lang debatt om kva den nye skulen skal innehalde, mellom anna idrettshall og kulturskule, og korleis den skal utformast. Snart er det klart for oppstart av bygginga. Dette er historisk den største investeringa til Sykkylven kommune. (Illustrasjonsbilde)



E-sportsgruppa i Sykkylven IL fekk 500.000 kroner av Gjensidigestiftinga til etablering av Høbben, ein møteplass for ungdom. Også Sykkylven kommune er positiv til tiltaket, og vil støtte drifta i samband med budsjettet for neste år. Dagleg leiar i Sykkylven IL, Nicolai Karlsen, som har arbeidd med prosjektet, vonar at E-sportsgruppa kan skape engasjement som kan samle ungdom i eit godt miljø. (Foto: Christine Fohlin Verneland)



Etter at Sondre Brunstad Fet (24) vart lånt ut frå AaFK til Bodø Glimt før siste sesong har han blitt ligameister i Noreg, har spelt seg til fast plass på laget og no står kvalifisering til meisterligaen for tur. I tillegg har han kjøpt leilegheit i eit nytt bygg i Bodø, og no kjem endeleg kjærasten Olivia Helgesen frå Ålesund flyttande til Bodø. – Ja, livet smiler til meg no, sa Sondre til Nyss i juni. (Pressefoto)



Med tekst og bilete har Sykkylven historielag lagt til rette for at ein kan bli betre kjent med historia til husa i Aure sentrum. – Dette er eit prosjekt vi i historielaget har jobba med lenge, men som har blitt utsett grunna koronapandemien. Vi synest difor det er veldig kjekt at vi no har fått skilta opp på husvegane, sa Svein Aure, leiar i Sykkylven historielag, som også inviterte til gatevandring. (Foto: Christine Fohlin Verneland)



Det var ingenting å seie på stemninga då banda Skabelon og Kalvedans inviterte til Kaitrappfest i Sykkylven i august. «Halve» bygda møtte opp til ein musikalsk og humoristisk kveld på Kaitrappa. Ole Jonny Duestøl og sonen Elias Johan (4) svinga seg til den flotte musikken. (Foto: Christine Fohlin Verneland)



I rapporten sin for andre kvartal av 2021 viste Ekornes eventyrlege resultat med rekordar i fleng. Konsernsjef Roger Lunde var storfornøgd med veksten og kunne fortelje at Ekornes hadde ein ordresreserve på svimlande 1.174 millionar kroner, altså nesten 1,2 milliardar. Dette er sjølv om møbelprodusenten på Ikornes har auka produksjonskapasiteten sin på 40 prosent og har tilsett til saman over 1.000 nye fulltidsstillingar i Norge og utlandet. (Foto: Even Ørjasæter)



Arkeologar har i haust gjort utgraving i området der det skal bli busslomme på Auremarka. Funna tyder på ein samanheng med det 60 meter lange langhuset i same området, dei har funne både plogspor, stolpar, kokegroper og eit mogleg grophus. – Det kan ha vore ein stor gard som har hatt ein stor sentral religiøs funksjon, sa prosjektleiar Søren Diinhoff, som var på staden saman med feltleiar Sigrid Hervig. (Foto: Amanda Røed Stave)



Saka om bruken av kaiområdet i Sykkylven sentrum, om ein skulle gjere eit makebyte med REN eller ikkje, vart handsama av kommunestyret i slutten av september. Det vart vedtatt at kommunen saman med REN skal samarbeide om utforminga av kaiområdet, og at det skal opprettast ei prosjektgruppe. Så står det att å sjå om det vert etablert Rema 1000-butikk med «operatak». (Illustrasjonsbilde)



Året har vore prega av korona. I starten av september kom det melding om fem nye smittetilfelle av covid-19 i Sykkylven. Av desse var fleire av tilfella hos elevar ved skular i Sykkylven, og på grunn av dette blei det gjennomført massetesting av elevar, lærarar og andre tilsette. Det blei tatt nærare 700 hurtigtestar i løpet av ein dag. (Foto: Even Ørjasæter)



Nils Einar Rye
fødd 1963 i Sykkylven. Han arbeidde nokre år som journalist i Sykkylvsbladet før han gjekk lærarskolen. I mange år har han vore lærar ved Sykkylven ungdomsskule. I 2018 fullførte han masterutdanning i Kulturmøte ved Høgskulen i Volda. Masteroppgåva har tittelen «Finlandsambulansen, Foreningen Norden og Norges Røde Kors sitt krigssjukehus i Finland under Vinterkrigen 1939 – 1940.» Han har elles skrive nokre bøker i ulike sjangrar og vore ein flittig skribent med artiklar og reportasjar i lokale media.

Der draumar vart til

Av Nils Einar Rye

Då eg var liten, var det kolonialbutikk i Klockshuset på Aure, i lokala der frisørsalongen Hairstreet held til i dag. Matbuttkar krydde det av i sentrum, og eg finn derfor ingen grunn til å dvele ved den i Klockshuset no – like lite som eg er spesielt oppteken av frisørbedrifter. Ikkje eit einaste vondt ord om dei som skaffar oss det daglege brød, eller sørger for at vi er presentable på håret. Men mitt ærend er eit anna, og eg vil nærme meg desse litt slitne butikklokala på ein annan måte. Eg vil gi dei ein nesten religiøs og eksistensiell verdi. For meg.

Eg tenker sjølvsagt på den viktige kulturepoken då Musikkcenteret AS heldt til her. Det var i overgangen frå sytti- til åttitalet, det var den tida då heile det litt høgreste Klockshuset fekk ein ny pondus og stod fram med ein til då ukjend autoritet for meg og mange kameratar. Musikk var mat. For sjela.

I lokalhistoriewiki.no står følgjande å lese:

«Musikkcenteret AS var ei spesialforretning for plater og musikkinnlegg i Sykkylven. Det var Odd Egil Hoprekstad, Bjørn Lade og Per Kjartan Lade som skipa firmaet som aksjeselskap i 1979, og kjøpte då varelager og inventar av firmaet Maskinservice, som hadde drive ei liknande forretning nokre år. Butikklokala vart som tidlegare i Klockhuset på Aure. Musikkcenteret A/S selde plater, kassetar, stereoanlegg m.m., og hadde elles eigen serviceverkstad. Det var to tilsette i firmaet i 1983. Odd Egil Hoprekstad var dagleg leiar. Butikkdrifta vart lagt ned etter nokre år då innehavarane gjekk over i anna verksemd.»

Så stusseleg tørt kan det formulerast, så effektivt kan det kamuflerast at Musikkcenteret var noko meir enn ei «forretning» og eit «aksjeselskap»! Med Musikkcenteret på gatenivå vart Klockshuset Aure sentrum sitt svar på saloonen i Kruttrøyk og Morgan Kane-bøkene. Det var her alle dei tøffe revolvermennene gjekk, det var her ein fekk servert skikkelege saker over disken. No var det lite ved Sykkylven som elles minte om Det ville Vesten, og det var ikkje Etta Place eller Kitty som møtte oss i svingdørene (som ikkje var svingdører). Det var Odd Egil Hoprekstad og Ove Klokk.

Å henge i platebaren med feite hovudtelefonar og lytte til det siste nye som var kome til denne provinsen av ei sykkylvsbygd frå rock- og popuniverset lysår unna, gav oss ei kjensle av å følgje med. Ta del i tida som pulserte utanfor heimbygda der alt elles verka å stå stille. Vere ein del av noko langt større enn oss sjølve. Vi var strigla ungdommar. Vi drøymte om å vere noko anna.

Vi ville vere rebellar. Rocken i alle sine variantar framstod som eit radikalt politisk manifest av lyd og – til tider – uforståelege tekstar som måtte tolkast, diskuterast og skape ny innsikt. Rocken tilbød eit åndeleg kart som kunne leie oss ut av Sinai-ørkenen og inn i det lova landet, det som ikkje flaut over av mjølk og honning, men av feite lovnader om ein ventande, men til no uforløyst fridom og eit anna liv. Ein annan stad. Langt borte.

Vi var seint i tenåra, gymnasiastar, verdsmeistrar (som ein ofte er i denne alderen) og leie av alt som fortøna seg som eit kronisk kulturelt lågtrykk mellom regntunge sykkylvsfjell. I



Illustrasjon: Jørle Slyngstad.

denne ørkenen av bedehusbasarar, korps- og korkonsertar og dødsstille sundagar; i dette audelandet der biblioteket ikkje ein gong hadde Sven Hazel-bøker fordi denne usminka krigslitteraturen kunne vere «skadeleg» for unge – ja, i desse endelausa sanddynene der berre bygdedyret kunne finne næring, framstod Musikkssenteret som ein eviggrøn oase. Her kunne vi sende den virtuelle mjødbollen rundt og ta store, leskande slurkar av det vi i ettertid kan kalle DEN MODERNE KULTUREN, den verda som hadde alle svara på våre inste lengslar. Vi var ein brorskap. Musikkssenteret var vårt heilage møtepunkt.

Berre dei som har opplevd det, kan forstå gleden ved å kome inn i ein platebutikk og starte det mødesame arbeidet med å bla seg igjennom alfabetet, bokstav for bokstav, cover for cover. Dra den dyrebare vinylskiva ut av innercoveret, lese tekstar og studere bilete og illustrasjonar – enten det er den trugande slangen på framsida av Innocent Victim til Uriah Heep, eller den brennande mannen som helsar på ein annan på coveret til Wish You Were Here frå Pink Floyd.

Spotify, seier du? Gløym det. Touchskjermen kan aldri – nokon sinne! – erstatte kjensla og lukta av ein jomfrueleg LP som ser dagens lys for første gong etter at den forlet pressa på ein eller annan fabrikk i eitt eller anna utland. Å vere menneske er å ta på, kjenne på, lukte, sjå, sanse. Og den taktile lukka det er å ta ei LP-plate, legge den på spelaren og varsamt sette stiften ned, for så å vente på at tonane kryp inn i øyregangane, inn i hjernen, inn i sinnet, inn i sjela – vel, den får deg rett og slett til å kjenne at du finst. På åttitalet var Paradiset analogt. Mennesket og livet var tredimensjonalt, minst, og digitalhelvetet enno langt unna.

Musikkssenteret A/S var ein institusjon som tilbød terapi for sarte gutesinn! Terapeutane eg hugsar ekstra godt, var altså Ove Klokk og Odd Egil Hoprekstad. Ove ofte i høgghalsa genser, Odd Egil i T-skjorte. «Hei, gytt!» sa Odd Egil der frå bak disken når vi ramla inn døra. Gleda var stor når han kunne presentere nye produkt frå EMI, Polydor, Harvest, Apple – nei, ikkje den sjellausa telefonprodusenten! – og alle dei andre store aktørane i musikk-industrien. Ove var altmulegmannen og teknikaren som likte seg godt på verkstaden bak i lokalet. «Hei, chei!» sa han på klingande nordlandsk. Om du hadde tid, forklarte han deg gjerne forskjellen på volt og watt, rør og transistor et cetera, et cetera.

For Musikkssenteret hadde ikkje berre plater og kassetar; heile langveggen på høgre sida var, så vidt eg hugsar, fylt med stereoutstyr i ulike prisklassar. Her fann eg mine første Cervin Vega-høgtalarar, Model U12. Deileg bassrefleks som verka så godt at far min i periodar skrudde ut sikringa heime. Musikkssenteret hadde også Pioneer i hyllene. Pioneer var store både på stoveanlegg og ikkje minst bilstereo. Far min var ein god mann av mange årsaker, men då eg brukte mitt aller første studielån på eit Pioneer Component Car Stereo-anlegg, likte han det definitivt ikkje. Likevel sa han ja til å la Ove Klokk montere det i bilen hans – ein Peugeot 504 GL med leopardmønstra varetrekk på seta. Far heldt med bil, og eg heldt med anlegg. Ein god deal, vil eg seie. Det var på denne tida eg fekk tinnitus. Det er snart førti år sidan Musikkssenteret AS var sola, og eg og mine musikkinteresserte kameratar planetane, i ei tid der vi prøvde å finne ut av verda og oss sjølve. Det var korte, hektiske år, men stundene vi fekk der var ubetalelege augeblikk som i minnet kan strekkast og strekkast.

Musikkssenteret var ein lokal utpost for ein kultur som vi kunne kalle vårt domene. Her spelte vi nesten bokstaveleg talt på heimebane og foreldra våre på borteane. Musikken som gøymde seg mellom rillene i vinylen peika på ein veg ut av konformiteten og inn i leitinga etter noko å brenne for, kjenne begeistring og interesse for. Vi ville følgje oppmodinga i reklamen for før nemnde Pioneer Component Car Stereo: Go Your Own Way. Have An Eargasm. Legg merke til den vesle omskrivinga i siste ordet. Er det ikkje tøft? Er det rart vi vart hekta?

Baugeid Dagsdotter

Av Per Svein Tandstad

Eit spedbarn ligg i vogga. Det er ei lita jente som foreldra tenkte å døype Baugeid. Ein litt eldre bror, Gregorius, er fire år og skal sjå til systera medan mora Ragnhild er ute. Han sit på golvet og leikar seg ved sida av vogga. Neste gong han kikkar på barnet i vogga, er ansiktet blått, munnen og augo attlatne. Dette blå hadde ikkje guten sett før: Han ser mot døra – kvar er mor? Guten snur seg og ser på spedbarnet. Han held handa på brystet – ingen pust!

Brått kjem mora inn. Ho ser det blå barnet. Ho legg munnen over barnemunnen og av all kraft syg ho ut slimet frå munnen, nasa og svelget. Barnet pustar igjen. Gradvis blir blåfargen borte. Ein frykteleg augneblink blir til glede.

Heilt frå ho låg i krubba, har vesle Baugeid spinkle årar, ristingar og slim. Meir enn ein gong var mor Ragnhild usikker på om ho ville overleve. Ho kan sveitte ei stund – og fryse noko seinare. Mora tok henne med til ei urtekvinne som gir gode råd. Ho får vinkokt oksetunge, steikt med stikkelsbær i hønsefeitt. Til drikke får ho pulverisert svarthyll, åkermåne og knust gåsefot. Det låg prøving og feiling bak slike råder. Drikken må ho ta tidleg om morgonen. Vert Baugeid redd eller bedrøva skal ho blande varm eplevin med litt kaldt vatn og drikke - helst på tom mage.

Namnet Baugeid kjem av det gamalnorske ordet «baugr» som tyder ring, armband. Det er altså noko ein bøyer heilt rundt og sveisar saman med stor nok varme. Eigentleg var namnet heidensk. «Baugeidr» var også eiden ein svor ved den heilage stålringen stalla-bringr, som låg på pallen i heidenske gudehov.

Klosterøya

Far til Baugeid var lendmann Dag Eilivsson. Han hadde eigedommane sine rundt det



Per Svein Tandstad

fødd 1939, er pensjonert lærar og bonde, muskar og dirigent. Han er sterkt interessert i historie og slektsforskning. Han har tidlegare fortalt om kona til Gudbrand i Vik. Denne gongen er det lagnaden til Baugeid, som Aura-Pål var onkel til. Ho vart nonne i England og enda sine dagar som abbedisse ved Gimsøy kloster i Bratsberg. Hovudkjelda hans er Snorres kongesoger og han har også late seg inspirere av forfattaren Aina Villanger og hennar skildring av Baugeid i den skjønnlitterære Baugeids bok.

Gimsøy - Klosterøya, med Søndre Brekke gård, Skien. Herregarden var der Gimsøy Kloster låg før den store brannen i 1546. (Wikipedia)



Brodert bokinnbinding
frå eit kloster i England,
1300-talet. Wikimedia
Commons.

som i dag er Skien og han budde på Bratsberg. Elva frå Norsjø renn gjennom staden. Der er ei øy som i dag heiter Klosterøya fordi Dag Eilivson bygde eit kloster her. Dette nonneklosteret stod her i omtrent 400 år. Gimsøy kloster vart grunnlagt ca 1120 og nedlagt i 1536. Det var nedbrent i 1546. No er også murbygningen riven.

Då Dag Eilivsson skulle gifte seg, sende han kurerar (sendemenn) rundt om i landet. Han måtte finne ei dotter av ein familie av same byrd. Valet fall på Ragnhild Skoftesdotter av Giske. Ho hadde namnet sitt frå bestemora Ragnhild Torbergsdotter, som igjen var dotter til Erling Skjalgson på Sola. Giskeætta var ei av dei store og mektige ættene i Noreg.

Denne Ragnhild må vere den eldste jenta i barneflokket til Skofte Ogmundson. Ho hadde i alle fall fire brør: Ogmund, Tord, Finn og Pål. Ogmund heitte opp att etter bestefaren og var eldst. Tord heitte etter Tord Foleson, som bar merket til Olav Haraldson i slaget på Stiklestad. Finn hadde namnet sitt etter Finn Arneson. Desse brørne fekk vere med faren då han rusta ut fem langskip til flåten som skulle vere med kong Sigurd Magnusson Jorsalfar til Det heilage landet og fri det frå heidningane. Det gjekk ikkje så bra med Skofte og dei tre sønene hans. De vart sjuke i Roma og døydde. Pål, som var for ung til å vere med, tok over Giskegodset. Han flytte frå Giske til Sykkylven og fekk namnet Aura-Pål. Han vert rekna som ein av dei store godseigarane i landet.

Aura-Pål hadde altså ei søster, Ragnhild, som vart gift med Dag Eilivsson på Bratsberg. Han var såleis onkel til vesle Baugeid som voks opp der. Det var næraste slekta.

Magnus Berrføtt fell

Dag Eilivson var lendmann. Kongen var Magnus Berrføtt. Då kong Magnus skulle vestover til Irland, var Dag ein av stormennene som vart med han. Nordmennene herja og vann mykje av landet. Om våren tok kongen hæren sin vest til Ulster. Det vart mange nye slag og dei vann meir land.

Han hadde teke mesteparten av Ulster og etla seg aust til Noreg. Hæren låg seglbudd og dei tykte dei måtte ha med seg meir kjøt. Kong Magnus sende bod til kong Myrkjartan etter fe til slakt. Då mennene med slaktet ikkje kom tilbake til rett tid, gjekk Magnus i land med mesteparten av mannskapet sitt. Då dei kom opp på ein bakkekam, kunne dei sjå ei støvsky lengre oppe i landet. Det var eitt av to: Anten var det deira menn med slaktefeet eller så var det ein irsk hær. Magnus let kalle alle menn til strid. Då støvskya nærma seg, såg dei at det var deira menn med slaktefeet. Dei kom ut på eit myrlendt område og det gjekk seint å få med seg feet.

Men brått storma det fram væpna irar frå skogskjerr rundt dei. Kongen let blåse til samling, men det var ikkje lett. Dei var spreidde ute på ei myr. Kongen sende folk inn på turt land. Dei skulle skyte med pil og boge mot irane medan resten av hæren fekk kome seg ut frå myrlendet. Torgrim heitte leiaren. Han og bogeskyttarane hans flykta. Situasjonen for dei ute på myra vart kritisk. Kong Magnus fekk eit spyd gjennom begge låra. Han treiv skaftet, braut det sundt og sa: Såleis bryt vi leggsperrer, gutar!

Irane gjekk kvast på der kongen var og han fekk eit hogg i halsen av ei øks. Det vart banesåret hans. Det fall også mange av nordmennene, men også mange irar. Situasjonen var kritisk for nordmennene, så dei flykta ned til skipa. Dag Eilivsson var den tredje siste som flykta, fortel Snorre. Kong Magnus Berrføtt styrte landet frå 1093 til 1103.

Jorsal-ferd

Fire år etter at kong Magnus Berrføtt var fallen, reiste kong Sigurd Jorsalfar sørover med

ein hær og 60 skip. Dag Eilivson, Skofte Ogmundson og tre søner, Ogmund, Tord og Finn reiste saman med han. Dag Eilivson kom tilbake, men Skofte og to av sønene hans vart sjuke i Roma og let livet der. Tord levde lengst. Han døydde på Sikiløy (Sicilia), fortel Snorre. Reisa til Jorsalland tok tre år.

Dag kom heim og familien og heile kaupangen heldt ein stor fest for dei over fleire dagar. Baugeid hugsar godt ei gåve frå eit nonnekloster i England, eit skinn med bilete av Maria og Jesusbarnet. Faren har mykje å fortelje. Han har med seg ei flis av den heilage krossen. Han legg flisa i handa til Baugeid og ser på henne med eit merkeleg blikk. Blikket fyk inn i henne og blir ei sildring langs rygggraden. Ho held ei flis av Jesu kors. Han som gav livet sitt for at ho og alle som trur på han skulle bli frelste. Sjela trer fram som eit balansert og klart lys, seier far Dag. For mennesket sitt lys kjem frå sjela, når sjela er frisk. Det byrjar å demre for Baugeid kva ho skal bli.

Baugeid arbeider ute. Ho får raude kinn. Slimet er nesten borte og nesten ikkje noko av det ho et kjem opp att. Men så skjer det av og til at ho ikkje får tømt tarmane – og då må ho vitje urtekona. Ho vert undersøkt og skal tygge kvitløk sakte. Så får ho varm drikke med eit avkok av døvnesele, knust peppar og kardemomme, med nokre dropar malurt. Ho drikk alt i ein omgang. Ho blir varm innvendig og ei indre murring blei vekk. Så må ho puste inn den stikkande lukta av eddik. No er ho klar til å ta imot kunnskapen. Då ho kom heim, hadde ho bestemt seg. Ho skal til Maria. Far Dag er samd - ho skal i kloster – i England.

I kloster

Men først skal broren Gregorius reise. Skipet ligg ved kaia. Mykje proviant skal om bord. Skipet skal først til Danmark, så til Gotland. Ingen veit når Gregorius kjem heim.

Så er det Baugeid sin tur. Ho har fått plass på fremre tofte. Ho sit med ryggen mot framstammen og er i le. Ho skal til Nunnaminster. Under tofta står ei lita trekiste med eignelutar og gåver til klosteret frå mor Ragnhild og far Dag. Skipet sig nedover elva. Ho vinkar til mor, far og andre kjende. Skipet har 20 tofter med fire mann per år. Det høyrst ein monoton song i takt med roinga. På turen blir Baugeid sjøsjuk. Ho kastar opp grøn galle i ei renne som fører alt som kjem opp ut gjennom eit hol i sida av skipet. Åtte jenter, to beregutar og ei syster frå klosteret er komne på kaia for å ta imot. Der er ei nokså stor vogn, to hestar og to hundar. I vogna er det trekister med rikeleg med mat og klede. Dei går og går, forbi landsbyar, gjennom skogholt og over åskammar. Etter 15 dagar nærmar dei seg. Skinnskorne til Baugeid er nesten berre fyller, føtene er hovne og fulle av gnagsår. Då dei kjem ut av ein tett skog, ser ho Nunnaminster. Midt i det grønne landskapet ligg ein mørk koloss av grå stein – med søyler, bogar og spir – og i enden av bygget eit massivt kvadratisk tårn med kors på toppen som ragar mot himmelen.

Komen innanfor jarnporten høyrer ho songen – berre så vidt – for den kjem djupt der innanfrå og legg seg som eit slør rundt den nykomne. Er det tonane som gjer at ho brått kjenne seg svært trøyt. Ho sig saman og systrene ber henne inn. Baugeid blir sengeliggjande i fleire dagar. Ho får godt stell. Ho har stygge draumar, men den tredje dagen vaknar ho og ser klart.

Dåpen

Ikkje lenge etter vert Baugeid døypt. Ho ligg på ryggen på ein trebenk som er dekt av eit ullteppe og eit stykke kvitt lintøy. Ho har ei kvit drakt på seg av lin, og på hovudet har ho ein blomsterkrans. Hovudet ligg fritt utanfor trebenken. Det kviler på ein linduk som er stramma rundt ein trelem på kvar side. Systrene ber henne om å late att augo. Dei heller vatn blanda med mjølkesaft frå valmue ned mot eit punkt midt på panna hennar.

Vatnet er klart og det renn mot bakhovudet der det samlar seg. Det vert soge opp av linduken eit lite bel før det dryp ned i ei markmorkrukke. Det er vatnet som held på ungdommen i lekamen, seier systrene. Det er og vatnet som tek fram ljuset i sjela. Ho føler det som om det heilage vatnet renn inn i kroppen, sildrar gjennom innvollane og tarmane og strøymer rundt i vevet. Ein varme breie seg, frå like under brystet og utover, som ei femarma eldstjerne. Kroppen vert fylt i ei fast og tydeleg form. Hjernen blir stram og funk

lande, magen roleg og fuktig og hjartet eldfullt.

Baugeid opnar augo. Det er stilt i rommet. Systrene er vekke. Ho er våt på ryggen og mellom låra. Urin og vatn er soge opp av ullstoffet som er der. Håret er vått og klebrar seg til ansiktet. Baugeid ser opp i takkvelven høgt der oppe. Baugeid har blitt til Begeda.

Baugeid har fått ei ny drakt. Det er ein ufarga vadmålskjortel med eit ullbelte. Utanpå har ho ei mørkeblå kappe med eit tynt, fletta livband av dyresener. Kledet på hovudet sit stramt. Det får andletet til å glinse kvitt slik at dei spinkle, mørke blodårane på sidene av panna vert synlege. Det får hjernen til å bli stramma inn, seier systrene. Ho skal ikkje sjå trist og redd ut, men dyktig og elskeleg. Hjartet får puste fritt, for forstanden, som er sjela sin visdom, bur i hjartet.

Nonnelivet

Baugeid, no Begeda, må lære mykje. I vevstova får ho lære å veve. I rommet er det kaldt, men vevinga held kroppsvarmen oppe. Det er ikkje gjort på ei lita ykt å bli ei flink vevkone. Der er ti vevstolar i rommet, så der er ikkje stilt. Nett no skal det vevast matter og tepper til eit nytt systerkloster i Winchester. Ho sit på ein trekrakk. Det er monotont arbeid og ho er glad når ei eldre syster slökkjer talglysa.

Eit kloster fekk ein god del av inntekta si frå eldre kvinner som var der på provent. Mennene deira var døde – av krig eller sjukdom. Å vere på provent vil seie at klosteret fekk inntektene frå bruka dei eigde. I dag får eldre folk trygd. På den tida levde dei på gardane og born og borneborn heldt liv i dei. Proventkvinnene eigde oftast fleire bruk – dei var overklasse. Elles var klostera som dagens sjukehus og der var folk i alle aldrar. Det var lærerike år for Baugeid. Ho fekk lære om mange sjukdommar og andre plager. Viktig var det også kva slags rådgjerder dei hadde. Det var ei mengd med urter og safter. Mot gulsott drakk dei først ein drikk av tørka bergflette og valurt, kokt i eplevin og honning. I tillegg la systera ein varm salve av hjortetalg og dampa bergflette over bryst og mage. Elles hadde alle ei sterk tru på Jesu mor, den heilage Maria.

Baugeid var mange år i Nunnaminster. Ho kunne klosteret sine reglar og rytne. Då kjem

Nunnaminster
(St. Marys Abbey)
Winchester, Hampshire,
England)
Wikimedia Common.



ein kurér frå Noreg. Klosteret på Gimsøya står snart ferdig og faren Dag Eilivson ligg på dødsleiet. Dette verkar inn på Baugeid og ho må leggje seg i senga. Søster Cecilia ser til henne og ho kjem seg til att. Det blir bestemt at søster Cecilia skal vere med Baugeid til Noreg.

Gimsøy kloster

Vi er i det Herrens år 1129. Benediktinarklosteret er plassert på det høgaste punktet på Gimsøya. Engelske munkar har bygd klosteret i angelsaksisk stil; med kvadratisk grunnmur og eit ope gardsrom i midten med brønn og hage. Rundt brønnen er det mura opp anlegg til ein prydhage med dei fire slaga roser som alle benediktinarkloster må ha.

Klokketårnet og kyrkjeskipet med kor og alter ligg mot aust. I andre etasje – i enden av same fløya – ligg residensen til abbedissa. Parlatoriet (snakkesalen) og nonnene sine rom (celler) ligg i den sørlege fløya. I enden av andre etasje ligg sovesalen for noviser (elevar). Vevstova ligg i andre etasje i den vestre fløya. Vidare ligg så hospitset (salen for sjuke). I den nordlege fløya ligg bønerommet med forrådsrom og lager i eit eige tilbygg. Her er også fjøset og stallen.

Rundt klosteret er det fleire hageanlegg som ikkje er ferdige. På sørsida er det ei flate som skal bli grønsakhage og urtebed. Det står bærbuskar på eit lite platå langs kanten av åkeren. På vestsida av bygget er det endå eit anlegg under planlegging – fire store kringelforma bed som skal bli blomsterhage.

Hovudvegen til klosteret er ein sti frå kaia nedanfor fossen på nordsida av øya. Den vender mot kaupangen Skidan (Skien). Alleen opp til klosteret er nyplanta almetre. I klosteret er det rom til 33 søstre, ti gjester (provent-menneske blant anna), to stallkarar, ein prest og ei abbedisse.

Abbedissen

Erkebisp Jon Birgeron av Nidaros udvælger Søster Baugeid af Nunnaminster Klauster (England) til Abedisse i Gimsøy Klauster (Bratsberg). Nidaros 16. januar 1131. Etter kvart eigde klosteret over ti gardsbruk, frå kvinner i provent, for det meste. Det vart fleire. Nonnene hadde lange dagar. Det varierte mellom lesing, bøn, arbeid og kvile. Når det skal vere stilt til lesing, går to eldre nonner rundt for å sjå til at dei gjer det. Dersom ho gjer noko anna, blir ho irettesett.

Vert ei syster kalla inn til abbedissa, så skal ho ha på seg dei finaste kleda ho har. Dei kan ha ymse fargar, men ikkje blått. Stoffet skal vere godt sømeleg, ikkje hamp. Håret skal vere stramt trekt bakover, vaska og stelt. Sløret går tvers over panna. Ikkje noko hår skal vere nedanfor sløret. Ho har ikkje kappe på seg når ho går inn. Heile kroppen skal vere nyvaska.

Ho bøyer seg audmjukt framfor abbedissa og seier. Maria, gi Deg ein god dag, gode Abbedisse. Sit abbedissa ved eit bord, må ho aldri støtte seg til bordet. Høgre hand skal halde rundt venstre handledd. Dersom abbedissa vil snakke hemmeleg med henne, så skal ho knele framfor henne. Bed abbedissa henne om å setje seg ned, kan ho ta av seg sløret. Prestar og menn skal ikkje springe inn i klosteret utan lovleg grunn. Gjer dei det, kan dei misse embetet. Dei får ei stund kyrkjeforbod. Dei kan betale seg tilbake med to mårskin, to gaupeskin, fire huder av kalv, sau eller geit eller ei ku.

Ein ring av gull

Baugeid er høgætta. Frå slekta si på Sunnmøre og slekta på Bratsberg får ho gåver no og då. Dei kan av og til vere verdifulle. Baugeid stod og skreiv. Det førte til at det verkte i ryggen og føtene hovna opp. Ho fekk problem med å svare på alle breva. Korrespondansen var til og frå lendmenn, futar, storbønder, proventkvinner, biskopar, kongen og andre klosterleiararar. På klosteret var det reglar som måte vurderast og endrast. Folk kom langvegsfrå for å vitje Gimsøya. Abbedisser frå Sverige, og England – og unge kvinner som ville bli nonner.

Baugeid har ein ring av gull. Inne i den er det gravert eitt ord: focus. Nedst på brev skriv ho sin signatur med store bokstavar: BD. Heilt til slutt kjem stempelet på flytande



Bok frå Nunnaminster-klosteret, no i British Library, London. Wikimedia Commons.

talg. I den stivna talgen kjem motivet fram: Ei kvinne med ein krokete stav i den høgre handa og ei bok i den venstre; innfelt på ei plate med små stjerner. Skrifta rundt er: Sigillum Capituli De Gimsøi.

Men Baugeid er ikkje frisk. Ho hostar opp svart galle og har kramper. Det renn eit gult, tjukt slim frå nasen. Det røyner på å slå dei tre gonger tre slaga med klokka tidleg om morgonen. Det er vinter og den åttande timen.

Tre kongar

Vi er midt på 1100-talet. Dette hundreåret er prega av krigar. I Noreg er tre brør kongar: Inge Krokrygg, Øystein Haraldson og Sigurd Munn. Bror til Baugeid, Gregoris Dags-son støttar kong Inge Krokrygg. I denne striden kjem brått kong Øystein til garden til Gregorius. Dei hogg ned buskapen og set fyr på bygningane på Bratsberg-garden. Gregorius flyktar med 90 mann. Dei kjem seg over Hardangervidda og hamnar i Etne før jul. Baugeid misser no den økonomiske støtta frå broren.

Baugeid med fleire byggjer ei kyrkje i stein litt sør for den nedbrende Bratsberg-garden. Det er ei kryptkyrkje. Nokre av dei engelske munkane som bygde klosteret er med. Ved sida av hovudinngangen er det rissa eit ord «hjukrid» som tyder «Sørg godt for naudlidande». I krypta under alteret har Baugeid månadlege møte med prestar, biskopar og lendmenn.

Baugeid blir meir og meir sjuk. Året er 1159. Søstrene prøver alle slags rådgjerder, også bad med vekslende temperatur. I desember 1160 kjem ein kurer til hest med

den triste meldinga at lendmann Gregorius Dagson er død. Han fekk ei pil i strupen då han skulle gå over elva Brevja, (i dag Bäveån) i Sverige. «Det har alle sagt, at han var den største høvdingen av alle lendmennene i Noreg som levde på den tid», heiter det i Snorre. «No er den mannen borte som var beste venen min,» sa kong Inge Krokrygg då han fekk dødsbodskapen.

Tre veker etter dødsfallet kjem eit stort følge til Gimsøy kloster med liket av Gregorius. Baugeid lyfter på linkledet, tek den blå handa og ser på andletet til broren for siste gong. Han er den tredje som har fått gravplass ved sida av foreldra Dag Eilivsson og Ragnhild Skoftesdotter på sørsida av Gimsøya. Det er langfredag og vårjamdøgn. Abbedisse Baugeid leiar gravferdsmessa.

3. september 1161, om lag eit halvt år etter gravferda til broren, er tre systre vitne på at abbedisse Baugeid Dagsdotter er død og «gjør sitt Testamente til Gimsøby Kloster, Gierpen Kirkiu, Kapitelberget og Hakastein Kirkiu (Sidan), St. Halvards Kirkiu (Oslo) abbedisse Scolastica ved Nonneseter, Hovedø Kloster, Tautra Munkekloster(Nidaros), forskjellige Geistlige og nogle fattige».

Det våte element i Ramstaddal i 2021 og eit «minnedikt» om Pebakk-hølen

Av Kjell Ole Løseth

Det er lett å sjå at det låg eit vatn midt i Ramstaddalen som delte bygda i to for lenge sidan, truleg fram til 15-1600-talet. Så braut vatnet seg ut i enden mot sjøen. Ingen veit om det var ei gradvis eller plutselig hending..

«Tidi ho renn som elv mot os» heiter det i songen. Då vatnet forsvann, tok elva gjennom dalen over. Storelva, som ikkje er så ofseleg stor, skil no gardar og hus på kvar si side av elva. På botnen av vatnet som var, ligg det no bustader, skulebygning, bedehus og ungdomshus.

Dalen er elverik – det renn vatn frå alle fjell og lier ned i Storelva: Frå Øvsteelva som kjem frå Melsetvatnet og Løsetvatnet og mindre elvar som Iverelva, Monshauggrova, Kråkegrova og Olegrova og vatn frå Ausekaret ved Nysætervatnet. Årsetelva er no tørrlagt. Vatnet ho kom ifrå, Årsetvatnet, som er drikkejelde for dei fleste sykkyllingar. Elva er lagt i røyr til drikkevatt og kraftproduksjon.

Dette har også verka inn på vassføringa i Storelva. Elva har vore ei god lakseelv i generasjonar. Så seint som i 1970-åra var det fiska mykje laks og pjakk her. Fiskarar kom i hopetal frå vidt omkring og kjøpte fiskekort, og det vart ofte gode fangstar. Som andre stader har dette gradvis endra seg. Vassføring, oppdrettsanlegg, lakselus og oter har teke knekken på det gode fisket. Heldigvis har elvefiskelaget med styret og Jan Melseth som pådrivar, sett i gang eit prosjekt med tanke på å få elva tilbake til fordums glans så langt det let seg gjere. Prosjektet, med god økonomisk støtte frå fleire hald, blir spanande å følgje.

Ei elv med respekt for seg sjølv må ha gode fiskehølar. Det har ho. Desse har opp gjennom tida fått namn – ofte etter personar med meir og mindre kjend identitet: Jo-knuten, Ola-hølen, Holhølane, Gurihølen (Guri drukna her), Jo-Lambedalshølen, Gøtsgard-hølen, Alfredhølen, Hagardshølen og fleire andre. Den beste fiskehølen i elva er utvilsamt Pebakk-hølen. Kven denne «Pe» kan vere veit ein ikkje. (om det er nokon der ute som veit det, gi beskjed!) For å overdrive litt: Eg har før hala opp masse blankfisk der. Difor har eg mange gode minne derifrå og vil heidre hølen med eit lite dikt:

PEBAKK-HØLEN

Vatnet som flyt stilt

Ein straum av gode minne

eg driv med – sakte, stille.

På djupet – i kvervelen

står laksen.

Minne bit seg fast

Snøret opp og ned, opp og ned.

Minne har sett seg fast

Pebakk-hølen

Epilog

Fisken reiv og sleit

heilt rå

denne skal eg få!


Korleis det gjekk?

Kva var det eg ikkje fekk?

Du verda for uflaks

Eg miste sjølv sagt

ein diger laks!



Kjell Ole Løseth
fødd 1941, er tidlegare lærar og skulesjef i Sykkylven. Han er no sprekpensjonist og syslar blant anna med organisasjonsarbeid, revy og lokalhistorie i tillegg til fiske og jakt.

Den beste hølen i Stor-elva i Ramstaddal: Pebakk-hølen.
(Foto: Kjell Ole Løseth).



Kjetil Tandstad
Kjetil Tandstad, fødd 1950, har vore journalist og museumsman og er redaktør for Årbok for Sykkylven.

Det ryk framleis av torva

Av Kjetil Tandstad

Hans Strømmegjerde var den siste som tok torv til brensel i Straumsdalen. No har sonen teke opp att tradisjonen for å sikre den rette aromaen til sin gardsproduserte whisky.

Eg er den einaste nolevande som har drive med torvutvinning i Straumsdalen. Vi dreiv fram til 1936. Og det er no artig at torv har blitt teke i bruk att, om enn i mykje mindre målestokk, seier Hans Strømmegjerde (92) frå bruket Nymarka i Straumgjerde.

Brenneri

Han gler seg over at det ikkje heilt er slutt med torvtakinga. Sonen Harald har bygd opp eit brenneri på garden og satsar på produksjon av ulike typar brennevin. I dei nybygde produksjonslokala er han alt godt i gang med produksjon av gin og akevitt. Dei spesielle tjukkмага flaskene har alt i eit par år vore å finne i restaurantar og vinmonopol-utsal. Dei første busslastane med turistar har fått omvising og smaksprøvar i besøksrommet over brenneriet. Det er meir opplevingar for publikum enn dei store mengdene produsert brennevin som skal gjere susen for Grova. Interesse også blant tilreisande er stor, fortel Harald Strømmegjerde.

Whiskyen frå Grova har enno ikkje nådd hyllene i polet. Slikt brennevin må lagrast i minst tre år for at den kan kallast whisky. Skal den få den rette smaken og



Hans Strømmegjerde og sonen Harald tek torv på Løkane på Riksheim til bruk i whisky-produksjon.
Foto: Kjetil Tandstad

lukta, må byggkornet røykjast med torv. Torva hentar Harald på Løkane på Riksheim der det er enklare å kome til med bil enn på den gamle torvmyra i Straumsdalen. No får han bruk for faren sin kunnskap om torvtaking og fyring med torv. Den første Grova-whiskyen vil bli sendt ut på marknaden i 2022. Namnet Grova er henta frå ein bekk i Fetstranda som hadde så godt vatn at folk i gammal tid brukte å kalle den Brennevinsgrova.

Torvløer

- Straumsdalen har hatt mange viktige naturressursar, seier Hans. Torvmyrane var ein av dei. Den som har sett gamle bilde av landskapet for hundre år sidan vil ha lagt merke til at alt var snaugnaga av beitedyra. Det er knapt eit einaste tre å sjå. I ein slik situasjon seier det seg sjølv at det var vanskeleg å finne trevirke til ved. Derfor fyrte ein med torv og det var slett ikkje noko dårleg brenne, seier Hans Strømmegjerde.

Ein skar render i myra som ein delte opp, om lag som mursteinar. Desse skulle «husast», altså stablast på ein spesiell måte: To på høgkant og ein på tvers, slik at lufta skulle kome til. Torva vart tørka halvvegs utandørs. Etterpå vart dei stabla inn i ei torvløe utan vegger og tørka vidare før dei vart frakta ned til garden.



Gammelt torvtakar-utstyr er teke i bruk igjen. Her er torv «husa» på torvtrilla. I framkant ei flyndrespade. -Artig å tenkje på at det har teke tusen år å byggje opp denne eine meteren med torvmyr, seier Harald Strømmegjerde.
(Foto: Kjetil Tandstad)



Hans Strømmegjerde ved restane av torvløa og hjulhuset til løypestrengen, slik det såg ut i 1953. Foto: Privat.



Flyndrespade. (Foto: Kjetil Tandstad)

Flyndrespade

Utstyret til torvtaking var enkelt: Ei ekstra lang og spesiell stikkspade, ei rund flyndrespade, eit slags breitt greip, ofte laga av ein solid trestokk det var slege kjempespikrar gjennom. Så måtte ein ha ei torvtrillebår med brei lastekasse og ein høg gavl fremst. Rart å tenkje på, seier Harald og peikar på kanten der han har teke ut torv. Myra byggjer seg opp med ein millimeter per år. Denne meterhøge veggen har altså blitt til gjennom tusen år.


Torva har hatt ein viktig rolle gjennom hundreåra og krev at ein tenkjer i lange liner. Nymark-Hans har grave i jorda og funne ti tufter etter torvløer. Han veit kva gardar som eig dei. Det var Midtre Tandstad som sikra seg dei beste torvmyrane i Straumsdalen. Både Ytre og Indre Tandstad vart liggjande som øydegardar i mange hundre år etter Svartedauden. Det kan vi lese av namna som framleis er i bruk: Inst-Øggarden og Ytst-Øggarden, seier han.

Dobbeltstreng

Sidan dei beste torvmyrane alt var tekne, måtte straumgjerdingane ta til takke med Skarhammaren og Trohaugen på kanten av platået nord for Straumshornet. Etter kvart vart det sett opp tre løypestrengar herifrå og ned lia til bruka Nymarka, Gylet og Teigen. Til vårt bruk vart det sett opp to parallelle løypestrengar. Det var praktisk. Når ein sende den tunge torva ned til garden, kunne ein bruke tyngda til å heise andre lass motsett veg. Det sparte oss for en del tunge lass opp dei bratte setervegane, fortel Hans.

Utan tilgang på løypestreng måtte Tandstad-karane bruke slepeslede for å få sine torvlass til gards. Edvard Tandstad frå Inst-Øggarden henta også mold i torvmyrane som han køyrde heim. Han hadde ikkje landkum i fjøsen og hadde bruk for molda for å absorbere det våte i gjødselkjellaren. Denne myrmolda viste seg å vere fantastisk god til jordforbetring, minnest Hans.

Her gjekk løypestrengane frå Skarhammaren og ned til garden i Straumgjerde. (Foto: Kjetil Tandstad)



Torvtaking-onna var mellom vårvinna og slåttene. Ein gong dei arbeidde oppe med torvløene, oppdaga ein unggut kalla Jyls-Jakob ein tiur som han ville prøve å skyte. Han sende seg ned med løypestrengen. Det fanst ei innretning til å bremse med, men heilt i samsvar med dagens HMS-reglane var det nok ikkje. Men han kom heilskinna ned, sprang å henta børsa og sprang oppover att mot der han hadde sett tiuren. Eg hugsar ikkje om han fekk han, fortel Hans Strømmegjerde.

- Korleis er torva å brenne. Måtte ein ha ein spesiell omn?
- Nei, vi brukte vanlege omnar. Det vart god varme av torv, men det måtte vere god lufting. Og det vart mykje oske, seier Hans Strømmegjerde. Han er svært oppteken av Straumsdalen. Det er ein dal som er svært utsett for klimaendringar. Hugs at det ein gong opphavleg var 5000 - 6000 mål stor furuskog her. Denne skogen vart i stor grad uthoggen i hollendartida. Skogen kom ikkje opp att på grunn av det store beitepresset. I dag er beitepresset mindre og den gamle furuskogen er i ferd med å kome att.
- Derfor driv eg og tek bilete av dalen slik han ser ut no. Ein må dokumentere endringane. Om 25 år vil det vere furuskog over alt igjen og heile dalen vil vere omskapt, seier Hans Strømmegjerde.



Jostein Fet er fødd i 1924 og oppvaksen på Fet i Sykkylven. Har teke filologisk embetseksamen med norsk hovudfag og engelsk og historie mellomfag. Har undervist på Volda lærarskule og ved Høgskulen i Volda 1970 – 1991, dei siste åra som undervisningsleiar og dosent. Har gitt ut over 30 bøker og ei mengd artiklar. Er æresdoktor ved Universitetet i Bergen.

Utmarks- og innmarknsnamn på Fet

Av Jostein Fet

Eg gjer lesarane merksam på at eg fylgjer ikkje normal nynorsk rettskriving, men legg den nærare eldre sykkylvsmål, med former som *upp*, *burt*, so o.a. Eg brukar dativ i substantiv, også fordi det er vanleg i målføret: i Fitjagårdå, upp med elvinne. Av praktiske grunnar unngår eg palatalisering med j som i den siste forma: eg skriv elvinne, ikkje elvinje. Men heilt konsekvent kjem eg ikkje til å vere.

Den moderne levemåten har ikkje bruk for stadnamna lenger, so storparten held på å døy ut. Det ville vere synd om vi miste ein slik kulturarv som denne namneskatten er. Dei fortel ikkje berre om eldre sunnmørsmål, men om landskapsformer, truer, segner og ulukker. Ikkje minst var det naudsynt å lokalisere krytela i markinne. Når nokon skulle forklare kvar saudene gjekk, tok dei utgangspunkt i ein kjend lokalitet, deretter retninga utifrå denne lokaliteten:

«Dei gjeng'e fram og nea-i Svarthamrane», eller: «Dei gjeng'e ut og ova-i Mjelkarstein'n.

I 1977 gav syster mi, Borghild f. 1916, og underskrivne ut boka *Den gamle garden. Stadnamn og tradisjon frå Fet i Sykkylven*. Namnelista i denne boka er hovudkjelda mi for denne artikkelen.

Halvemål

Av mange ulike kategoriar vèl eg å byrje med eit eldre, karakteristisk fenomen i Sykkylven, halvemålet. Men det er feil å kalle halvemål for eit primitivt trekk i språket. Eg hugsar eg nemnde for ein svensk professor i USA at eldre folk i min dialekt ofte brukte halvemål. «Å, så primitivt!» sa ho. «Då må du kalle fransk også for eit primitivt språk», svara eg, «for i fransk er halvemål gjennomført. Der seier dei 'otell for hotell, l'omme for l'homme osv.»

Til halvemålet hørde også at folk kunne setje inn ein h der han ikkje skulle vere. Ane Indrevik, kona til min goffarbror, skreiv i eit brev: «Høss è vøre låke i ei and, men øss è gjelda véren.» Somtid førde halvemålet til at dei blanda saman hev (è) og er (è). Henrik Straumsheim fortel at han var dreng på Inst-Øggaren i sin ungdom. Så trefte han ein mann som likte å «språke». Han spurde: «Hør ikkje du lenger på Øggara no då, Endrik?» Ein annan gong, det var på eksisen, sat der ein flokk rekruttar ved eit bord, og så kom «språkaren» inn: «Er dere gode syber, nu da, gutter?» Syber sa han, og meinte supe.

Ei rekkje namn på Fet er minne om halvemål, ved sida av at dei er fornminne. Ei åkerbot nede på Jørnbøane heiter *Alfrid-åkeren*, truleg ein gammal kåråker. Kva tid ho Halfrid levde, veit vi ikkje, men ho må ha vorte enkje tidleg og vore enkje i so lang tid at åkeren vart rekna som kåråkeren hennar. Vi kjenner namna på dei eldste brukarane i Jørngarda, alle var menn; kvinnene kom ikkje med i manntala før langt seinare. Vi må sjå etter ein brukar som døydde sopass tidleg at Halfrid kunne ha vore enkja hans i lang tid. Ein slik er Knut Larsson som døydde 56 år gammal om lag i 1658. Men dødsåret er uvisst, dessutan var 56 år ikkje rekna som høg alder den tida.

So Halfrid kan ha vore enkja etter farfaren Knut som levde på 1500-talet. Dessutan må Halfrid ha levd i ei tid då norrøne namn enno var vanlege. Fram til 1500-talet var det hovudsakleg nordiske namn som vart brukte her i landet, jamvel om bibelsk namn byrja bli



innlånte. I Norske Regnskaber og Jordebøger frå 1514 – 20 utgjer nordiske namn enno ei 70 % av namnetilfanget. Det store *namnebrotet*, for å nytte eit råkande uttrykk av Gustav Indrebø, kjem i tida 1600 - 1800 (Fet 2010: 126). Under pietismen på 1800-talet auka prosentdelen av bibelske endå sterkare. Det var bespottelig å gi sønene sine namn etter rovdyr som Bjørn og Ulv, eller døype dei med heidne gudenamn som Odin og Tor.

Eit anna gammalt namn er *Åsvøra* oppe i Storhonnet, fjellet rett ovanfor Fet. Det er eigenleg to fonnefar. Åsvøra er halvemål for Håsvora. Ei svor er ei skrede, helst steinskrede, eller stripe i fjellet av ei skrede. Namnet Håsvøra stammar frå ei tid då adjektivet *hå* var levande, før det vart avløyst av det svenske *hög*. I norrønt var forma *hár*, gen. *háva-*, jf. *Hávamál*, «den høges tale» (Odins tale). I Setesdal og Øvre Telemark eksisterer dei gamle norske formene enno. A.O. Vinje skriv i diktet *At far min kunde gjera*:

Vår' fjell er like håge
og lufti like blå,
so enno like fjåge
me fram kan stemna på.

Fjåg kjem av fjalgr, der l har falle framfor g. Jfr. kvinnenamnet Hege for Helga.

Nokre sunnmørske gardsnamn har også bevart den gamle forma, som *Hånes* og *Håvoll*, «det høge neset» og «den høge vollen.» Håvik i Volda betyr «den høge vika», dvs. ei vik der landet er bratt opp frå vika.

Eit vanskelegare namn er *lflåna* oppe mellom dei to Håsvørene. Ei flå er «en liden Flade imellem bratte Klipper» (Aasens ordbok), medan første leddet er hi, t.d. for bjørn. Det har vore innvendt at bjørnen neppe kunne fare opp i ulendet og leite seg hi der. Men der er fleire døme på at bjørnen vèl seg utilgjengelege stader når han leitar etter hi. Ordet hi har vi i gardsnamnet Hide i Herøy kommune og i det engelske verbet to hide, å *gøyme* (seg). Grunntydinga er altså å *gøyme*, skjule seg. Difor hallar eg til at lflåna tyder *Hiflåna*, ein *gøyme*plass for bjørn.

Fetgarden i dag. Mange stadnamn har alt gått i gløymeboka. Foto: Kjetil Tøndstad

Uluksesnamn

Det vidsveimde beitebruket som folk dreiv i gamle dagar, førte til at folk måtte leite etter krytela i farleg lende. Då hende det at ulukka var ute, og folk fall utfor ein hammar eller ned i eit gyl og slo seg i hel. Oppe under Storhonnet må det ha hendt ei slik ulukke med ein som heitte Tørmo og ein annan som heitte Styrkå. Staden ligg like ved kvarandre og vart då heitande *Tørmogylet* og *Styrkågylet*.

Tørmo er dialektforma av Tormod, gno. þórmóðr, og Styrkå er målføreforma av Starkad, gno. Starkaðr. På Vik er det eit tun som heiter Styrkåtunet. Alle tre namna høyrer sannsynlegvis til same type som Halfridåkeren, med di dei er gamle hevdvunne norrøne namn.

Dei neste namna er fjellnamn, *Ingjebærtinden* og *Ingjebærfønna*. Ingjebær er ei gammal målføreform for gno. Ingibprg. Begge skriv seg frå segna om Ingjebær. Denne segna har eg skrive om i *Årbok for Sykkylven 2016* (s. 21), så eg skal berre repetere hovudpunkta her. Ein variant av segna lyder slik: Ei kone frå Hjørundfjorden skulle vitje dotter si som var busett på Velle. Ho gjekk opp Tranndalen, men komen opp på røra, heldt ho for mykje til høgare og la vegen ned over Heiane. Då losna fonna oppe i Ingjebærtinden og ho omkom der. Fonna vart sidan heitande Ingjebærfønna og fjellet ho kom frå, Ingjebærtinden. I dag seier folk mest Blåbretinden.

Ein annan variant er at ho hadde ein son som var gift på Straume, elles er segna nokolunde likelydande den første varianten. Med begge variantane følgjer det ei vandresegn: Kvinna hadde med seg eit pengeskrin og vart gravlagd på ein stad som heiter Kyrkjegarden oppe på Heiane. Men segna om pengeskrinet finn vi i mange andre segner, og namnet Kyrkjegarden er eit likskapsnamn. Det er ei slette med nokre steinar som liknar gravsteinar. Ligg det ein historisk kjerne i segnene? Det er eit spørsmål som historikarar bør stille seg. Ei segn kjem ikkje av ingen ting. Når det gjeld segnene om Ingjebær, trur eg at det er to segner som har smelta saman. Samanblanding av segner er ikkje uvanleg. Den eine segna er om ei hjørundfjordkvinne som vart vidgjeten fordi ho våga seg åleine over fjellet utan karahjelp og kom velberga fram. Kva ho heitte, er ukjent.

Den andre er om ei sætredeie på Fet som heitte Ingjebær. Ho sætra på Høgsætra, den gamle mellomaldersætra for Fet øvst på Langerimen. Under gjæting frame på Heiane vart ho teken av fonna og omkom. Frå då av vart fonna kalla Ingjebærfønna og fjellet Ingjebærtinden. Kva tid dette skjedde, veit vi ikkje. Men at fonna kunne gå midt på sommaren, fører tanken til store snømengder i fjellet og «den vesle istida», som med vekslende styrke varte frå 1300-talet til midten av 1700-talet.

Segna om Ingjebær har soleis ein dām av mellomalder i seg.

Eg vil grunngi kvifor eg meiner den første versjonen av segna er ulogisk. Slik kvinna frå Hjørundfjorda la vegen over røra frå Tranndala, ville ho kome ned på Ljosabreen. So kvifor heldt ho ikkje fram å gå råsa ned til Høgsætra ? Og om ho hadde ein son på Straume, ville det ikkje vore raskare og lettare å gå Riksheimdalen?

Det er difor eg meiner at alt blir meir logisk dersom Ingjebær er ei kvinne som sætra på Høgsætra, og at ho omkom under gjæting frame på Heiane.

Folketru i utmarksnamn

Eg likar ikkje ordet «overtru», det set eit mindreverdsstempel på fenomenet. *Folketru* har grunnlag i førestellingar om at naturen, også døde ting, var besjela av ei åndeleg kraft som tok farge av menneskelivet og kunne få menneskelege eigenskapar. Dei mest vanlege namna en samansette med troll eller hulder. Det mest storfelte namnet på Fet sitt område er *Trollkyrkja* og *Trollkyrkjetindane*. Namnet Trollkyrkja kan ikkje vere eldre enn tida då dei byrja å bygge kyrkjer her i landet, dvs. ca. år 1000, eller Heddal stavkyrkje frå 1200-talet. Men sjølv sagt kan namnet vere yngre.

Trollkyrkja ser ut som ei kyrkje med tre tårn. Basis for kyrkja er Ljosabreen. Trollkyrkja er eit populært turmål for store og små frå heile bygda. Sjølv var eg oppe på Trollkyrkja

då eg var 6 år gammal, saman med far og dei to eldste brørne mine. Inntrykka frå turen sit spikra i minnet. Eg hugsar at far min heldt i føtene mine der eg låg på magen og såg 600 meter rett ned i Straumsheimsdalen. Det vart sagt at floget er så bratt at ein kan spytte ned i dalen. Eit turistskip som heitte Stella Polaris seig forbi Ørsneset på veg til Geiranger (Jørångjinnj som dei gamle sa). Ålesund såg vi som ei steinrøys langt ute mot øyane. Men då vi skulle nedatt, var eg så trøyt i knea at far måtte bere meg lange stykke.

Men vi bør også ha for auga at troll i naturnamn kan tyde vilt, ulendt, uframcomeleg, jfr. Trolltindane i Romsdalen, Trollstigen mellom Valldalen og Isterdalen, eller det nifse Trollduvet i Valldalen. Ofte blir slike stader populære turistmål, som Trollfjorden i Hadsel kommune eller Trollstigen på Sunnmøre.

Oldemor mi, ho Ragnhild Karoline, sætra inne på Fitjastøla. Far spurde henne om ho hadde sett huldra nokon gong? Ho svara: «É he sett svipinj ta 'nje en gong.» Karolina – Ragnhild var for ubibelsk, så det namnet sløyfa ho – var fødd i 1836. Og då var trua på huldra framleis levande. Huldra var venlege mot menneska, og der er mange soger om gjensidig hjelp mellom menneske og huldrefolk. Ordet hulder har samanheng med verbet å *hulja*, *løyne*, skjule. Dansk og svensk huldre er lånt ifrå norsk, men færøysk og islandsk har ord som tyder «haugfolk, tussefolk» el.l. I Snorres Ynglingesoga er det fortalt om ei seidkone som heitte Huld. Ho seida at skyldfolk i Ynglingeætta skulle drepe kvarandre. Her har hulder ei negativ tyding.

Framanfor Fremste Førseren i Fitjamarlinne er der ein stor hellar vi kallar *Huldrestøvå*. Ho ligg like ovanfor Liagrova, so somtid blir Huldrestøvå kalla Liastøvå. Hellaren er danna av nokre svær steinar som ein kan kripe inn under. Huldrestøvå rømer 4 – 5 mann.

Borghild Neset skriv: «Ved sida av Trollkyrkja er dette det einaste namnet i Fitjamar-ka, det eg veit om, som fortel om folketru. At under 1 prosent av namnetilfanget knytter seg til slike vette, skulle anten tyde på at det knytte seg tabu til slik namnelaging, eller at desse vetta ikkje betydde særleg mykje i folks tanke- og trusliv.»

Gjæting

Born vart tidleg sette til arbeid. Vaksne såg på born som ein arbeidsressurs. Det var ikkje noko som heitte forbod mot barnearbeid den tida. Her går uteljande historier om born som utførte vaksenarbeid. Ein gut fram på La forsov seg ein morgon, dei vaksne var alt komne på slåtteteigen.

Guten sprang til slåtteteigen det fortaste han kunne. Det var då han gjorde *fire ting* på ein gong: «Han åt og han språng, han pissa og han gret..»

Gjæting som gutearbeid varte til og med min foreldregenerasjon. Far min (f. 1885) måtte opp på Heiane og gjæte sauene i førstninga av 1890-åra. Då var det enno ikkje trygt for bjørn i marka. Det er fortalt at mor hans var redd for guten og stadig måtte ut på tunet for å sjå opp på Heiane. I Åragjærdet, ein plass lenger uppe på Bakkane, hadde dei betre oversikt over Heiane. Ein dag kom ho Åragjær-Joane ned på bakkerøra og ropte ned i garden:

«Ser 'kje dække kor bjør'nj fer åt med saudene uppå Heiå!?» Då var saudene spreidde i småløppar over heile Heiane. Karane fór opp og fann averat over alt.

Lopp m: ein liten flokk av sauder.

Averat: leivningar, kadaver. Ukjend etymologi.

Ofte høyrer vi om gutungar som måtte ut og gjæte, det var høveleg arbeid. Den store Kvilarsteinen oppe på Heiane er ein stein der trøytt gjætarar kunne kravle opp og kvile, og somtid sove. For krytela vart sleppte uti marka grytidleg i 6-tida, og då måtte gjætaren opp. Kva tid Kvilarsteinen fekk namnet sitt, er umogleg å vite, for gjæting var vanleg barnearbeid i mange hundre år. Ole Iversen Fet (Jo-Ole) har fortalt frå sin barndom då han var gjætargut mange stader. I Karigarda på Velle var der velstandsfolk, so der fekk han løfse, «og slikt va berre bryllaupsmat den tia.»

Saudene og geitene var i same fløkkja og det var ikkje so lett å halde dei ihop.

Saudene heldt seg nedalege i skredene, medan geitene fór og klivra oppitte hamrå og svabergja ølljå stess. Det va kje so greitt å få dei heimatt i enj fløkk. Øss gjekk berrføtte, for øss måtte spare skone. Far sa at eg måtte ha på meg halvsøkka. Men en dag eg streva med å sånke ihope saudene og eg fór og språng fram og tebake, skar eg meg på ei skjer-helle so blodet spruta. Det regnde, og blodet vilde ikkje løype seg ihop. «Åja, dè hè vøre nøke ta ølljå.»

«nøke ta ølljå», noko av alt. Ølljå kjem frå gno. *qllum*.

Han Åragjær-Petter kjem heim

Åragjærplassen var utskild frå Pállgarden. Der voks upp tre tause og to guta. Ein av dei var han Åragjær-Petter som reiste til Amerika i 1903. Han gjorde det godt som snikkar og entreprenør i Tacoma. Dei var so nasjonale dissa karane frå Fit: Han Jørn-Lars, broren Anton, han Páll-Ole, Åragjærgutane og dei andre som fór. Dei var med i norskdomsarbeidet, stod i kor og song nasjonale songar.

Ein dag i 1949 kom det ein framandkar gåande oppover Fitjabøane. Ken ditta kan vere? Sjå, der støppa han nedpå Kløppinne og ga seg te å stire nedi Storeløkjinn. Slik sto han lenge. So gjekk han siste mølen upp i garden. Då drog dei eldre i garda kjensel på han. Det gjekk som en løpeeld over garden: Det è han Åragjær-Ingjebrikt so è kominn heim! Då ha han vore burte i 46 år.

Men han vilde ikkje uppatt i Åragjærdet, der stod alt til nedfalls, støvå var riva. So han budde fram i Knutgarda på Velle, der mor hans var ifrå. Og so besøkte han henne Anna, systera, ho var gift'e inni Vaksvikinne. Det var smått med dei, taket deira løk, so han baud seg til å kòste nytt tak te dei. Men dei vilde ikkje det.

Men kva var det han Åragjær-Petter såg nedi Støreløkja? Skimtet av ein fjern barndom?

Sjeldne utmarksnamn

Ei heil rad av utmarksnamn inneheld språkstoff som no er burte i dialekten. *Røyrhølå* Uppe på Heiå ligg der ein stad øss kallar Røyrhølå. Det melder seg tre tolkingar av namnet: a) røyr f. som tyder lyske, «Huulningen imellem Laar og Underliv» (Aasens ordbok), b) røyrgras, ei vassplante c) steinrøys.

Når eg helst hallar til siste tyding, er det fordi verken a) eller b) høver med lendet. Eg kan ikkje sjå for meg at lendet minner om ei lyske, heller ikkje er der so våtlendt at der veks røyrgras. Eg meiner heller at Røyrhølå er steinet, og soleis i slekt med gardsnamnet Røyr på Stranda og Røyra, ferjeleie i Herøy.

Røyr tyder altså røys. Alt i gammalnorsk var der veksling mellom s og r i visse ord, jfr. at på dansk heiter det glasmester eller glarmester.

Mekosen

er samansett av mé (mid) og kos. Siste leddet har altså ikkje med os å gjere, men med kurs, kos, jfr. han reiste sin kos. Mekosen kjem ifrå Brykjet og renn gjennom Fremste-Åragjerda, midt mellom Svartemyrgrova som kjem frå Svartemyra, og Blåbreelva som kjem fossande ned frå Brykjet.

Brykjet

I Brykjet samlar Fremsteførsen, Trongelvane og Ytsteførsen seg før dei strøymer vidare ned mot Fitjagardane under namnet Blåbreelva. Der elvane kjem ned i Brykjet, er der eit stilt, lite vatn på om lag 10 meter i diameter. Gutane på Fet måtte alltid stiltre seg var-samt fram til det vatnet, for kræene var sky som ein kastevind, og det var alltid ei bragd å få noko på kroken.

Eg gruna lenge på kva Brykjet tydde. So trefte eg ein namnegranskar som gav meg eit tips. Brykjet er i slekt med å bråke og ordet flóðbråket, dvs. flodmålet, og tang og drivved som følgjer med floa. I sunnmørsmålet er der også eit gammalt verb, å brykje (ikkje d.s.s. brytje), som tyder å arbeide hardt. Grunntydinga av Brykjet er alto so bråk, å bråke. Når du kjem upp i Brykjet, so må du heve stemma so sterkt at ho vinn over sæmen frå førsane

som kjem ned der. Den tid der var meir snøv i fjella, so gjekk Ingjebærfønnja eller Blåfønnja der også.

Tallbordvølj'n

ligg ned i Fitjagarda, ved Hans-kvennhuset. Tall eller toll er eit gammal ord for fure. I Egnunds meisterlege omsetjing av Håvamål heiter det:

Turkar toll
som i tunet stend,
det hjelp' korkje bork eller bår.
So er kvar mann
som kjærleik vantar,
kvi skal han lenge leva!
Toll er d.s.s. tall, fure

Namnet Tallbordvollen tyder på at der har vore stabelplass for furebord, truleg også ei sokalla oppgangssag, slik Ole M. Fet har høyrte segner om. Historikaren og folkeminnesamlaren Peder Fylling (1818 – 1890) nemner Tallbordvollen på Fet. I 1613 var der berre 2 oppgangssager i Velledalen, nemleg på Hole og på La. Fortel dette oss at saga på Fet alt var gått or bruk? Var der ikkje meir skog igjen i Fitjamarkinne?

Ordet tall finn vi i ei rekkje stadnamn, som Tallbordberga på Sjøholt, Talberg i Stordalen og Tallsjøen i Østerdalen.

Alminj

ligg uta-i Ljøsaelva. Fitjafolket sa uti Alma, som er påstadsdativ. Det er eit kollektivnamn, ein stad der det veks mykje alm. Like eins som Heggen, som ikkje tyder ein einskild hegg, men ein skog av hegg.

I naudsåra 1807 – 14 var almebork viktig som næringsemne og matdrygsel. Sivert Aarflot, som levde i naudsåra, skreiv om planter frå skog og mark som folk flest ikkje kjende til, men som kunne brukast som næringstilskot. Det var islandslav, geitnaskav, mariagras og reinsdyrlav (Fet 2006: 56-57). Han nemner ikkje almebork, men i Det Norske Landboeblad oppmodar han folk til å plante almetre. Etter ei tid kan almen «navast», dvs. skjerast ned for at treet kan buske seg med smågreiner som gir fin almebork. Almetre på ein eigedom høyrde til slikt som kallast «lunnende», dvs. ein tilleggsverdi. Borken vart mest brukt i flatbrød eller som tilskotsfor for krøtera (Fet 2006: 72 – 73).

Åsta Fet fortalde at på Brøvoll, der ho var ifrå, måtte dei høgt til fjells for å finne alm. Ingebrigt Fet i Jørngarda (ca. 1760 – 1818) fór inn til heimstaden Ljøen for å få tak i almebork i naudsåra. Almeskogane vart øydde på den måten, slik også Almen utanfor Ljøsaelva. Men Borghild Neset har planta ein alm der, so det er von om at Alminj veks framatt på nytt.

Armosøyna

er ein hyl nedanfor Fitjabruna. Typen øyna, bruna, flåna, kråna osv. skriv seg frå bøyinga av hokjønnsord bunden form i gammalnorsk. Som vi ser, er alle einstavingsord som endar på vokal.

Øy f vart bøygt slik i bunden form: øyin, øyinnar, øyinni, øyin. N-en i genitiv og dativ vart hengande fast i utviklinga til moderne målføre, slik at det vart øyna, flåna, kråna osv.

Kva er så utviklingshistoria (etymologien) til Armosøyna? Eg meiner namnet kjem av mannsnamnet *Arnmod*. Om det går attende på ei hending då Arnmod omkom der, veit øss ikkje. Namnet er sikkert gammalt. At namnet skulle ha noko med adjektivet armod å gjere, held eg for å vere usannsynleg.

Løkjinn

I min oppvokster hadde vi to løkar nede på Fitjabøane: Storeløkjinn og Tångaløkjinn. Løk m. kjem av verbet å leka. I Aasens ordbok heiter det: «Bæk. Vanddrag; især om dybe og



Ole Iversen Fet (Jo-Ole) har fortalt frå sin barndom då han var gjætagut mange stader. I Karigårda på Velle var der velstandsfolk, so der fekk han løfse, «og slikt va berre bryl-laupsmat den tia.»

stillerindende Bække.» På islandsk heiter det lækur, på færøysk løkur. Ordtaket «Mange bekker små gjer ei stor å», heiter på færøysk: «Man-gir løkir småir gera stórar áir.»

Over begge løkane var der ei klopp. Det var på Storekløppa han Åragjær-Petter stansa og gav seg til å sjå nedi Løkin.

Tångaløkin har namnet sitt frå ei tid då løkane rann fritt over Fitjabøane, slik at dei laga tangar, tångå (ein tange: ei smal landtunge eller banke). No er tångane burte.

Nesja

er namnet på eit jordstykke nede på Jørn-markinne. Namnet har tonelag 1 [ne:sja] med lang vokal. So det kan ikkje vere Nesja f. med tostavings tonelag, som Aasen fører opp. Då ville det heitt Nesjå i eintal bunden form, nett som grytå.

Stykket er nes-forma, så det ligg nærast å tolke det som ei fleirtalsform av nes n., som kunne få forma nesja i genitiv fleirtal. Det er ikkje mange att av desse substantiva i gammalnorsk, så namnet Nesja må vere gammalt. Nesjar er kjend frå norsk historie, det var namnet på kyststrekninga mellom Langesund og Tønsbergfjorden. Der stod eit kjent sjøslag i 1016. Den sjeldne j-en kjem att i ei rekkja stadnamn, som Nesje og Nesjestranda.

Isljebet-tei'n

ligg på Páll-markinne. Leden vet er ei avstytt form av eit hokjønnsord som ikkje lenger er i bruk, men som Ivar Aasen fører opp: Veta f, «en Huulning i Jorden, en lang Fordybning med fugtig Grund.» Men det renn ikkje vatn der. Ordet er ført opp som eit typisk sunnmør-ord. At veta vart avstytt til vet, er rimeleg, fordi det vart samanfall av to t-ar i Isljevettein.

Munnharpestøkkinn

er ein åker som også ligg på Páll. Namnet kjem av forma på åkeren. Ein munnharpestokk var eit etui som dei la munnharpa i. Namnet stokk kjenner vi frå brynestokk og felestokk. Munnharpa er eit gammalt, internasjonalt instrument. Til Europa kom ho dei første hundreåra av vår tidsrekning.

I det norske materialet skil ein mellom to typar, mellomaldertypen og den sentraleuropeiske typen, som ofte er masseprodusert. Det er mellomaldertypen som er mest vanleg i Noreg. Mellomaldertypen har liten bøyle og lange armar, og det er denne som har gitt namn til åkeren på Pállmarkinne. Namnet viser at munnharpa var brukt i Sykkjelva i eldre tid. I dag er ho sjeldan i bruk her i bygd'ne. Munnharpespelaren spelte til dans, mest lette springdansar som dei kunne trale. På Sunnmøre kjenner ein til desse munnharpespelarane: Erik Larsson Ulvestad (1850 – 1929) i Dalsfjorda og Berte Vidnes (1849 – 89) i Vanylven. I Vanylven var munnharpa «meir vanleg enn fela», er det sagt. Ogso i Norddala var munnharpa mykje brukt (Fet 1999: 82 – 83).

Ljøsaelvane

er to elvar som kjem fossande ned frå Ljøsabreen, men renn saman og endar i ein fin liten os i Fitjavatna. Uppe i fjellja, mellom ytste og fremste Ljøsaelva, er der ei skogvaksen landtunge som vi på grunn av likskapen kallar «Dronning Maud.»

Men det er på grunnlag av diskusjonen om dei mange namn på Ljøsa- eg har teke det med her. Ljos er målføreforma for lys. Eg held det for mest sannsynleg at elva er blitt kalla Ljøsa, på same måten som Rauma («den strøymande»), Orkla («den sterkt arbeidande, strie»), Gaula («den gaulande») o.a. Dei andre namna, som Ljøsabreen, Ljøsaelva, Ljøselvosen osv. er sekundære namn.

Eg hugsar professor Reidar Djupedal var tvilande til min teori, men han kom ikkje med andre forslag, så inntil vidare held eg fast på at Ljøsa er det opphavlege namnet på elva som lyser så kvitt mot dei mørke fjellsidene.



Populært med søndagsskule på 1950-talet

Imponerende mange kom til Gamle Tandstad skule denne sundagen! Kjekke "lærarar" delte ut kort der ungane fekk stjerner og fiskar i garna, stasi Biletet er truleg frå 1958.

1. 1. 1958 Søndagsskule 3. 1. 1958 Søndagsskule 5. 1. 1958 Søndagsskule 7. 1. 1958 Søndagsskule 9. 1. 1958 Søndagsskule 11. 1. 1958 Søndagsskule 13. 1. 1958 Søndagsskule 15. 1. 1958 Søndagsskule 17. 1. 1958 Søndagsskule 19. 1. 1958 Søndagsskule 21. 1. 1958 Søndagsskule 23. 1. 1958 Søndagsskule 25. 1. 1958 Søndagsskule 27. 1. 1958 Søndagsskule 29. 1. 1958 Søndagsskule 31. 1. 1958 Søndagsskule 33. 1. 1958 Søndagsskule 35. 1. 1958 Søndagsskule 37. 1. 1958 Søndagsskule 39. 1. 1958 Søndagsskule 41. 1. 1958 Søndagsskule 43. 1. 1958 Søndagsskule 45. 1. 1958 Søndagsskule 47. 1. 1958 Søndagsskule 49. 1. 1958 Søndagsskule 51. 1. 1958 Søndagsskule 53. 1. 1958 Søndagsskule 55. 1. 1958 Søndagsskule 57. 1. 1958 Søndagsskule 59. 1. 1958 Søndagsskule 61. 1. 1958 Søndagsskule 63. 1. 1958 Søndagsskule 65. 1. 1958 Søndagsskule 67. 1. 1958 Søndagsskule 69. 1. 1958 Søndagsskule 71. 1. 1958 Søndagsskule 73. 1. 1958 Søndagsskule 75. 1. 1958 Søndagsskule 77. 1. 1958 Søndagsskule 79. 1. 1958 Søndagsskule 81. 1. 1958 Søndagsskule 83. 1. 1958 Søndagsskule 85. 1. 1958 Søndagsskule 87. 1. 1958 Søndagsskule 89. 1. 1958 Søndagsskule 91. 1. 1958 Søndagsskule 93. 1. 1958 Søndagsskule 95. 1. 1958 Søndagsskule 97. 1. 1958 Søndagsskule 99. 1. 1958 Søndagsskule 101. 1. 1958 Søndagsskule 103. 1. 1958 Søndagsskule 105. 1. 1958 Søndagsskule 107. 1. 1958 Søndagsskule 109. 1. 1958 Søndagsskule 111. 1. 1958 Søndagsskule 113. 1. 1958 Søndagsskule 115. 1. 1958 Søndagsskule 117. 1. 1958 Søndagsskule 119. 1. 1958 Søndagsskule 121. 1. 1958 Søndagsskule 123. 1. 1958 Søndagsskule 125. 1. 1958 Søndagsskule 127. 1. 1958 Søndagsskule 129. 1. 1958 Søndagsskule 131. 1. 1958 Søndagsskule 133. 1. 1958 Søndagsskule 135. 1. 1958 Søndagsskule 137. 1. 1958 Søndagsskule 139. 1. 1958 Søndagsskule 141. 1. 1958 Søndagsskule 143. 1. 1958 Søndagsskule 145. 1. 1958 Søndagsskule 147. 1. 1958 Søndagsskule 149. 1. 1958 Søndagsskule 151. 1. 1958 Søndagsskule 153. 1. 1958 Søndagsskule 155. 1. 1958 Søndagsskule 157. 1. 1958 Søndagsskule 159. 1. 1958 Søndagsskule 161. 1. 1958 Søndagsskule 163. 1. 1958 Søndagsskule 165. 1. 1958 Søndagsskule 167. 1. 1958 Søndagsskule 169. 1. 1958 Søndagsskule 171. 1. 1958 Søndagsskule 173. 1. 1958 Søndagsskule 175. 1. 1958 Søndagsskule 177. 1. 1958 Søndagsskule 179. 1. 1958 Søndagsskule 181. 1. 1958 Søndagsskule 183. 1. 1958 Søndagsskule 185. 1. 1958 Søndagsskule 187. 1. 1958 Søndagsskule 189. 1. 1958 Søndagsskule 191. 1. 1958 Søndagsskule 193. 1. 1958 Søndagsskule 195. 1. 1958 Søndagsskule 197. 1. 1958 Søndagsskule 199. 1. 1958 Søndagsskule 201. 1. 1958 Søndagsskule 203. 1. 1958 Søndagsskule 205. 1. 1958 Søndagsskule 207. 1. 1958 Søndagsskule 209. 1. 1958 Søndagsskule 211. 1. 1958 Søndagsskule 213. 1. 1958 Søndagsskule 215. 1. 1958 Søndagsskule 217. 1. 1958 Søndagsskule 219. 1. 1958 Søndagsskule 221. 1. 1958 Søndagsskule 223. 1. 1958 Søndagsskule 225. 1. 1958 Søndagsskule 227. 1. 1958 Søndagsskule 229. 1. 1958 Søndagsskule 231. 1. 1958 Søndagsskule 233. 1. 1958 Søndagsskule 235. 1. 1958 Søndagsskule 237. 1. 1958 Søndagsskule 239. 1. 1958 Søndagsskule 241. 1. 1958 Søndagsskule 243. 1. 1958 Søndagsskule 245. 1. 1958 Søndagsskule 247. 1. 1958 Søndagsskule 249. 1. 1958 Søndagsskule 251. 1. 1958 Søndagsskule 253. 1. 1958 Søndagsskule 255. 1. 1958 Søndagsskule 257. 1. 1958 Søndagsskule 259. 1. 1958 Søndagsskule 261. 1. 1958 Søndagsskule 263. 1. 1958 Søndagsskule 265. 1. 1958 Søndagsskule 267. 1. 1958 Søndagsskule 269. 1. 1958 Søndagsskule 271. 1. 1958 Søndagsskule 273. 1. 1958 Søndagsskule 275. 1. 1958 Søndagsskule 277. 1. 1958 Søndagsskule 279. 1. 1958 Søndagsskule 281. 1. 1958 Søndagsskule 283. 1. 1958 Søndagsskule 285. 1. 1958 Søndagsskule 287. 1. 1958 Søndagsskule 289. 1. 1958 Søndagsskule 291. 1. 1958 Søndagsskule 293. 1. 1958 Søndagsskule 295. 1. 1958 Søndagsskule 297. 1. 1958 Søndagsskule 299. 1. 1958 Søndagsskule 301. 1. 1958 Søndagsskule 303. 1. 1958 Søndagsskule 305. 1. 1958 Søndagsskule 307. 1. 1958 Søndagsskule 309. 1. 1958 Søndagsskule 311. 1. 1958 Søndagsskule 313. 1. 1958 Søndagsskule 315. 1. 1958 Søndagsskule 317. 1. 1958 Søndagsskule 319. 1. 1958 Søndagsskule 321. 1. 1958 Søndagsskule 323. 1. 1958 Søndagsskule 325. 1. 1958 Søndagsskule 327. 1. 1958 Søndagsskule 329. 1. 1958 Søndagsskule 331. 1. 1958 Søndagsskule 333. 1. 1958 Søndagsskule 335. 1. 1958 Søndagsskule 337. 1. 1958 Søndagsskule 339. 1. 1958 Søndagsskule 341. 1. 1958 Søndagsskule 343. 1. 1958 Søndagsskule 345. 1. 1958 Søndagsskule 347. 1. 1958 Søndagsskule 349. 1. 1958 Søndagsskule 351. 1. 1958 Søndagsskule 353. 1. 1958 Søndagsskule 355. 1. 1958 Søndagsskule 357. 1. 1958 Søndagsskule 359. 1. 1958 Søndagsskule 361. 1. 1958 Søndagsskule 363. 1. 1958 Søndagsskule 365. 1. 1958 Søndagsskule 367. 1. 1958 Søndagsskule 369. 1. 1958 Søndagsskule 371. 1. 1958 Søndagsskule 373. 1. 1958 Søndagsskule 375. 1. 1958 Søndagsskule 377. 1. 1958 Søndagsskule 379. 1. 1958 Søndagsskule 381. 1. 1958 Søndagsskule 383. 1. 1958 Søndagsskule 385. 1. 1958 Søndagsskule 387. 1. 1958 Søndagsskule 389. 1. 1958 Søndagsskule 391. 1. 1958 Søndagsskule 393. 1. 1958 Søndagsskule 395. 1. 1958 Søndagsskule 397. 1. 1958 Søndagsskule 399. 1. 1958 Søndagsskule 401. 1. 1958 Søndagsskule 403. 1. 1958 Søndagsskule 405. 1. 1958 Søndagsskule 407. 1. 1958 Søndagsskule 409. 1. 1958 Søndagsskule 411. 1. 1958 Søndagsskule 413. 1. 1958 Søndagsskule 415. 1. 1958 Søndagsskule 417. 1. 1958 Søndagsskule 419. 1. 1958 Søndagsskule 421. 1. 1958 Søndagsskule 423. 1. 1958 Søndagsskule 425. 1. 1958 Søndagsskule 427. 1. 1958 Søndagsskule 429. 1. 1958 Søndagsskule 431. 1. 1958 Søndagsskule 433. 1. 1958 Søndagsskule 435. 1. 1958 Søndagsskule 437. 1. 1958 Søndagsskule 439. 1. 1958 Søndagsskule 441. 1. 1958 Søndagsskule 443. 1. 1958 Søndagsskule 445. 1. 1958 Søndagsskule 447. 1. 1958 Søndagsskule 449. 1. 1958 Søndagsskule 451. 1. 1958 Søndagsskule 453. 1. 1958 Søndagsskule 455. 1. 1958 Søndagsskule 457. 1. 1958 Søndagsskule 459. 1. 1958 Søndagsskule 461. 1. 1958 Søndagsskule 463. 1. 1958 Søndagsskule 465. 1. 1958 Søndagsskule 467. 1. 1958 Søndagsskule 469. 1. 1958 Søndagsskule 471. 1. 1958 Søndagsskule 473. 1. 1958 Søndagsskule 475. 1. 1958 Søndagsskule 477. 1. 1958 Søndagsskule 479. 1. 1958 Søndagsskule 481. 1. 1958 Søndagsskule 483. 1. 1958 Søndagsskule 485. 1. 1958 Søndagsskule 487. 1. 1958 Søndagsskule 489. 1. 1958 Søndagsskule 491. 1. 1958 Søndagsskule 493. 1. 1958 Søndagsskule 495. 1. 1958 Søndagsskule 497. 1. 1958 Søndagsskule 499. 1. 1958 Søndagsskule 501. 1. 1958 Søndagsskule 503. 1. 1958 Søndagsskule 505. 1. 1958 Søndagsskule 507. 1. 1958 Søndagsskule 509. 1. 1958 Søndagsskule 511. 1. 1958 Søndagsskule 513. 1. 1958 Søndagsskule 515. 1. 1958 Søndagsskule 517. 1. 1958 Søndagsskule 519. 1. 1958 Søndagsskule 521. 1. 1958 Søndagsskule 523. 1. 1958 Søndagsskule 525. 1. 1958 Søndagsskule 527. 1. 1958 Søndagsskule 529. 1. 1958 Søndagsskule 531. 1. 1958 Søndagsskule 533. 1. 1958 Søndagsskule 535. 1. 1958 Søndagsskule 537. 1. 1958 Søndagsskule 539. 1. 1958 Søndagsskule 541. 1. 1958 Søndagsskule 543. 1. 1958 Søndagsskule 545. 1. 1958 Søndagsskule 547. 1. 1958 Søndagsskule 549. 1. 1958 Søndagsskule 551. 1. 1958 Søndagsskule 553. 1. 1958 Søndagsskule 555. 1. 1958 Søndagsskule 557. 1. 1958 Søndagsskule 559. 1. 1958 Søndagsskule 561. 1. 1958 Søndagsskule 563. 1. 1958 Søndagsskule 565. 1. 1958 Søndagsskule 567. 1. 1958 Søndagsskule 569. 1. 1958 Søndagsskule 571. 1. 1958 Søndagsskule 573. 1. 1958 Søndagsskule 575. 1. 1958 Søndagsskule 577. 1. 1958 Søndagsskule 579. 1. 1958 Søndagsskule 581. 1. 1958 Søndagsskule 583. 1. 1958 Søndagsskule 585. 1. 1958 Søndagsskule 587. 1. 1958 Søndagsskule 589. 1. 1958 Søndagsskule 591. 1. 1958 Søndagsskule 593. 1. 1958 Søndagsskule 595. 1. 1958 Søndagsskule 597. 1. 1958 Søndagsskule 599. 1. 1958 Søndagsskule 601. 1. 1958 Søndagsskule 603. 1. 1958 Søndagsskule 605. 1. 1958 Søndagsskule 607. 1. 1958 Søndagsskule 609. 1. 1958 Søndagsskule 611. 1. 1958 Søndagsskule 613. 1. 1958 Søndagsskule 615. 1. 1958 Søndagsskule 617. 1. 1958 Søndagsskule 619. 1. 1958 Søndagsskule 621. 1. 1958 Søndagsskule 623. 1. 1958 Søndagsskule 625. 1. 1958 Søndagsskule 627. 1. 1958 Søndagsskule 629. 1. 1958 Søndagsskule 631. 1. 1958 Søndagsskule 633. 1. 1958 Søndagsskule 635. 1. 1958 Søndagsskule 637. 1. 1958 Søndagsskule 639. 1. 1958 Søndagsskule 641. 1. 1958 Søndagsskule 643. 1. 1958 Søndagsskule 645. 1. 1958 Søndagsskule 647. 1. 1958 Søndagsskule 649. 1. 1958 Søndagsskule 651. 1. 1958 Søndagsskule 653. 1. 1958 Søndagsskule 655. 1. 1958 Søndagsskule 657. 1. 1958 Søndagsskule 659. 1. 1958 Søndagsskule 661. 1. 1958 Søndagsskule 663. 1. 1958 Søndagsskule 665. 1. 1958 Søndagsskule 667. 1. 1958 Søndagsskule 669. 1. 1958 Søndagsskule 671. 1. 1958 Søndagsskule 673. 1. 1958 Søndagsskule 675. 1. 1958 Søndagsskule 677. 1. 1958 Søndagsskule 679. 1. 1958 Søndagsskule 681. 1. 1958 Søndagsskule 683. 1. 1958 Søndagsskule 685. 1. 1958 Søndagsskule 687. 1. 1958 Søndagsskule 689. 1. 1958 Søndagsskule 691. 1. 1958 Søndagsskule 693. 1. 1958 Søndagsskule 695. 1. 1958 Søndagsskule 697. 1. 1958 Søndagsskule 699. 1. 1958 Søndagsskule 701. 1. 1958 Søndagsskule 703. 1. 1958 Søndagsskule 705. 1. 1958 Søndagsskule 707. 1. 1958 Søndagsskule 709. 1. 1958 Søndagsskule 711. 1. 1958 Søndagsskule 713. 1. 1958 Søndagsskule 715. 1. 1958 Søndagsskule 717. 1. 1958 Søndagsskule 719. 1. 1958 Søndagsskule 721. 1. 1958 Søndagsskule 723. 1. 1958 Søndagsskule 725. 1. 1958 Søndagsskule 727. 1. 1958 Søndagsskule 729. 1. 1958 Søndagsskule 731. 1. 1958 Søndagsskule 733. 1. 1958 Søndagsskule 735. 1. 1958 Søndagsskule 737. 1. 1958 Søndagsskule 739. 1. 1958 Søndagsskule 741. 1. 1958 Søndagsskule 743. 1. 1958 Søndagsskule 745. 1. 1958 Søndagsskule 747. 1. 1958 Søndagsskule 749. 1. 1958 Søndagsskule 751. 1. 1958 Søndagsskule 753. 1. 1958 Søndagsskule 755. 1. 1958 Søndagsskule 757. 1. 1958 Søndagsskule 759. 1. 1958 Søndagsskule 761. 1. 1958 Søndagsskule 763. 1. 1958 Søndagsskule 765. 1. 1958 Søndagsskule 767. 1. 1958 Søndagsskule 769. 1. 1958 Søndagsskule 771. 1. 1958 Søndagsskule 773. 1. 1958 Søndagsskule 775. 1. 1958 Søndagsskule 777. 1. 1958 Søndagsskule 779. 1. 1958 Søndagsskule 781. 1. 1958 Søndagsskule 783. 1. 1958 Søndagsskule 785. 1. 1958 Søndagsskule 787. 1. 1958 Søndagsskule 789. 1. 1958 Søndagsskule 791. 1. 1958 Søndagsskule 793. 1. 1958 Søndagsskule 795. 1. 1958 Søndagsskule 797. 1. 1958 Søndagsskule 799. 1. 1958 Søndagsskule 801. 1. 1958 Søndagsskule 803. 1. 1958 Søndagsskule 805. 1. 1958 Søndagsskule 807. 1. 1958 Søndagsskule 809. 1. 1958 Søndagsskule 811. 1. 1958 Søndagsskule 813. 1. 1958 Søndagsskule 815. 1. 1958 Søndagsskule 817. 1. 1958 Søndagsskule 819. 1. 1958 Søndagsskule 821. 1. 1958 Søndagsskule 823. 1. 1958 Søndagsskule 825. 1. 1958 Søndagsskule 827. 1. 1958 Søndagsskule 829. 1. 1958 Søndagsskule 831. 1. 1958 Søndagsskule 833. 1. 1958 Søndagsskule 835. 1. 1958 Søndagsskule 837. 1. 1958 Søndagsskule 839. 1. 1958 Søndagsskule 841. 1. 1958 Søndagsskule 843. 1. 1958 Søndagsskule 845. 1. 1958 Søndagsskule 847. 1. 1958 Søndagsskule 849. 1. 1958 Søndagsskule 851. 1. 1958 Søndagsskule 853. 1. 1958 Søndagsskule 855. 1. 1958 Søndagsskule 857. 1. 1958 Søndagsskule 859. 1. 1958 Søndagsskule 861. 1. 1958 Søndagsskule 863. 1. 1958 Søndagsskule 865. 1. 1958 Søndagsskule 867. 1. 1958 Søndagsskule 869. 1. 1958 Søndagsskule 871. 1. 1958 Søndagsskule 873. 1. 1958 Søndagsskule 875. 1. 1958 Søndagsskule 877. 1. 1958 Søndagsskule 879. 1. 1958 Søndagsskule 881. 1. 1958 Søndagsskule 883. 1. 1958 Søndagsskule 885. 1. 1958 Søndagsskule 887. 1. 1958 Søndagsskule 889. 1. 1958 Søndagsskule 891. 1. 1958 Søndagsskule 893. 1. 1958 Søndagsskule 895. 1. 1958 Søndagsskule 897. 1. 1958 Søndagsskule 899. 1. 1958 Søndagsskule 901. 1. 1958 Søndagsskule 903. 1. 1958 Søndagsskule 905. 1. 1958 Søndagsskule 907. 1. 1958 Søndagsskule 909. 1. 1958 Søndagsskule 911. 1. 1958 Søndagsskule 913. 1. 1958 Søndagsskule 915. 1. 1958 Søndagsskule 917. 1. 1958 Søndagsskule 919. 1. 1958 Søndagsskule 921. 1. 1958 Søndagsskule 923. 1. 1958 Søndagsskule 925. 1. 1958 Søndagsskule 927. 1. 1958 Søndagsskule 929. 1. 1958 Søndagsskule 931. 1. 1958 Søndagsskule 933. 1. 1958 Søndagsskule 935. 1. 1958 Søndagsskule 937. 1. 1958 Søndagsskule 939. 1. 1958 Søndagsskule 941. 1. 1958 Søndagsskule 943. 1. 1958 Søndagsskule 945. 1. 1958 Søndagsskule 947. 1. 1958 Søndagsskule 949. 1. 1958 Søndagsskule 951. 1. 1958 Søndagsskule 953. 1. 1958 Søndagsskule 955. 1. 1958 Søndagsskule 957. 1. 1958 Søndagsskule 959. 1. 1958 Søndagsskule 961. 1. 1958 Søndagsskule 963. 1. 1958 Søndagsskule 965. 1. 1958 Søndagsskule 967. 1. 1958 Søndagsskule 969. 1. 1958 Søndagsskule 971. 1. 1958 Søndagsskule 973. 1. 1958 Søndagsskule 975. 1. 1958 Søndagsskule 977. 1. 1958 Søndagsskule 979. 1. 1958 Søndagsskule 981. 1. 1958 Søndagsskule 983. 1. 1958 Søndagsskule 985. 1. 1958 Søndagsskule 987. 1. 1958 Søndagsskule 989. 1. 1958 Søndagsskule 991. 1. 1958 Søndagsskule 993. 1. 1958 Søndagsskule 995. 1. 1958 Søndagsskule 997. 1. 1958 Søndagsskule 999. 1. 1958 Søndagsskule 1001. 1. 1958 Søndagsskule 1003. 1. 1958 Søndagsskule 1005. 1. 1958 Søndagsskule 1007. 1. 1958 Søndagsskule 1009. 1. 1958 Søndagsskule 1011. 1. 1958 Søndagsskule 1013. 1. 1958 Søndagsskule 1015. 1. 1958 Søndagsskule 1017. 1. 1958 Søndagsskule 1019. 1. 1958 Søndagsskule 1021. 1. 1958 Søndagsskule 1023. 1. 1958 Søndagsskule 1025. 1. 1958 Søndagsskule 1027. 1. 1958 Søndagsskule 1029. 1. 1958 Søndagsskule 1031. 1. 1958 Søndagsskule 1033. 1. 1958 Søndagsskule 1035. 1. 1958 Søndagsskule 1037. 1. 1958 Søndagsskule 1039. 1. 1958 Søndagsskule 1041. 1. 1958 Søndagsskule 1043. 1. 1958 Søndagsskule 1045. 1. 1958 Søndagsskule 1047. 1. 1958 Søndagsskule 1049. 1. 1958 Søndagsskule 1051. 1. 1958 Søndagsskule 1053. 1. 1958 Søndagsskule 1055. 1. 1958 Søndagsskule 1057. 1. 1958 Søndagsskule 1059. 1. 1958 Søndagsskule 1061. 1. 1958 Søndagsskule 1063. 1. 1958 Søndagsskule 1065. 1. 1958 Søndagsskule 1067. 1. 1958 Søndagsskule 1069. 1. 1958 Søndagsskule 1071. 1. 1958 Søndagsskule 1073. 1. 1958 Søndagsskule 1075. 1.



Marit Bratli,
(f. 1963) frå Sykkylven.
Har lektorutdanning og er spesi-
alpedagog på Aure skule.
Aktiv i det frivillege musikklivet.



Liv Marie Lillevik
(f. 1966) frå Sandnes, men
busett i Sykkylven sidan 1991.
Lærar på Sykkylven
ungdomsskule.
Aktiv i det frivillege musikklivet
og trivst godt ute på tur.

100 år med korps i Sykkylven

I 2021 er det hundre år sidan oppstarten av Sykkylven Janitsjarorkester.

Av Marit Bratli og Liv Marie Lillevik

Korpset vart stifta i 1921 av motiverte og engasjerte ungdommar. Mange hadde då hatt lyst til å starte opp eit musikklag slik at ein kunne ha musikk på 17.mai og ved andre festlege tilstellingar. Men det var vanskeleg å finne nokon som kunne setje tanken ut i livet. Ingen i bygda var særleg notekyndige og blåseinstrument var også noko nytt.

Carl Tandstad vart ein sterk ressurs i oppstartinga av korpset då han busette seg i Sykkylven. Han hadde vore kor- og orkesterleiar, og han hadde med seg erfaringar frå Amerika. Ungdommane meinte at han var den rette til å starte opp eit korps, og etter fleire år med tankar og planlegging starta dei med øvingar i 1921. I det musikalske arbeidet var det også ei god støtte at Karl Eidem var komen heim frå blindeskulen der han hadde lært seg å spele kornett, og han var til god hjelp når dirigenten skulle instruere nye stemmer til musikantane. Etter framlegg frå Henrik Straumsheim fekk laget namnet «Lurlåt». Carl Tandstad var fast dirigent frå skipinga og fram til han døydde i 1938.

I jubileumsskriftet frå då laget fylte 30 år kan ein lese: «Det er ikkje tvil om at «Lurlåt» ofte har vore til glede for bygda og folket som bur her. Det er ei kulturoppgåve i Sykkylven å halde oppe musikk- og songlivet». Gjennom alle dei hundre åra har korpset vore aktivt med eigne konsertar og eit trufast innslag når bygda har hatt bruk for musikk.

Historia til korpset viser også at det har vore tunge periodar med få musikantar. I års-



Det første biletet av «Lurlåt» teke på ein tur til Langeneset i 1925.
Frå venstre: Lars Hjellegjerde, Karl Ramstad, Olav O. Vik, Petter Bøen(bak), Birger Aure, Karl Eidem (bak), Lars Aure, Sverre Eidem, Sverre Brudevoll, Tomas Tynes, Martinus Kjemphol, Lars B. Wik, Hermann Grebstad, Anton Roald, Ole Hjellegjerde, Lars Myhre. Fremst står: Carl Tandstad.
Foto: P.P. Lyshol.



meldinga for 1957-58 er det referert til diskusjon i høve til om laget skulle leggjast ned. Men pågangsmotet var heldigvis stort, og fleire av dei dåverande musikantane tok på seg dirigent og instruksjonsoppgåver slik at drifta vart vidareført. Då Carl C. Tandstad kom tilbake til bygda, vart han engasjert som dirigent. Han har tilført både entusiasme og engasjement i fleire periodar knytt til den musikalske utviklinga av korpset.

I tillegg til lokale speleoppdrag har korpset dei siste 30 åra delteke på mange NM for janitsjarkorps. I 2006 endra korpset namn til Sykkylven Janitsjarorkester. Musikantane som er med i dag, er stolte av at vi kan vere med på å plassere Sykkylven på det musikalske norgeskartet. I jubileumsåret er orkesteret ein ungdommeleg hundreåring med stor tru på framtida.

Innflyttar og ny i Sykkylven

Liv Marie Lillevik kom til Sykkylven i 1991. Ho er oppvaksen i Sandnes og studerte i Bergen, der ho også møtte sykkylvingen Hallstein Lillevik. Jobbtilbod gjorde at dei flytta til Sykkylven. Liv Marie hadde spelt i korps tidlegare, men kjende ingen som heldt på med det her i bygda. Som tilflyttar og i ny jobb var det nok å halde på med, men ho følte også at det var noko som mangla.

Liv Marie har heile tida opplevd at det bur mange hyggelege og trivelege folk i bygda. Likevel kjenner ho på at det tek det tid, av og til for lang tid, å bli kjend med dei som bur her. Det var mange som sa «hei» og inviterte til deltaking i det offentlege rom, men det var få som opna heimane sine. Noko som ikkje er spesielt for berre vår bygd.

Gjennom jobben fekk Liv Marie ein god kollega gjennom Anne Rita Frøystad. Det viste seg at dei to hadde felles interesser, og dei kom ofte i snakk om korps. Dette gjorde sitt til at Liv Marie fekk lyst til å ta opp att spelninga. I januar 1994 var ho på den første korpsøvinga her i Sykkylven. Ho hadde tidlegare spelt euphonium, men i korpset var det mest bruk for fleire musikantar på kornett. Ho kjende seg svært velkomen, og starta med friskt mot prosessen med å øve seg opp på eit nytt instrument. I korpset var det medlemmer

Sykkylven Janitsjarorkester
2021: 1.rekke frå vens-
tre: Femke Spoelstra, Hilde
Bratli, Anne Rita Frøystad,
Gro A. Hatlemark, Jan Pet-
ter Frostad, Nina E. Nyborg
Skotheim, Bente Brunstad,
Emilie Harstad, Torunn
Grebstad.
2.rekke: Helene Velle
Ødegård, Iris Røw, Gunhild
Mortensen, Ingrid Hatlemark,
Marit Bratli, Torå Overvoll,
Ane Victoria Gjævenes,
Mari Talberg Longva, Guro
Øvstedal Liaskar, Ingrid
Øvstedal Vik, Torill Øvstedal.
3.rekke: Skjold Lyshol, Oline
Strømmegjerde, Liv Marie
Lillevik, Magnus Mortensen,
Ivar Flo, Knut Jarle Vik,
Kjell Stave, Halstein Kurseth,
Even Riksheim.
4.rekke: Odd Martin Rik-
sheim, Benjamin Rekdal, Jan
Strømmegjerde, Bjørn Lade,
Eirik Lade, Per Vemøy, Kjetil
Hole, Hans-Ingar Aandahl,
Torbjørn Aasen, Terje
Riksheim.
Foto: P.P. Lyshol.



Liv Marie Lillevik.

av begge kjønn og i alle aldrar, og ho opplevde at det ikkje var vanskeleg å finne nokon ein hadde mykje felles med i tillegg til musikken. Etter kvart som ho opplevde musikalsk meistring på kornetten, steig også kjensla av fellesskap og samhald gjennom det å kunne skape musikalske opplevingar saman med andre. Liv Marie opplevde at korpset hadde noko å by på både musikalsk og sosialt.

I ei ny bygd var det også nye skikkar som måtte lærast. Ein av desse var å rulle tombola-lappar. Frå det tidlegare heimemiljøet i Sandnes var Liv Marie opplært til at tombolalappar skulle brettast og stiftast. Slik var det ikkje her i Sykkylven. No var det pinne nummer 2,5, jamt rulla og med to knekkar. Sidan strikkepinnar den gongen ikkje var ein del av innbuet hennar, fekk ho låne rett pinne av andre i korpset. Ho vart også invitert til felles rullekvel-dar heime hos andre medlemmer. Med enkel servering, der det ofte var spleis på ost og kjeks, vart dette til svært hyggelege kveldar. Rullinga av lodd vart til ein «bli endå betre kjend kveld» som gav innpass i eit miljø som var inkluderande og positivt. Slik fekk ho også nye venner gjennom ein felles hobby.

Etter kvart fekk Liv Marie og Hallstein tre born. Det vart ei tid då oppgåvene på heimebane måtte prioriterast og korpshobbyen vart sett på vent. Men kontakta med miljøet og dei nye vennane var der heile tida. No i jubileumssesongen kan Liv Marie sjå tilbake på om lag 15 år utan pause i spelinga i Sykkylven Janitsjarorkester. Det å få kome på øving og å få kunne ta vare på seg sjølv i godt selskap gjennom dei musiske og sosiale aktivitetane har vore verdifullt. Ein kan gjerne vere trøyt, sliten og ha dårlege dagar, men det å kome seg på øving er meir som ein balsam for sjela. Sette seg ned og få påfyll, fagleg og ikkje minst sosialt. Vere ein del av eit samspel, og kutte ut alt anna enn musikken der og då. Ho meiner at det må opplevast for at ein skal kunne skjønne kva slike opplevingar kan gi av positive impulsar.

Dei positive opplevingane Liv Marie hadde då ho starta i korpset, har gjort sitt til at ho sjølv også ønskjer å vere open og inkluderande når det kjem nye musikantar i rekkjene. Liv Marie ser gjerne at fleire som gjerne vil bli ein del av eit felles miljø kan bli med som musikantar i korpset. Om det er lenge sidan ein har spelt, går det nok greitt å øve seg opp att. Ho er sjølv eit godt eksempel på at ein både kan friske opp att det ein har meistra før og at ein kan lære seg å spele nye instrument. Om nokon kjenner på lysta til å spele, håper ho dei tek kontakt.

Den første jenta i korpset

Lindis Hatlemark Utgård var den første jenta som fekk vere med og spele i Musikklaget «Lurlåt». Ho seier at dette var både ei stor oppleving og ei stor ære, og at dette har vore med på å gi henne musikalske verdiar som har forma livet hennar opp gjennom åra. Når ho ser tilbake på åra som har gått, minnst ho godt då faren, Olav T. Hatlemark, spurde om ho ville vere med og slå på stortromma i Musikklaget «Lurlåt». Carl C. Tandstad var dirigent, og han hadde spurt om det var mogleg at Lindis kunne vere med. Lindis seier at ho vart kjempeglad, og ho opplevde at ho var svært heldig som skulle få vere med og slå takta saman med dei vaksne. Den gongen var det berre vaksne karar i korpset, så dette vart noko som var både nytt og spennande. Korpserfaring hadde ho sjølv med seg som klarinettist i Aure skulekorps

For Lindis er det også gode minne når ho tenkjer tilbake på dei gongane ho var med og spelte på 17.mai. Det vart starta klokka sju om morgonen etter at Kåre Overå hadde fyrt av salutten. Tonane frå «Ja, vi elsker», saman med sola som stod opp, har gitt høgtids-stunder som aldri vil bli gløymde. Det var også fast tradisjon med frukost til musikantane i korpset på Roald-kafeen der Astrid Roald diska opp med dei vakraste smørbrød. Seinare på dag var det tog og andre speleoppdrag der Lindis sjølv tok ansvaret for både å spele på og å bere stortromma. Karane ville gjerne hjelpe til, men ho insisterte på at dette skulle ho greie sjølv.



Lindis med stortromma til Lurlåt. Foto: P.P. Lyshol.

Ei av dei siste musikalske korpsopplevingane som Lindis hadde saman med far sin var då Sykkylven Janitsjar-orkester spelte på Buas i oktober 2008. Ein av musikan-tane, Skjold Lyshol, kom bort og spurde: «Olav, har du lyst til å spele saman med oss?» Olav hadde alltid hatt stor glede av klarinetten sin, og han spelte framleis. Denne dagen var det ei fryd for alle som var til stades å sjå at den 91 år gamle faren til Lindis spelte saman med korpsmusi-kantane.

To månader etter denne hendinga døydde Olav T. Hatlemark. For Lindis og familien var det då naturleg at det skulle vere korpstonar i gravferda, og «Deilig er jorden» vart framført av Sykkylven Janitsjarorkester.

I tillegg til at korpset har betydd mykje for den nære famili-en til Lindis, seier ho også at korpset har hatt ei viktig rolle i høve til mange lange og gode tradisjonar for musikk-livet i bygda. Ho seier at ho er takksam for den glæda som engasjerte musikantar framleis er med og skaper.

Ei historie om glede

Oddny Bergmann har alltid vore glad i song og musikk. Sjølv har ho vore aktiv korsongar, men ho seier at ho er glad for at ho vart gift med ein trompetist. Gjennom ektemannen, Eldar Bergmann, kom ho inn i eit musikkmiljø der ho også vart kjend med mange kjekke musikantar, ektefellar og familiar. I dette miljøet fekk ho mange gode venner som har gitt livslange vennskap.

For over 50 år sidan var det lite damer i korpset, så når det trongst kvinnehjelp ved konsertar og andre arrangement, var det konene til musikantane som stilte opp. Og det gjorde dei gjerne. Det vart etter kvart teke initiativ til å starte ei damegruppe i litt fastare former, og dei hadde det første møtet sitt i februar 1970. Det vart valt formann, skrivar og kasserar, og namnet vart Lurlåts Damegruppe. Den første tida var det meir enn tjue damer som møtte til månadlege møte i gamle Sparebanken eller Sunnmørsbanken. Damene strikka, hekla, sydde og broderte. Dei starta litt i det små, og etter kvart arrangerte dei sin første basar. Det gjekk fint, folk i bygda møtte opp og kjøpte årar i fleng. Basaren vart ein årleg tradisjon der alle i korpset var med og leverte gevinstar. Inntektene gjekk med til å kjøpe nye instrument, og mange var imponerte over at musikantane i Sykkylven hadde dyre spesialinstrument som paukar og røyrløkler.



Frå v. Liv Marie Lillevik, Skjold Lyshol, Nina E Nyborg Skotheim (på waldhorn), Torbjørn Aasen og Knut Vik.



Damegruppa: Bakerste rekke f.v. Sissel Hatlemark, Kirsti Lyshol, Ragnhild Vike, Kjellaug Kaspersen, Kjellaug Oterhals, Inger Brekke og Kari Bergstrøm. Framme frå venstre, Solbjørg Straumsheim, Eva Søvik og Oddny Bergmann.

Eldar og Oddny fekk to gutar, Bjørn fødd i 1968 og Rune fødd i 1976. Dei spelte trompet slik som faren, og dei var begge med i Aure skulekorps. Oddny fortel at dei var flinke til å øve heime, og at det vart hennar oppgåve å leggje til rette for øving. Der var alltid minst eitt notestativ som stod midt på golvet i stova, notar i meir eller mindre system på borda vart tolererte og opne trompetkoffertar var ein del av møblementet. I stova i heimen på Vik hadde dei eit stort, lyst og lett øvingslokale med flott utsikt over fjorden. Medan Oddny styra med sitt, likte ho godt å høyre på når dei øvde. Ho oppmuntra når det butta imot, og roste når dei fekk det til. Gutane var begge med i vaksenkorpsset saman med faren til dei reiste ut av bygda for å gjennomføre musikkstudiar.

I samtale med Oddny opplever ein at korpsset og korpsmiljøet har vore meir enn berre ein hobby for karane i familien som spelte trompet. Her har heile familien vore

både involverte og engasjerte. Ho seier også at det vart stort for henne og Eldar at det var korpsmusikk i bryllaupet deira 4. august 1962.

Etter at Oddny og Eldar vart pensjonistar flytta dei frå Sykkylven. Banda til musikkmiljøet har likevel vore sterke, og dei har hatt god kontakt med venner frå musikkmiljøet. Då Eldar vart sjuk og døydde i 2020, var det eit ønske at det skulle vere korpsmusikk i gravferda. Det at Sykkylven Janitsjarorkester kunne vere med denne dagen ved Stordal kyrkje vil alltid stå att som eit sterk og kjærnt minne for Oddny. Gjennom musikken ber ho med seg mange gode minne og gleder knytt til livslange vennskap og musikalsk samhald i meir enn 58 år.

I jubileumsåret er det Jan Petter Frostad som er korpsset sin faste dirigent. Han har no starta på sin sjuande sesong der han pendlar til Sykkylven frå Tomrefjord kvar tysdag for å kome på øving. I tillegg til dei faste turane til øvingane, blir det også ein del reising i samband med konsertar og seminar. Til saman har han køyrt godt og vel så langt som jorda rundt langs ekvator for å kunne gjennomføre dirigentjobben i korpsset.

Når vi spør kva det er som motiverer han til å stå på veke etter veke og år etter år, seier han at dei jamne møta med ein gjeng entusiastiske musikantar i alderen 15 til 86 år er ein sterk motivasjon. Han seier også at i ei tid med mykje kjas, mas og stressfaktorar i kvarda-

gen, er det godt for mange å kunne samlast i eit fellesskap som kan by på noko anna, ein sosial arena der fokuset er å skape noko spesielt. For korpsset sin del vil dette seie akustisk musikk av høg kvalitet saman med likesinna. Denne motivasjonen har tydeleg vore sterk nok til at Sykkylven Janitsjarorkester no rundar sine første 100 år. Jan Petter seier at han kjenner seg privilegert som får lov til å vere musikalsk leiar for denne livskraftige 100-åringen, og at kommunen og regionen har all grunn til å vere stolte av orkesteret.

Styret i jubileumsåret 2021. Namn: 1. rekke frå venstre: Bente Brunstad, Marit Bratli (leiar), Nina Nyborg Skotheim, Gunhild Mortensen. 2. rekke frå venstre: Odd Martin Riksheim, Jan Petter Frostad (dirigent), Jan Strømmegjerde. Foto: P.P. Lyshol.



Desse har vore med å støtte utgjevinga av

Årbok for Sykkylven 2021

Sparebanken Møre Coop Mega Sykkylven

SandellaFabrikken AS

Brunstad AS

Amatec AS

Sykkylven Gjensidige Trygdslag

Advokat Kjetil Kvammen

Formfin Møbler AS

SapDesign

Handelsservice AS

Fishtech Hygena AS

Ekornes ASA

Nyborg AS

Nordea

B. S. Aure AS

Spar Sykkylven

Møre Trafo AS

Sykkylven Energi



Flygesand og fjell i eit ørkenområde nær Sahara sørvest i Libya. Foto: Luca Galazzi Creative Commons.

Eit tiårsminne

"I 2011 sendte NATO flystyrker til Libya etter at FN's sikkerhetsråd fordømte regimets gjentatte brudd på menneskerettighetene. Blant flystyrkene som ble sendt dit, var det flere norske F16-fly. I løpet av våren og sommeren 2011 slapp norske kampfly 588 bomber i Libya. Dette var en tiendedel av den samlede NATO-innsatsen. «Et omfang som savner sidestykke i norsk historie», heter det i en rapport..."

Pris kr. 150

VIPPS Sykkylven Sogenemnd
582638



ISBN 978-82-92269-29-9

Nei, vi bomba ikkje Libya!

Det var det NATO som gjorde!

Vi lånte berre ut nokre få, gamle bombefly til gode venner!

Vennane våre hjalp oss mot tyskarane for 80 år sidan!

Vi kunne vel ikkje vite kva NATO ville bruke bombefly til?

Dessutan: Gaddafi ¹ hadde sikkert brote menneskerettane, sleiping som han var!

Fleire gonger.

Vi veit som sikkert at NATO var i god tru.

NATO starta jamvel den arabiske våren!

Å sleppe bomber i ørkenen er ein fin måte å bli kvitt bomber på. Nedrustning faktisk.

Dessutan er det ikkje berre-berre å lage våpen, slik vi gjer det på Kongsberg.

Produkta bør testast under realistiske tilhøve.

Landsbyane i Libya låg så meir enn lagleg till!

Ali på tre år vart drepen langsamt i senga si.

Mohammad på åtte på skuleveg miste begge beina og høgre handa.

Aiira på elleve miste synet og hørselen for resten av livet.

Det var ikkje vår feil!

Det er på tide å gløyme dette no, ti år i ettertid!

Det er trass alt våpenindustrien vår mange skal leve av.

Roald Solheim

1) Muammar Muhammad Abu Minyar al-Gaddafi (c. 1942 – 20 October 2011), commonly known as Colonel Gaddafi, was a Libyan revolutionary, politician and political theorist. He governed Libya as Revolutionary Chairman of the Libyan Arab Republic from 1969 to 1977 and then as the "Brotherly Leader" of the Great Socialist People's Libyan Arab Jamahiriya from 1977 to 2011. (Wikipedia)

Oktober
Mandag Tirsdag

4 5
11 12
18 19